



Sjå Jæren

JÆRMUSEET

ÅRBOK FOR JÆRMUSEET

2017



Sjå Jæren

Årbok for Jærmuseet 2017

JÆRMUSEET 2017
ISSN 0802-6378
ISBN NR 978 – 82-90929-45-4

Sjå Jæren: Årbok for Jærmuseet 2017
29. årgang

Redaksjon: Inger Smidt Olsen, Berit Bass, Per Inge Bøe, Målfrid Grimstvedt, Ørjan Zazzera Johansen, Målfrid Snørteland.
Design: Unniform
Grafisk produksjon: Gunnarshaug Trykkeri AS, Stavanger

Framsida: Show med Science Circus. Ivar Nakken med munnen full av frostrøyk. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.
Illustrasjon til barneboka "Småsporven" teikna av Inger Lise Belsvik.
Hulda Garborg i Golsbunad. Foto: Eivind Enger, Nasjonalbiblioteket .
Eirik Aarebrot i arbeid på Haugalandmuseene. Foto: Jeanne Dalbu, Haugalandmuseene.
Baksida: Del av «Kombi» hylleseksjon, produsert av Lundens Møbel og Trevarefabrikk ca 1950-60. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.
Detalj av fiskestang laga av Garman Hølen. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

Innhold:

- 04 Forord
- 06 Landet rundt med fiselyd og flammekastar
ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN
- 44 Størst på småmøbler
PER INGE BØE
- 78 En nydyrkers livsgjerning
IVAR HOGNESTAD
- 88 Småsporven og heimstad-illustratøren
INGER LISE BELSVIK
- 98 Bunadsjenter og dressgutar
JØRUNN ØSLAND
- 110 Et felles løft for framtiden
JEANNE DALBU
- 126 Garman og splitcanestengene
KNUT G. AUSTAD
- 152 Historia om utedoet
HANS TORGRY INDREBØ
- 165 Forfattaromtalar
- 166 Annonsar

Forord

Ein stor del av årets Sjå Jæren er skriven av våre eigne museumsarbeidarar. Heile fem av åtte artiklar er ført i pennen av Jærmuseet sine tilsette, ein sjette handlar om bilde som er utstilt hos oss. Likevel trur me det er blitt ei variert bok. Ho handlar ikkje om Jærmuseet som sådan, men behandlar tema me naturleg nok kjem borti i arbeidet vårt. Sidan starten i 1985 er Jærmuseet blitt ei stor bedrift, og i museumssektoren er det plass til mange slags menneske med mang slags kompetanse, noko som kan opna opp for nye og uventa perspektiv. Både dei som jobbar med å dokumentera og dei som skal formidla, bidrar til dette. Nye tema blir behandla og nye utstillingar kjem til. Her skal du få innsikt i nokre av desse, fortalt av menneske som har jobba med dei over tid. To spennande artiklar skrivne av folk utan direkte tilknytning til museet og utstillningane våre er det også blitt plass til.

I 1995 kom Noregs første omreisande vitensenter

til, og sidan 2002 har Science Circus vore engasjert av Jærmuseet. Pionéren Ivar Reed Nakken har gått av med pensjon, men klarer framleis ikkje å halda seg unna realfagsformidling. I «Landet rundt med fiselyd og flammekastar» fortel Ørjan Zazzera Johansen historia om Science Circus – i praksis forteljinga om Ivar.

Per Inge Bøe er historikar og har vore prosjektleiar for møbelutstillinga på Vitenfabrikken. I artikkelen «Størst på småmøbler» ser han på Sandnes sin møbelproduksjon. Me får følga byens møbelindustri gjennom meir enn hundre år, med over 70 lokale møbelprodusentar. Her er sterke foregangsmenn, dyktige handverkarar og eit heilt miljø som gjer byen til eit kjerneområde innan møblar og trevare.

Ivar Hognestad er den eine av forfattarane utan tilknytning til Jærmuseet. Han formidlar den imponerende historia om to av Jærens sanne slitarar, nyriddaren Ole Jakobsen Indrebø og kona Rakel Marie, som første

gong stod på trykk i Stavanger Aftenblad 3. juni 1919.

Inger Lise Belsvik er ein frilans illustratør som har fått bilde ho laga til barneboka «Småsporven» utstilt på Garborgsenteret. I «Småsporven og heimstad-illustratøren» fortel ho om arbeidet sitt og kva som ligg bak både boka, bilde og utstillinga.

Jorunn Osland er nordist og ansvarleg for formidlinga av folkekultur på Garborgsenteret. Ho har skrive om bunadutstillinga «Habitt/profitt» og folkedraktenes vekslende popularitet. I «Bunadsjenter og dressgutar» får me eit innblikk i bunadens historie – frå Hulda Garborg fremma han som symbol på norskdom i begynnelsen av førre hundreåret til den populariteten han har blant dagens konfirmantar.

Jeanne Dalbu er museolog og leiar for samlings-team Rogaland, administrert som ein del av Jærmuseet. I «Et felles løft for framtiden» gir ho eit innblikk i teamets arbeid med gjenstandsregistrering ved alle

regionmusea i fylket – og kva dette betyr for musé med lite lagringsplass og dårlege oppbevaringsforhold.

Knut G. Austad er også historikar, og han har interessert seg for dei handlagde fiskestengene til Garman og Magnhild Holen på Kvåle i Time. Artikkelforfattaren, ein ivrig fiskar sjølv, la merke til det gode og unike produktet Garman og Magnhild hadde utvikla. Han dokumenterte arbeidet ved intervju og video så tidleg som i 2000, men det er først no at materialet blir presentert for publikum i «Garman og splitcanestengene».

Hans Torgny Indrebø er den andre forfattaren utan tilknytning til Jærmuseet. Han har tatt for seg eit tema som ikkje har fått mykje merksemd i litteraturen, og gir oss eit artig innblikk i utedoets historie.

Me håpar innhaldet fell i smak. God lesing!



LANDET RUNDT MED FISELYD OG FLAMMEKASTAR

Historia om Science Circus, Noregs første omreisande vitensenter

ØRJAN ZAZZERA JOHANSEN

Science Circus oppstod i 1995 og har sidan 2002 vore engasjert av Jærmuseet. Sidan oppstarten har dei drive realfagsformidling for ein kvart million skuleelevar og optrådt på festivalar og eventar i mange land. Science Circus har både vore ein viktig påverknadsfaktor og ein del av den vitensenterrevolusjonen som begynte i Noreg på nittitalet og som framleis pågår. I dag har Science Circus ein aktiv pensjonist, Ivar Reed Nakken, som har vore sentral sidan oppstarten. Me utfordra han til å finna fram historia og historiene og gav Ørjan Zazzera Johansen oppgåva med å føra dei i pennen. Det har blitt ei spennande historie om samtid og fortid.

Ein glinsande, kvit varebil med tilhengar, og med «Jærmuseet» skrive over heile sida, svingar roleg inn i skulegarden. I førarhuset sit to avslappa menn og smiler. Eit gjennomsiiktig skydekke lét vårsola varma dei nasjonalromantiske fjellknausane kring Bogafjell skole. Det er morgon, første time har nett begynt, og ein liten gut spring frå eit bygg til eit anna. Han kastar lange blikk på den innbydande fotballbanen, ein kvit grusbane i nesten full storleik og med store mål. Frå tverrleggaren heng eit tungt nett av typen som lagar nettsus dersom du skyt ballen hardt opp i krysset.

Mellom bilen og banen ligg ein parkeringsplass, men Jærmuseets menn har ingen planar om å stoppa der. Dei rullar langsamt igjennom han og heilt fram til hovudbygget. Sidemannen hoppar ut medan bilen ennå

er i rørsle. Det er Magne, eg kjenner han. Me nikkar og smiler, han veit kvifor eg er her; deretter forsvinn han inn til skuleadministrasjonen. Straks etter kjem han ut igjen, og nå dirigerer han sjåføren til å snu bilen og rygga mot ei open dobbeltdør berre fem meter unna. Bakarste parten av hengaren blir praktisk talt ståande inne i skulen. Ut frå sjåførsida kjem så ein noko eldre mann, kvit i det vesle håret han har, og tilsynelatande noko langsamare i rørslene enn Magne. Det ser ut som han går søndagstur, men før eg får snudd meg har han klove inn i hengaren og trilla med seg ei diger kasse. Han har allereie gått gjennom ein gang og inn i eit tomt auditorium. Eg hastar etter, men idet eg kjem inn i auditoriet er han på veg ut igjen.

Det er Ivar, dette, og det er han som som er helten i



Ivar Reed Nakken og Magne Hognestad på Bogafjell skole 3. mai 2017. Foto: Ørjan Zazzera Johansen, Jærmuseet.

denne forteljinga. Å fortelja historia om Science Circus er som å fortelja historia om Ivar Reed Nakken.

Han, som denne dagen på Bogafjell manglar fire veker på å bli syttito år, er norske vitensenters grand old man. I 1996 begynte han i Teknoteket Science Circus, Noregs første mobile vitensenter, og har sidan halde det gåande. I tjuuein år har han vore formidlar og leiar. Pensjonist er han blitt, men av den typen som lar seg leiga inn etter behov. Og behov er det nesten alltid – lukkelegvis – for å nyta sitt otium er for Ivar identisk med å formidla realfag til barn og ungdommar.

Idet eg snur meg etter han, må eg flytta meg til sides. Magne kjem trillande med ei ny kasse og ropar «tut-tut». Så før eg får sjansen til å gå etter Ivar, har han òg henta ei ny kasse, og då eg løftar kameraet for å ta eit bilde av dei to, er det ikkje lenger nokon der. Begge er tilbake i hengaren for å henta fleire kassar. Det er ein augneblink som fint kan skildra arbeidsoppgåvene, og eg ropar at dei skal stå der dei står.

Dei gjer som eg seier, men for første gong smiler dei ikkje. Desse to karane som verka så lukkelege over å vera på jobb, sluttar å smila straks eg rettar kameraet imot dei. At eg fomlar litt med å stilla kameraet etter lyset, tolkar dei som fritt leide og buldrar glade forbi meg med kvar si kasse på fire hjul.

Men eg gjev meg ikkje. «Stå der då!» ropar eg, denne gongen med kameraet klart. «Sjå på meg!»

Dei glor olmt på meg. Og då eg igjen må stilla på kameraet, lyset er jo annleis i gangen enn det var i hengaren, gjev dei beng i både meg og det trugande kameraet mitt og stormar av gårde etter fleire kassar.


For første gong er det nokon som seier noko.

Det er Magne som snakkar. Han seier: «Eg tar utstillinga, du tar showet.»

Først trur eg det er ein kommando, og Magne er jo den nye avdelingsleiaren etter at Ivar pensjonerte seg, men Ivar er Ivar, og i Science Circus er det gjevare å vera Ivar enn avdelingsleiar. Og då eg ser på Magne skjønar eg at det ikkje var ein kommando likevel, han har sagt det til seg sjølv. Han har hovudet nede i ei kasse, snakkar mest til seg sjølv, kanskje er det spennande akustikk der. Arbeidsdelinga må dei uansett ha hatt mange gonger, kanskje hundrevis av gonger, så dei treng ikkje å snakka, dei kommuniserer ikkje på ein måte som er synleg for meg, og ikkje sveittar dei heller. Det går rasande fort i eit merkeleg rusletempo, og alt ser ut til å koma på sin rette plass, sjølv om Bogafjell er ein ny skule for dei.

Ivar har allereie trilla ut alt han treng til showet og har begynt å opna kassane. Eg spring etter og ser kva han har, morer meg ørlite då eg ser ei eske med ein teikning av ein gal professor, for det er akkurat den forestillinga eg har av Ivar. Det er slik eg ser føre meg ein realfagsfagsformidlar: ein hyggeleg, gal professor med kvitt hår. Og Ivar er både hyggeleg og har kvitt hår. Litt gal er han òg, og det er såvisst noko professoralt over rørslene hans.

Det har ikkje alltid vore mogleg å rigga utstillinga på denne måten, men før me kjem til nittitalet og trailerar og campingvogner, skal me heilt tilbake til åttitalet og ta det frå begynnelsen. Science Circus' historie begynner nemleg ti år før Ivar møtte på jobbintervju i



Dag Hagenæs-Kjelldahl. Foto: i privat eige.

ein konteinar. Og me skal ikkje berre til fortida heller, me skal vekk òg, for Science Circus sine røtter har ikkje med Jærmuseet å gjera, dei har ikkje ein gong noko med Jæren å gjera.

Science Circus blei fødd i Oslo. Mora heitte Teknoteket og budde på Teknisk museum. Skaparen var

lærer Dag Hagenæs-Kjelldahl.

Men denne læraren var ikkje ein vanleg lærar. Han hadde bakgrunn som flygar i Vestindia, slangetemmar i Amerika, sjømann på Atlanterhavet og radiosendeoperatør på Bjørnøya. I 1983 arbeidde han dog som lærar ved Tåsen barne- og ungdomsskole. Der opp-



Otto Øgrim og Helmut Ormestad. Foto: i privat eige.

daga han at det kunne vera vanskeleg å tingleggjere undervisinga og gjere henne interessant for elevane. På denne tida fanst det ingen vitensenter i Noreg, ikkje ein gong idear om det; men då debatten om kva ein skulle gjere med det nedlagte Vestbanebygget i Oslo skaut fart dette året, viste Kjell Dahl stor fantasi og innsikt, og han blottla litt av eit gründerhjärte. Han foreslo ein kjempemodell av Noreg, med skikkeleg topografi og innlagt modelljernbane. Dette skulle koma Oslo sine skuleelevar til gode, som ein stad å tileigna seg kunnskap om mekanikk og fysikk. Mellom hans andre forslag var basseng med dykkarklokke, planetarium, ein interaktiv modell av fyra i Oslofjorden og ein modell av Ekofisk med gassbluss. Han såg også føre seg at bygget kunne brukast til by- og kulturleirskule for elevar frå andre kantar av landet.

Etter tre år med ulike idear og utstrakt korre-

spondanse med offentlege institusjonar, skuleverket og næringslivet, fokuserte Kjell Dahl meir på eit vitensenter av den typen som vitensentras far, Frank Oppenheimer, hadde grunnlagt i USA. Han tok kontakt med initiativtakarane bak det som skulle bli Tekniska Museet i Stockholm. Der fekk han oppleve Nordens første hands-on-utstilling.

I 1985 grunnla han stiftelsen Teknoteket (namnet overtok han etter forprosjektet til Tekniska Museet) og i 1986 hadde han klar ei pilotutstilling med 18 interaktive installasjonar. Nå kom den økonomiske støtta lettare. Vedtektene sa at stiftelsen skulle skapa ei kontakflate mellom forskning og publikum på pedagogisk grunnlag. Menneske i alle aldrar skulle tilbys kunnskap om naturvitskap og teknikk tilpassa nivået sitt. Dette skulle skje gjennom førstehandsoppleving og stimulera nysgjerrigheit og fantasi. I styret fekk Kjell Dahl med seg ein entusiastisk ordførar, Albert Nordengen, og dei oppretta eit fagleg utval der mellom andre landets største formidlingskjendisar, Otto Øgrim og Helmut Ormestad, kjende frå NRK-programmet «Fysikk på roterommet», var med.

Kjell Dahl fekk til ei avtale med Norsk Teknisk Museum om å få bruka kjellaren i den nye museumsbyggnaden i bydelen Kjelås. 26. oktober 1986 opna Teknoteket og blei landets første vitensenter – nokre veker før «Midt i synet», ei midlertidig utstilling i Bergen. Kjell Dahl dreiv Teknoteket på eiga hand. Han hadde ikkje berre unnfanga ideen, marknadsført han og grunnlagt stiftelsen; nå bygde han to hundre installasjonar åleine og gjorde utstillinga til den

mest populære delen av bygget – på det meste hadde Teknoteket besøk av hundreogførtitusen gjester i året. Forskjellen mellom gammel museumstankegang og moderne vitensenterpedagogikk var tydeleg – og grunnlaget for ei spennande og etter kvart viktig del av det pedagogiske Noreg var lagt.

Vitensenter var opplagt ein effektiv veg å gå for å engasjera og formidla realfag; men det var jo likevel berre dei tilreisande som fekk glede av utstillinga, for det meste tradisjonelle museumsgjester eller skular frå hovudstaden. Ville det ikkje vera betre å nå folk der dei var? Slik tenkte læraren Kjell Dahl, og kom fram til at dersom utanbysskulane ikkje hadde ressursar til å reisa til Teknoteket, fekk Teknoteket ta turen til dei.

Eller kunne det vera mogleg å møtast på halvvegen?

I 1994 får dei eit transportabelt planetarium av Universitetet i Oslo, og det første forsøket på eit omreisande vitensenter blei gjennomført same hausten



Ivar og Marek Jablonski på Kjøpesenteret på Vinterbro.

Foto: Teknoteket Science Circus.

på Metro kjøpesenter i Lørenskog. Opplegget hadde opplagt ei framtid, og Kjell Dahl gjekk inn i forhandlingar med senterleiinga. Resultatet blei ei avtale med Steen & Strøm underskriven 12. mai 1995. For ein komma tre millionar kroner skulle Teknoteket bygga ei utstilling med tjuefem eksperiment og besøka ti kjøpesenter. Utstillinga skulle stå kvar stad i tre veker og vera bemanna med éin formidlar.

Dette var startskotet for det mobile vitensenteret. Senterleiinga hadde ansvaret for å invitera skulane og organisera timeplanen slik at alle kunne få sjå på eksperiment og leika seg i utstillinga. Vanlegvis fekk dei besøk av sju-åtte klassar kvar einaste dag. Det første besøket var på Sørlandssenteret i Kristiansand 12. september 1995. For kjøpesentera var dette ein måte å trekka til seg folk og marknadsføra seg sjølv på ein positiv måte; for vitensenteret var det ein måte å nå ut til elevar og andre på. Utstillinga var open for vanlege shoppingar utanom skuletida. Våren 1996 vart det tilsett ein formidlar, den polske astrofysikaren Marek Jablonski, og det var han som følgde utstillinga frå kjøpesenter til kjøpesenter det første året. Den lengste turen under denne første ordentlege turneen gjekk til Arkaden i Stavanger.

Pengane var gått til å laga mobile hands-on-installasjonar modellert etter det omreisande «science circus» ved det australske vitensenteret Questacon i Canberra. Kjell Dahl, meir fantasifull når det gjaldt pedagogikk enn namn, overtok tittelen på Questacon sin oppsøkande del, og vips hadde han «Teknoteket Science Circus». Vitensentereksperten Adam Se-



Marek. Foto: i privat eige.

linger fungerte som rådgjevar. Men dette var ikkje nok. Kjelldahl hadde jo allereie landets mest kjende vitskapsformidlarar på laget, NRK-kjendisane Helmut Ormestad og Otto Øgrim, ein professor og ein førsteamanuensis frå Universitetet i Oslo, som hadde fått heile nasjonen til å benka seg framfor radioen

frå 1949, og teven frå 1960 til 1990. Dei hadde ein filosofi om at eksperimenta skulle vera enkle og kunna gjennomførast heime dersom sjåarane ønska det. Radioprogrammet sin tittel, «Pølser, fysikk og potet-salat», sa like mykje om formidlingsfilosofien som teveprogrammet «Fysikk på roterommet». Her var det uhøgtidelege og morosamme i sentrum, i motsetnad til tidas noko traurige forskingsformidling. Øgrim og Ormestad sette nysgjerrigheita i sentrum, og den dag i dag er det ikkje faktaoeverlevering som er det viktige i eit vitensenter, men å skapa interesse. Dette var ein filosofi Kjelldahl overtok, og som lever vidare i Science Circus i dag. Det går ein raud tråd frå Ormestad og Øgrims radioprogram på førtitalet, fjernsynsprogramma frå 1960, og vidare til det Science Circus som i dag er ein del av Jærmuseet. Når Ivar og Magne held show for skuleelevane overtar dei jamvel rollefor-



Ivar og Magne på Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.



Ivar og Magne på Skadberg skole. Foto: Jærmuseet.

delinga til Ormestad og Øgrim. Den første spelar dum og stiller spørsmål, den andre svarer med enkle forklaringar.

Med dette hadde Science Circus funne si formidlingsform: eit show i stilen til Øgrim og Ormestad, og ei utstilling modellert etter eit australsk omreisande vitensenter. Og bak alt dette – med idear, initiativ og

gjennomføringsevne – stod Dag Hagenæs-Kjelldahl.

«Skal me ha lufttrykk?» spør Ivar. Han står på scena på Bogafjell og testar utstyret. Magne nikkar. Dei lagar røyk og flammar, og eg ser i augene at dei likar det. «Berre éin gong har eg utløyst brannalarmen,» seier Ivar plutsleg. Han er tydeleg fornøgd: «På tjue-éin år!» Magne ser på han. Bogafjell skole er ny og

flott, men i auditoriet er det overraskande lågt under taket. «Men straumen har me tatt ofte!» seier Ivar, og Magne nikkar fornøgd. Dei har visst gode minne frå det. Magne hentar ein dunk som skal brukast, og ber han tett inntil seg. «Det er mange som har ein kosebamse,» seier han, «men eg har ein kosedunk.» Han gjev den kvite plastikkdunken ein ekstra lang og god klem. Den inneheld desinfeksjonsmiddel, men Magne kallar det «kosevatn».

Ein lærar stikk hovudet inn: «Er det klart til ni?» Eg ser på klokka: det er tre minutt igjen.

«Me har vore klar lenge,» svarar Magne og jobbar hardt med å gjera seg klar. Lærarane slepp elevane inn i auditoriet. Dei kjem disiplinert inn og set seg roleg ned. Til saman hundreogtjue elevar fordelt på fjerde og sjuande trinn. Lyden stig gradvis, dei har opplagt høge forventningar; for nå skjer det noko uvanleg, det er ikkje ein vanleg skuletime, dette; det er spennande, dette.

For tjueein år sidan, då Science Circus var ferdig med sin første turné, hadde nordfjordingen Ivar for lengst gjort osloensar av seg. I heimfylket hadde han vore rektor og inspektør, og lærar i samfunnsfag, media og spesialpedagogikk. Han underviste ikkje i realfag, men hadde alltid ei veldig interesse for det. I 1996 jobba han ved Nasjonalforeninga for folkehelsa, men han ville gjerne tilbake til formidling. Han såg kor viktig realfag var for samfunnet, for forståinga av verda. Han spurde seg kor me hadde vore utan realfag? Det låg som bakgrunn i nesten alt, konkluderte han, og fann det i kunstmåling og musikk. Utfordringa var å visa at det var morosamt.

Ein dag oppdaga han ei ledig stilling som formidlar på noko som heitte Teknoteket Science Circus. Han møtte opp for å levera søknaden sin, og blei vist til ein ein konteinar og klatra inn. Der inne såg han først berre kassar, men då augene vente seg til lyset oppdaga han konturane av ein mann. Dette var det første møtet mellom norske vitensenter sin føregangsmann, Dag Hagenæs-Kjelldahl, og Ivar Reed Nakken, som skulle bli norske vitensenters grand old man.

Kjelldahl, alltid drivande, stilte straks eit spørsmål: «Korleis er det med helsa?» Ivar bekrefta at den var god. «Har du sertifikat?» spurde Kjelldahl. Jau, Ivar hadde det òg. «Kva tid kan du begynna då?»

«Skal me begynna?» spør Ivar i auditoriet på Bogafjell. Magne står bak han og kniser og lagar straks ein høg fiselyd med ein ballong. Han knytter nevane og lukkar augene. Det er tydeleg at han synst det er morosamt på ordentleg. Det gjer eg òg. Kroppen hans ristar lydlaust. Det gjer min òg. Ballongen fyk opp mot taket før han dalar langsamt i hovudet på ein fjerdeklassing. Elevane ler. Eg òg. Eg ler endå høgare enn dei fleste av elevane. Magne stikk hovudet fram bak Ivar og seier: «Ivar er dårleg i magen». Elevane ler endå meir. Eg ler mest. Då snur Ivar seg lynraskt med langsamme rørslar og lét som han ikkje forstår kva som har skjedd. Han og Magne har gjort dette hundrevis av gonger, Magne veit akkurat kor han skal skritta til sides for å optimalisera den komiske effekten. Ballongen var ein inngang til temaet lufttrykk, og dei har gjort klart fleire moglege eksperiment for å demonstrera dette. Val av eksperiment, og rekkefølga

av desse, blir avgjort der og då gjennom samspelet med elevane, på grunnlag av erfaring og intuisjon. I eit show som dette er det viktig å ha det morosamt på jobb, gleda og utstrålinga er halve pedagogikken, og somme gonger kan det vera nødvendig å overraska kvarandre òg, kanskje for å halda konsentrasjonen oppe, kanskje for å finna ut noko nytt om seg sjølv, om eksperimenta, om publikum eller showet. Ivar og Magne veit at det alltid kan bli betre, og om dei ikkje blir det nettopp denne gongen, vil nye erfaringar bidra til å gjera dei betre neste gong.

Dei eksperimenterer med eksperimentering, og det på direkten, framfor hundreogtjue elevar på Boga-fjell skole. Halvparten er fjerdeklassingar, den andre halvparten sjuandeklassingar, og det er inga lett oppgåve å sameina desse målgruppene når ein tenker på ulikskapen i utvikling og forkunnskapar. Men to sprø professorar som lagar fiselydar og sender ballongar opp i taket fangar merksemda umiddelbart. Eg har aldri før sett så mange ungar vera så blindt opptekne av det som skjer framfor dei. Ingen snakkar saman. Ingen ser nokon annan stad enn på Ivar og Magne og det dei får til å skje.

Medvite eller undermedvite brettar dei to formidlarane ut ei breitt spekter av pedagogiske verkemiddel. Showet vekslar mellom det kjende og det ukjende, det aktuelle og det eksotiske, overraskingar, lydar og visualiseringar. Her er det alltid noko å sansa, noko å sjå på, høyra eller lukta på; og forklaringa på kvifor det som skjer, skjer, kjem nesten umiddelbart – men først etter at Ivar, som i alle år har hatt rolla som «den

dumme», stiller eit naivt spørsmål eller gjer ei tåpeleg fornektning eller kjem med ein barnsleg påstand – og dette er noko av det effektive med showet: Ivar representerer forkunnskapane til elevane, han seier det dei tenker, og dermed inneheld showet eit element av skjult interaktivitet. Dei treng ikkje å bremsa framdrifta ved å stilla for mange spørsmål. Magne rettar på Ivar, forklarar, gjer litt vennleg narr av denne mannen som ikkje forstår. Elevane sine forkunnskapar liknar på den dumme sine, men dei identifiserer seg med den glupe. Skjønar dei at dei ler av seg sjølve? Ivar og Magne overraskar heile tida. Dei er litt alvorlege innimellom, men mest er dei morosame og det vesle alvorret rettar seg oftast mot foreldre. Ivar og Magne tar alltid elevane si side mot autoritetane, mot foreldre og lærarar, og dei gjer det så elegant at dei maktar å skjula sin eigen autoritet – utan å mista han. Dei kan tillata seg å gjera nesten kva som helst og likevel bli bejubla. Men best av alt: elevane suger til seg kvart einaste eksperiment, informasjon om kvart element, om verda som omgjev dei, om livet på jorda og elementa i universet.

Ivar og Magne har lært seg kva som funkar. Og dei har høg presisjon i kommunikasjonen.

Rett nok brukar dei ikkje manus, men det hender at ei hugseliste er med, ei dei gløymer å sjå på. Eg har sett eit par av dei, og den eine såg slik ut: «Salutt/ballong, lyd – lydrøyr, speledåse, Star Wars, El –Harry Potter, lydpinne, lufttrykk, kjemi, nitrogen». «Salutt» veit eg nå betyr fiselyd. Den andre såg slik ut: «lydrør, isopor, egg, genser, binders, trylle bort vann, Ivars drikk, vannballong, tall-ark, flytende nitrogen, Ivar ko-



Ivar og Magne på Bø skule. Alle foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.

ker egg, blåse opp ballongen med N₂, trylle ballonger gjennom bordet, stikke pinne gjennom ballong, knuse finger, telle fingre, drikke nitrogen, dårlig ånde».

Stikkordet «isopor»? Alle elevane veit jo kva isopor er. Eller, gjer dei det? For kva er isopor egentleg? Og har det noko med temaet luft å gjera?

«Jau då,» forklarar Magne, etter at han og Ivar har snurra på store røyr for å demonstrera lydbølger i lufta, og brukt både ei bøtte og ei bordflate som høgtalarar for ein speledåse, «luft er mange stadar, til og med der ein ikkje tenker på det. Og eg veit om noko anna som har luft i seg. Isopor!» Ivar ristar på hovudet: «Neeei, det er ikkje luft i isopor! Trur de det er luft i isopor? Hald for øyrene nå!» Han stikk ei nål i isoporen, tilsynelatande for å sprekka henne. Etterpå triumferer han overlukkeleg: «Hahaha, det var det jeg sa. Det er ikkje luft i isoporen.» «Jau, Ivar,» seier Magne, «sjå her. For å få lufta ut av isoporen må eg bruka løysmiddel, slikt som aceton.» Han heller aceton i eit glas og slepp oppi ein liten isoporbit som «smeltar». «Lufta boblar ut. Det er slik dei gjenvinn isopor. Isopor er laga av plastikk. Plastikk består av lange molekyl.» Ivar dreg ut plastklumpen så langt han klarer: «Oi, sjå kor lange molekyl eg klarar å laga.» «Nei,» seier Magne, «molekyl er så små at me ikkje kan sjå dei.» Ivar studerer isoporen nøye, til elevane sin fornøyelse.

Kanskje tenker han på den gongen dei ikkje fekk isoporen til å smelta? Då hadde Ivar med seg formidlaren Unn Iren Thorsen. Dei prøvde fleire gonger, med stadig meir aceton, men utan å lukkast. Medan dei heldt på, var dei fleire gongar nede i væska med

hendene. Dei merka at det svidde litt, men tenkte ikkje over det. Dei gav opp og gjekk over til neste eksperiment. Først då dei pakka ned etter showet, kom Thorsen til å lesa på flaska, og det viste seg å være saltsyre dei hadde brukt! Flaskene var nesten like, og dei hadde ikkje sett så nøye etter.

Det gjekk bra med hendene, men dei såg betre etter neste gong.

Rett etter sommarferien i 1996 var Ivar på plass. Han skulle køyra frå kjøpesenter til kjøpesenter saman med utstillinga, og halda fleire show kvar dag. Noko av det første han måtte læra seg, var å beherska det oppblåsbare planetariet med plass til to skuleklassar, samt å laga softis: to klassikarar som skulle vera undervisingsvinnarar i mange år.

Planetariet kan best skildrast som ein oppblåsbar innadørsiglo. Det er tre meter høgt, inngangen består av ein kort tunnel og inne er det plass til to skuleklassar. I midten står ein projektor og ein formidlar. Det er mørkt som natta, og oppe i kvelvingen dukkar stjernehimmelen opp. Då begynner formidlaren å fortelja. I ein time fortel han – utan manus, for det er ikkje lys til hugselappar – om universet og stjernebilde og gresk og norrøn mytologi. Diverre kan eit slikt oppblåsbart rom vera utsett for både vind og hærverk. Under venusplassasjen i 2004 var utstillinga og planetariet plassert inne i eit sirkustelt. Ivar overnatta i teltet med delar av planetariet som dyne, for å passa på at det ikkje vart gjort hærverk. Fleire prøvde å koma inn, men kraup ut att straks dei oppdaga den lange mannen med det kvite håret. Dei kunne jo ikkje vita at han er



Planetariet. Foto: i privat eige.

like snill som han ser ut.

Den store konteinaren med utstillinga blei Ivar sin følgesvenn, men var ein dårleg reisekamerat. Det var tungvint å frakta, måtte sendast separat, og kunne hamna andre stadar enn planlagt. Men eksperimenta var store og einskilde installasjonar vog oppimot 150 kilo. På denne tida kunne det ta fem timar å rigga opp heile utstillinga.

Medan utstillinga reiste i konteinar, køyrde Ivar sin eigen Ford Transit. Den hadde seter som kunne leggst ned, og dermed hadde han ei seng å sova i; og ein mikrobølgeovn baki blei brukt til å laga mat og kaffi. Kupévarmarar hadde han òg, så han klaga ikkje. Kraup temperaturen ned mot 25 kuldegrader, kunne han, realfagsformidlar som han jo var, laga doble vindauge ved hjelp av plast på innsida. Då fekk han temperaturen i kupeen opp til ti pluss. Var ikkje



Planetariet under oppbygging.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

det nok, kraup han under dyna. Heldigvis var folk ofte ivrige etter å gjera livet betre for han, og det hende han fekk fri tilgang til basseng og badstue, og kunne tina seg opp igjen når han ville.

I Levanger fanst det ein lærarskule som tok med seg fleire realfagsklassar. Ivar gav lærarane eit eige kurs og delte ut hefte med tips og idear til enkle eksperiment dei kunne utføra i klasserommet. Dette var begynnelsen på lærarkursa, det andre beinet som Science Circus etterkvart skulle stå på, i tillegg til utstillinga. Det tredje var showet, som nå var i si spede byrjing med framvising av kjemiske og fysiske ekseperiment. Etter kvart blei det meir av ei ordentleg, planlagt forestilling med fleire formidlarar, det som av andre skulle kallast «vitensshow».

Science Circus dekkja heile Sør-Noreg. Konteinaren blei sendt frå kjøpesenter til kjøpesenter, og Ivar kom

etter i sin etter kvart temmeleg slitne Ford Transit. Han hadde lange dagar. Enn så lenge var han åleine på turné, på jobb frå klokka ti om morgonen til ti om kvelden. Sentera ville ha utstillinga bemanna gjennom heile opningstida. Heldigvis fekk han snart oppleve den krafta som finst i vitensenterpedagogikken. På Lillehammer la Ivar merke til ein gut som kom innom kvar einaste dag. Dersom ingen andre torde å få nitrogen over handa, tok denne guten to steg fram og tilbaud seg. Etter nesten tjue dagar på denne måten, gjekk guten bort til Ivar og beklaga seg. Han skulle reise vekk med foreldra og kunne ikkje koma dei siste to dagane.

Slike opplevingar overbeviste Ivar om at det han gjorde var viktig. Han såg det fine i å nå fram til mange, men endå større var det når han kunne gje nokon ei djup og varig oppleving. Science Circus hadde kraft i seg til å endra livsløp når dei møtte dei rette ungane i den rette alderen. Dette skulle han få fleire tilbakemeldingar på.

I 1999, på ei utdanningsmesse i Tønsberg, stod ein seinare kjend tiandeklassing og såg på. Ivar gjorde eit eksperiment guten seinare skulle hugsa som «noko med flytande nitrogen». At Ivar laga iskrem på eit bord gjorde ikkje mindre inntrykk på han som allereie på ungdomsskulen hadde interesse for naturfag, og som dreiv med ulike formar for underhaldning på fritida. «Det var nok då det gjekk opp for meg at å bli vitskapsformidlar var ein moglegheit. Tenk at det fanst nokon som skapte opplevingar innan naturvitenskapen, utanfor klasserommet.» Denne oppdaginga låg «sovande» i bakhovudet gjennom den vidaregåande skulen, ver-

neplikta og studiene. «Mot slutten av studiet kom det ein førespurnad frå NTNU om å søka pengar frå Forskingsrådet til realfagsrekruttering, og guten, som nå var blitt ein ung mann, foreslo å utvikla vitensshow etter inspirasjon frå show i utlandet. «Men opplevinga Ivar gav meg i 1999 låg nok der i bakhovudet, den òg.»

Andreas Wahl, som han heiter, blei den første nordmannen til å bruka ordet «vitensshow», og den første til å satsa sjølvstendig utan tilknytning til ein institusjon. Han skulle gjera seg kjend over heile landet med fjernsynsprogramma «Folkeopplysningen» og «Med livet som innsats». Medan han sjølv reiste land og strand rundt tenkte han gjerne tilbake på Ivar. «Med den opplevinga eg fekk i messehall A i bakhovudet, har eg forsøkt å skapa opplevingar på mi ferd som folk kan sjå tilbake på med glede tjue år seinare.»

Måten ungane reagerte på formidlinga, i messehall A i Tønsberg eller andre stadar, overbeviste Ivar om Science Circus sin veg vidare. Han skulle koma til å planlegga denne vegen saman med ein kollega på Teknisk Museum.

«Skulane» må ein av dei ha sagt til den andre, utan at nokon hugsar kven som sa det først, eller korleis tankane og diskusjonane omkring dette steget begynte. Sannsynlegvis var det noko dei hadde gått og tenkt på, begge, og unaturleg var det ikkje, tatt i betraktning at det var skuleelevar dei dreiv formidling for på kjøpesentera. I løpet av éin kveld snekra dei saman det framtidige konseptet.

Jan-Alfred Andersson kom til Noreg i 1995 etter å ha arbeidd som frivillig på Pacific Science Center i



På Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.



Hanne Madsen på Spangereid. Foto: Jærmuseet.

Seattle, ei sjeldsynt erfaring for ein nordmann på den tida. Han blei tilsett som pedagogisk ansvarleg på Teknoteket og såg korleis Ivar jobba seg landet rundt frå kjøpesenter til kjøpesenter. Saman fann dei ut at dei ville satsa på skuleturné. Dei tok initiativ til eit

møte med Kunnskapsdepartementet, blei møtt med interesse og fekk støtte til eit treårig prøveprosjekt. Også NITO, Norsk Hydro, NHO og Forskringsrådet blei med på laget. Ivar skulle ta seg av det praktiske, Andersson administrera – men begge skulle vera formidlarar i oppstartsfasen.

Andersson blei den første av dei mange følgesvennane Ivar skulle ha i løpet av dei neste tjue åra.

Naturleg nok såg dei på moglegheitane utanfor Oslo, ettersom skulane der kunne besøka den faste utstillinga til Teknoteket. Science Circus gjorde ein avtale med skulane i Fredrikstad og Halden, og begynte å forbereda turneen. Utstilling hadde dei frå før, men dei trengte eit større og betre opplegg rundt henne. Så dei laga innhald til fem ulike undervisningstimar: elektrisitet og magnetisme var den første, lys og syn den andre, lyd og høyrsele den tredje, luft den fjerde og planetariet den femte. Etter undervisinga ville dei halda show og avslutta med eit lærarkurs etter skuletid. Kurset bestod av enkle tips og idear som kunne brukast direkte i undervisinga. Seinare fann dei ut at også foreldra måtte vera med, så dei laga til open kveld med show, utstilling og planetarievising.

I grove trekk er det dette Science Circus framleis driv med. Men oftast har dei nå show først, som på Bogafjell, før dei går inn i kvart sitt klasserom og har undervising der. Lærarkursa arrangerer dei nokre få gonger i året, og då gjerne «heime», som nå er på Vitengarden i Hå. Men i 1997 var basen framleis Oslo, og dei spurde seg sjølv om dei verkeleg kunne halda fram med å senda utstillinga rundt i konteinar. Svaret



Foto: I privat eige.

var gitt, og sommaren 1997 tok Ivar køyretimar med vogntog. Sertifikatet fekk han to dagar før turneen skulle begynna.

Lukka var at det ikkje blei meir Ford Transit for Ivar. Ulukka at han nå skulle køyra trailer. Men Ivar og den seksten meter lange doningen skulle bli gode vennar, dei, og Ivar utvikla seg til litt av ein ekspert på tronge skuleportar. Sidan skulle han meina at han var betre til det enn å køyra normalt på vegen.

Heldigvis skulle dei ikkje så langt av garde på den første turneen. Men det ville uansett bli tungvint å reisa fram og tilbake mellom Fredrikstad og Oslo kvar dag, så kor skulle dei sova? Svaret var enkelt for den praktisk anlagte Ivar. Han snekra seg ein hybel framst i vogna, så kunne dei andre bu i campingvogna, den han ofte overnatta i utanfor Teknisk Museum på Kjelsås. «Kvifor vera heime når du kan vera på jobb?» må han



Foto: I privat eige.



Kontorfasilitetar for Science Circus.

Foto: Teknoteket Science Circus.

ha tenkt, medan han abeidde dag og natt med å forbereda turneen og såg på det teknologiske taterfølget han var i ferd med å bygga opp. Det var litt av ein konvoi som skulle rulla inn i skulegardane dei neste åra.

Det vart nokre hektiske veker med hamring og



Jan-Alfred Andersson og Ivar. Foto: I privat eige.

saging. Dei tilsette to unge formidlarar, Gro Jæger og Heidi Andersen, og så var neste kapittel i saga om Science Circus i gang.

Det begynte den 17. oktober 1997 i Fredrikstad. Og dei skapte stor oppstandelse og mykje jubel kor dei kom. Science Circus fenga frå første gymsalsutstilling og klasseromsundervisning. Dei var innom alle femti skulane i Fredrikstad og Halden og skjøna straks at skuleturnear var framtida, men dei var ikkje så lette



Gro Jæger og Heidi Andersen. Foto: I privat eige.

å planlegga. Før dei to neste turnene, i Østerdalen og Nord-Trøndelag, tok Andersson føre seg noregskartet. Dei ville til skular som låg langt ifrå byane, gje noko til dei som ikkje kunne koma seg rundt sjølv. Dei la opp ei rute som såg logisk ut på kartet, ringte til skulane og sa at dei kom forbi den eller den dagen og tilbød seg å koma innom. Så fekk dei eit ja eller nei. Mest ja. Dei som svarte nei, ringte gjerne opp att like etter at vitensirkuset hadde rulla forbi. Rykta spreidde seg raskt i grisgrendte strok, og jungeltelegrafen skulle bli Science Circus' beste marknadsføring kanal.

Etter undervisning på dagtid, samt lærarkurs og kveldsopplegg for foreldra varte gjerne arbeidsdagen til ni om kvelden. Då måtte dei pakka ned, køyra til neste skule, gjera utstillinga klar til neste morgon – og gjerne fiksa litt på traileren eller campingvogna, som vart dregen av ein litt vrang Chevrolet Suburban. Det var arbeid nesten døgnet rundt. Men Ivar koste seg.



Magne på Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.



Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.

Han fekk driva med noko han likte, noko han visste var viktig. Og responsen var så stor at dei einskilda stadar blei feira som rockestjerner.

Eit besøk av Science Circus bestod av ei utstilling med tretti interaktive eksperiment som blei sett opp i gymnastikksalen, opningsshow for alle elevane på skulen med fem timar klasseromsundervisning på kvar formidlar, to timars kurs for lærarar med tips og idear til enkle eksperiment i klasserommet, og til slutt open kveld for foreldre og andre, med utstilling og planetarievisning. Ikkje noko dårleg å få besøk av Science Circus, altså! Dei andre formidlarane hadde tre veker på vegen, så ei veke fri; men Ivar brukte storparten av

friveka til førebuing og kontakt med skulane.

I løpet av dei tre åra prøveprosjektet foregjeikk besøkte dei over sytti tusen elevar – samt lærarar, foreldre og lokalpolitikarar. Den siste gruppa var viktig. Science Circus ville gjerne demonstrera at realfag kunne formidlast leikent og lettforståeleg, og at det var eit område som burde satsast på.

Lærarane var vanlegvis takksame og hyggelege. Men nokre gonger brukte dei Ivar til å gjera narr av kvarandre. Som på den ungdomsskulen då han vart beden om å setta seg i ein bestemt stol i matfriminet. Ein lærar kom forbi, og han viste tydeleg at det var hans plass Ivar sat på – men så snart Ivar prøvde å

reisa seg vinka alle dei andre han ned i stolen att. Etter det sat han fint og såg på at den nemnde læraren gjekk att og fram gjennom heile matfriminuttet.

Utstillinga var laga for kjøpesenter og fylte ein gymsal. Og det blei klarare og klarare at utan Ivar, ikkje noko Science Circus. Han kunne arbeida døgnet rundt, manøvrera traileren gjennom umoglege portar, løfta tungt og klatra høgt når det trengtes. På toppen av det heile hadde han evna til å skape ei ro rundt seg og få alle til å dra i same retning. Den praktiske sansen, resultatfokuset og pågangsmotet hans var uvurderleg i ein så spesiell jobb. Og heile tida såg det ut som han tok det roleg. Men ein sjeldan gong blei dei overraska av ein ekstra fridag. Då temperaturen i Østerdalen sank til minus trettifem var ikkje bilane like villige til å starta. Ivar måtte dundra på startmotoren med ei jernstong for å få han til å gå. I Folldal fekk dei problem med elektrisiteten for hydraulikken på liften. Ein av foreldra var elektrikar og sa han ville sjå på det. Han rota litt inne i kassa før det heile eksploderte. Han hoppa tilbake og hadde heldigvis berre brent seg litt. Men der sto dei då, Science Circus. Det gjekk ikkje an å få ned lemmen, så det var ikkje anna å gjera enn å ta tidleg helg. Måndag morgon var bilen klar igjen, og det var Ivar og dei andre òg.

Bilane blei både heim, kontor og reisekameratar. Formidlarane i Science Circus utvikla eit nært forhold til bilane, sjølv om særleg den eine sin noko begrensa kvalitet kunne vera irriterande innimellom. Dei kalla han berre Suburban. Og på eit tidspunkt fekk denne reisekameraten dårlege bremser. Då verkstaden skulle testa Suburban etter reparasjonen var dei ik-

kje klar over tanken med flytande nitrogen som stod baki. Under oppbremsinga kvelva denne og heile rommet vart fylt av kvit røyk. Dei fekk panikk og trudde heile bilen sto i brann. Ein annan gong gav ein defekt dynamo Suburban startproblem. Ein overentusiastisk lokal mekaniker skulle reparera. Realfagsformidlar



Gro showar. Foto: I privat eige.



Gro og Heidi. Foto: Teknoteket Science Circus.

Ivar skildra det slik: «Vanlegvis koplar ein batteria av før ein gjer det same med dynamoen. Då dette ikkje blei gjort i rett rekkefølge, fekk mekanikeren overslag frå pluss på dynamoen til jord – via fastnøkkel og sin eigen giftering. Ringen delte seg og mekanikaren fekk brannskade på fingeren. Han klarte likevel å fiksa bilen, og me kom oss vidare.»

Reisinga førte Science Circus over heile Sør-No-reg, og dei opplevde store forskjellar frå skule til skule og stad til stad. I Tufsingdal, ei bygd med hundreogéin innbyggjarar og seksten elevar over sju klassar, møtte nittiåtte opp og folk undra seg over kor dei tre siste var. Ivar fekk då opplyst at to var bortreist og ein var sjuk. Dette stod i motsetnad til ein skule i Fredrikstad der meir enn femten hundre elevar kom på showet, men berre åtte på open kveld.

I Rogaland fann dei ut at den kortaste vegen frå Flekkefjord til Hauge i Dalane var riksveg 44. Det be-

gynte godt, men etter kvart vart det vanskelegare å tvinga trailerens seksten meter rundt dei skarpe svingane. I fjellsida ned mot Åna-Sira var det så trangt at Ivar måtte legge hjula på hengaren opp etter støypekanten for at den ikkje skulle ta i fjellveggen. Endeleg nede i dalen kom neste utfordring: ein nitti graders sving og ei smal bru. Aslak Hagen, som var med som formidlar, og som kom bak med campingvogna, måtte ut og vinka Ivar fram. I følgje Hagen var det ikkje ein gong plass til eit frimerke mellom bilen og brua på nokre av sidene. Det danna seg naturleg nok kø på andre sida av brua, og då traileren kom over, gjekk dei ut av bilane og klappa. Om det var på grunn av prestasjonen, letnaden over at det gjekk godt eller endeleg å få køyra vidare, skal vera usagt. Då Ivar kom fram til Hauge var folka der forundra over at han hadde greidd å køyra den vegen med ein seksten meter lang trailer. Makslengda på køyretøyet denne vegen viste seg å



Utstillinga. Foto: Teknoteket Science Circus.



Bø skule. Foto: Teknoteket Science Circus.

vera tolv meter med vanleg lastebil.

På Oгна skule på Jæren parkerte Ivar med lang-sida mot vinden. Då det utpå natta blåste opp til storm, vakna han av at traileren løfta seg på den eine sida og kasta han i veggjen inne i hybelen bak førarhuset. Det kjendest som traileren stod på to hjul i ei æve før han fall tilbake på hjula. Hybelen fekk seg òg ein omgang då Ivar var på veg til Nissedal i Telemark. Plutseleg sprang ein elg fram og Ivar bremsa så blåøyken stod. Hybelen blei ominnreidd. Alt som ikkje var spikra fast låg strødd på golvet, men elgen var uskadd.

Maten laga dei oftast i campingvogna. Etter at «kokken» Kristian Halleraker, som begynte i Science Circus i 1999, hadde brent grauten to gonger blei han degradert til det dei kalla «enklare rettar som svinesteik og liknande». Lunsj fekk dei gjerne på skulane, og dei fekk ofte både nøklar og alarmkode, slik at dei kunne bruka toalett, badstove og symjebasseng. Det hende at dei gjekk i bassenget på kveldar med fint måneskin og sumde i månelysset som skein inn gjennom dei store vindauga. Når dei reiste fekk dei gjerne både blomster, konfekt og vin. I Risør fekk dei ferske reker og kvitvin på bryggjekanten heime hos rektoren. Og i Svinndal i Østfold tok ein annan rektor Ivar med på beversafari i kano.

Då Andersen og Jæger var med, gjorde dei det slik at jentene presenterte seg først og så sa dei «og det er han Ivar». Ivar kunne då fortelja tilhøyrarane at han eigentleg ville bli introdusert som «han unge, pene, spreke og slanke», men at jentene alltid gløymte å seia det. Og ein gong vart han stogga av to førsteklasingar etter showet. «Du Ivar,» sa dei, «du lyg. Du seier at du

er ung og pen og slank og det er du ikkje.»

Men dei var ikkje berre på skular heller. I 1997 vart ei leigd ut til opninga av Vitensenteret i Trondheim, og seinare skulle dei leiga seg sjølv ut til eit vitensenterprosjekt i Bergen, delta på ulike messer, opptre for næringslivet – og dei var det første vitensenteret på Island sommaren 2001 då dei sette opp eit telt i tre månader i familieparken Husdyragardur i Reykjavik. Island la straks si elsk på Science Circus, slik at dei nå drar over minst ein gong i året og gjerne får møta ein minister eller to.

Men slikt stressar ikkje Ivar. Han gjer det han skal effektivt og raskt med langsame rørsler, tar seg ein kaffikopp i ny og ne, og har opparbeidd seg falkeblikk når det gjeld å få auge på bakeri eller konditori med ferske rundstykke.

Hausten 1999 drog Science Circus på turné til syttiseks skular i Nord-Trøndelag. Det var her Halleraker og



På Melhus. Foto: I privat eige.

Bård Inge Stenvig starta sine karrierar som formidlarar i Science Circus. Stenvig befann seg noko tilfeldig som arbeidsledig lærar i Trondheim denne hausten og blei kontakta av ein bekjent med spørsmål om han ville vera klovn på sirkus. Ei såpass spennande tilnærming var vanskeleg å seia nei til, og eit kjapt intervju blei gjennomført ved Vitensenteret i Trondheim på Science Circus sine vegner. Ein del av jobben var å undervisa i planetariet, og då Stenvig til spørsmålet om kva han kunne om stjernebilde sa «ingenting», fekk han til svar at han hadde stort potensiale for forbedring. Med skrekkblanda fryd oppdaga han at han sjølv måtte stå eineansvarleg for undervisingstimane. Han følte at spranget mellom det han kunne og det han skulle formidla var nesten uoverkommeleg. Det gjekk nok bra allikevel, for på Høylandet opplevde han å få fanpost. Den var eit resultat av at han og Ivar tok seg tid til å snakka med denne jenta langt utover stengetid på open kveld, då dei stod opprigga med stjernekekikertar i skulegarden. Etter den episoden fekk han forståing for at desse avbrekka og smakebitane Science Circus tilbaud elevene på skular langt ifrå bysentrum var betydningsfulle på mange plan.

Autografskriving er slett ikkje uvanleg. Etter showet kjem elevane ofte springande med blyant og papir. Nokre gonger må formidlarane signera på hendene. Det kan sikkert kjennast litt rart, men det er likevel morosamt å få ein smakebit av korleis det er å vera kjendis. Og litt kjendisar på ordentleg er dei blitt òg, iallfall Ivar og Stenvig, som fekk vera med på Kykelikokos barne-TV. Dei deltok tre gonger med ulike eksperiment. Første gongen måtte dei møta klokka halv sju om morgonen

for gjennomgang av programmet, ei direktesending. Dei andre gongane fekk dei koma ein halv time før, ettersom dei med erfaring frå éi sending var så scenevande at dei ikkje trong gjennomgang. Slik er det med profesjonelle formidlarar. Ivar, saman med Jan Alfred Andersson, var også med på NRK Sommermorgen. Ivar gav programleiaren ei rose han i all hemmelegheit hadde dyppa i flytande nitrogen, og heilt etter planen gjekk den i tusen knas då ho tok imot på direkten.

For omgang med nitrogen er Ivar sitt meisterstykke. Nokre menneske likar mat. Andre likar fotball. Nokre likar fjelltoppar. Mange likar blomar eller teveseriar. Ivar likar nitrogen. Særleg i flytande tilstand, då det har ein temperatur på minus hundreogtittiseks grader. Dei brukar det til ulike eksperiment. I Bergens Tidende 6. juni 2006 kunne ein lesa om eit av eksperimenta utført av Ivar og Hanne Madsen: «I gymsalen på Hanøy skole vest i Askøy er det show-time. Utstyret er enkelt; vann, flasker, egg og ballonger. Unntaket er en beholder flytende nitrogen. Oppskriften er velbrukt: I fjor fikk 17.500 skolebarn i Rogaland og Agder-fylkene oppleve tospannet fra Jærmuseet spinne magi rundt enkel matte, fysikk og kjemi. I dag er de på Askøy. (...) Ivar Nakken og Hanne Madsen fra Jærmuseet trikser og tøyser. Elevene sitter som fortrollet ute på gulvet. Dette er også matematikk. Topologi heter det, sier Hanne ogurrer hyssing rundt håndleddene på Ivar, som så får beskjed om å vrenge genseren. Helt umulig, selvfølgelig. Men latterhikstende morsomt å se ham streve. Så kommer nitrogenet veltende frem. Smyger seg over kanten av stekepannen. Ivar fryse-steker egg



Ivar på Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.

og nekter å høre på når Hanne forklarer at det er umulig å steke i 200 hundre minusgrader. 200 grader under streken, i motsetning til over streken. – 200 minus, det er her nede, peker Hanne for sin umulige makker. – Så da er det 200 grader i Kina, da? stråler Ivar. Høy latter fra alle som vet bedre. Moro – så kurs.»

Ivar hadde ikkje vore lenge i Science Circus før han

utvikla sitt meisterstykke, det ingen andre i Science Circus skulle gjera han etter: å ta flytande nitrogen i munnen – for så å blåsa ut ei sky av frostrøyk. Og om du sit og lurar: Gjer ikkje dette heime!

Nitrogenet er med for å demonstrera korleis omgjevnaden reagerer på store temperaturforskjellar. Når forskjellane er store nok, kjem ikkje det kalde i direkte

kontakt med det varme. Eleven får ikkje frostskadar når formidlarane i Science Circus tømmer flytande nitrogen over underarmen og handa hans, fordi nitrogenet flyter over handa, på ei lita luftpute – som som når ei vatndrope svevar over ei varm kokeplate. Når Ivar tar det i munnen, kjem det ikkje i direkte kontakt med kroppen, men det blir varma opp og blir til gass, og i gassform tek det mykje større plass. Han kan difor ikkje lukka munnen, og han må for all del ikkje svelga noko.

Første gongen han fann ut at han ville eksperimentera litt med nitrogeneksperimentet, var han blitt plassert like ved ein kjøpesenterkafé. Den gongen var han ikkje forsiktig. I staden for å putta brusetablettar i ein filmboks, slik han brukte å gjera, putta han heller nitrogen oppi. Han må ha vore litt nervøs kva som kunne skje, iallfall mista han boksen i golvet, der den eksploderte og fortsette over hovuda på folket i kafeen – og treffe veggen med eit smell.

Forresten finst det ein som har gjort trikset med å ta nitrogen i munnen etter Ivar. Vaktmeisteren på Trondenes historiske senter utanfor Harstad gjorde det villig vekk. hundreogtittiseks minus var ikkje noko for ein røynd kar i Nord-Noreg.

Men kulde kjende formidlarane på kroppen, uansett. Då Halleraker skulle overnatta i campingvogna i tjuefem minusgradar, og det ikkje hjelpte å å kople den dårleg isolerte vogna til straumnett på ein bensinstasjon, konstaterte han tørt at det var «kaldt ja, men alt for vitskapen», noko som skulle bli eit mantra for Science Circus.

Men dei veit å varma seg òg. På Bogafjell spør Ivar

og Magne om to av elevane har lyst til å vera med på eit eksperiment. Over hundre hender går straks i vêret. Medan showet pågår har eg ikkje lagt merke til nokon som ser på kvarandre eller ut vindaug eller som snakkar eller kviskrar. Det er ei kollektiv merksemd om showet, der det eine spennande eksperimentet etter det andre blir presentert. Røyk, lydar, støvsugar, vatn som forduftar, tyngdelova. Ivar og Magne er som to magikarar og vitensshowet eit trylleshows. Men det er ikkje illusjonar dei framfører, dei manipulerer ikkje tilskodarane sine sansar slik David Copperfield ville ha gjort. Det dei gjer, er å visa vår felles, fysiske verkelegheit i aksjon. Nokre av triksa er fascinerande enkle, slikt elevane kan gjera heime; andre krev mykje utstyr, men er endå meir spektakulære.

Magne ser ut over forsamlinga. Han gliser. Han har kome fram til det han elskar aller mest, eg ser det på han, så lukkeleg har han ikkje vore sidan han lagde fiseslyd med ballongen. Han kan nesten ikkje venta før han gjer det, og så gjer han det, han berre gjer det. Kva det er han gjer? Jau, han løftar ein flammekastar. Ivar ser på, roleg. Han veit kva han skal bidra med. Og dessutan har han berre starta brannalarmen éin gong på tjueein år.

To lukkelege menn med flammekastar der, altså. Og eg tenker at det er ikkje ein drill fedrane ønsker seg til jul. Det er ein flammekastar.

Då det nærma seg tusenårsskiftet begynte ei konsolideringsbølge å rulla over norsk museumsvesen. I 1998 forlangte Teknisk Museum at Teknoteket måtte underlegga seg dei – eller flytta ut. Dag Hagenæs-Kjelldahl blei opprørt og vurderte det dåverande

Teknisk Museum som «gammaldags med statiske utstillingar av telefonar, bilar, fly, eit lokomotiv og liknande gjenstandar for spesielt interesserte.» Til samanlikning hadde Teknoteket meir enn hundre moderne hands-on, pedagogiske installasjonar på tusen kvadratmeter, inkludert eit planetarium med plass til to skuleklassar og eit natthimmelobservatorium med teleskop på museumstaket.

Det oppstod ein konflikt mellom den gamle måten å tenka museum på og den nye måten å tenka pedagogikk på. Er eit vitensenter eit museum eller ikkje? Kva er eit museum? Kva skal eit museum vera? Vitensenteret var blitt ein suksess fordi gjestene fekk læra noko gjennom å prøva ut eksperimenta. Teknoteket var den mest populære staden i bygnaden, og dette skapte frustrasjon hos dei som arbeidde i det tradisjonelle museet. I motsetnad til dei brukte Teknoteket alt som kunne engasjera, som kunne få opp folks interesse for vitenskap og teknologi og teknikk, som levande organismar og modellar av menneskekroppen og indre organ.

Mellom anna på grunn av bekymring for museets framtid, slutta Kjell Dahl i jobben og flytta til Whitby i England. Der grunnla han eit nytt vitensenter, som han dreiv i ti år før han ville konsentrera seg om å skriva bøker.

Men Teknoteket var på ingen måte dautt. Teknisk Museum fekk behalda den faste utstillinga og Andersson blei verande. Men Ivar overtok stiftinga Teknoteket Science Circus. Leiaren var nå blitt eigar, og den komande tida skulle han halda liv i det omreisande vitensirkuset nesten på eiga hand. Han ville fortsetta med

å køyra land og strand rundt, fjord og fjell, by og land, til skular og festivalar og næringslivseventar. Men kor skulle han få pengar til drifta ifrå?

Før skuleåret 2001-2002 mangla det nå «heimlause» Science Circus økonomisk grunnlag til å halda verksemda gånde på same nivået som tidlegare. Måtte dei tilbake til kjøpesentra? Dei hadde heller ikkje middel til å vedlikehalda utstillinga eller utvikla nye eksperiment. Pengane tok slutt før dei var ferdige med turneen. Dei stod utan arbeid. Erfaringa viste at ein burde vera minst tre personar for å gjera jobben effektivt. Det kosta, og arbeidsdagen var uansett for tøff til at folk blei verande lenge. Utstillinga hadde fått ei røff behandling og trengte reparasjonar, oppdateringar og utskiftingar.

Då Kyrkje- og undervisningsdepartementet blei endra til Utdannings- og forskningsdepartementet var eit av dei uttalte måla å satsa meir på realfag. Likevel var det ikkje pengar til Science Circus lenger. Stortingsrepresentanten Rolf Reikvam frå SV hadde opplevd Science Circus i aksjon, og fremma saka på Stortinget 13. mars 2002. Han sa: «Det omreisande realfagsprogrammet Science Circus har vore på vegen i fem år. Dei tilbyr realfagskurs til lærerar. Dessutan driv dei undervisning og demonstrasjonar for elevar både i grunnskulen og vidaregåande skule. Den dårlege rekrutteringa til realfaga skapar bekymring. Science Circus har ei spennande tilnærming til realfaga og har vore eit populært tiltak. Økonomien gjer at dei nå truleg må innstilla verksemda. Vil statsråden ta initiativ for å sikra vidare drift?»

Statsråd Kristin Clemet svarte noko unnvikande, og

Reikvam følgde opp: «Det er gjort ei omorganisering frå første januar i år, der Teknoteket har gått saman med Norsk Teknisk Museum, som var ein del av Teknoteket tidlegare. Nå har altså Teknoteket og Norsk Teknisk Museum gått saman, og dei kan ikkje lenger ta ansvaret for dette spesielle programmet. Det har gjort at dei har kome opp i ein spesiell situasjon i år, og det er det som er bakgrunnen for mitt spørsmål. Den organisatoriske endringa burde ha ført til at staten var villig til å gå inn og sjå på dette. Det er snakk om forholdvis små middel. Dei har gode erfaringar. Dei har kurs for femten hundre lærarar per år, og dei har inne cirka tjue tusen elever som dei møter med si spesielle tilnærming til realfaga. Dei har, som sagt, god erfaring. Sjølv om me har store planar, trur eg det er viktig at me tar vare på det som fungerer godt. Difor har eg ei oppfordring til statsråden om å sjå på det, vurderer det

og eventuelt gå inn med støtte.» Statsråden svarte at det skulle ho gjera. Men då det kort tid etterpå var Forskingsdagar i Oslo, gjekk ho innom alle standar så nær som Science Circus sin, den største utstillinga av alle.

Museumsdirektøren i Jærmuseet, Målfrid Snørte-land, såg Ivar og Science Circus i aksjon så tidleg som i 1999. Dei var då på turne på skulane på Jæren, noko som fell saman med at Jærmuseet hadde begynt å tumla med planar om å etablera eit vitensenter. Så då Science Circus hadde utstilling i gymnastikksalen på Vigrestad skule med open kveld, drog heile den vesle staben i Jærmuseet for å undersøka kva dette var for noko. Gardsstyraren Lars Ødemotland hadde stjerner i augo då han kunne demonstrera for den noko mindre teknisk kyndige direktør en korleis eit kulelager funger- te. Direktøren fekk ei aha-oppleving, og skjøna at slike utstillingar, der publikum fekk prøva ut eksperiment og



På Bø skule. Foto: Jan Inge Haga, Jærmuseet.



Ivar og Torbjørn Hertel-Aas på Vitengarden.

Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

teknologi i praksis, var noko som ville fenga jærbuen.

Hadde ho, som kjem ifrå Karmøy, opplevd dei der nokre dagar seinare, ville ho ha fått sjå når eit av dei vanlege eksperimenta gjekk riktig gale. Når Science Circus demonstrerer lufttrykk brukar dei ein lang vase som rommar ein liter vatn. Legg dei papir over opninga kan dei snu vassen opp ned utan at vatnet renn ut. Eit av Hagen sine yndlingstriks var å halda vassen over hovudet på ein elev, for riktig å understreka at lufta trykker frå alle kantar. Men denne gongen var det eit rift i papiret og eleven fekk ein liter vatn rett i hovudet.

Dagen etter besøket på Vigrestad fekk fleire av dei tilsette ved Jærmuseet vera med på ein undervisningstime på Nærbø ungdomsskule. Denne gongen gjekk alt bra, og etterpå hykka dei tak i Ivar. På søndagen kalla han inn til aktivitetsdag på Vitengarden med planetariet att, og viste og fortalde om stjernehimmelen.

Allereie då tenkte Snørteland at Ivar ville ha gjort seg godt i Jærmuseet. Men enno var det ikkje realistisk.

På grunn av dei økonomiske utsiktene såg Science Circus seg nøydde til å inngå ei avtale med Sektor Eiendomsutvikling AS om opptredenar på åtte ulike kjøpesenter. Scicence Circus var tilbake der dei hadde begynt, men det skulle iallfall halda liv i både konseptet, Ivar og dei tilsette. Skulane i distriktet omkring det kjøpesenteret dei til ei kvar tid besøkte, fekk gratis skyss og eit opplegg med show, planetarium og tretti interaktive eksperiment. Dette gav inntekter slik at den tida av året Science Circus ikkje var bundne til kjøpesenter, kunne dei besøka dei skulane som sto på venteliste i Rogaland. Og medan utstillinga stod på kjøpesenter utvikla dei nye eksperiment.

I 2002 var Jærmuseet eit av tjue utvalde musé i Noreg som fekk tildelt ein halv million kroner frå Den kulturelle skulesekken. Ordninga var ei prøveordning, og det var knytt eit vilkår til tilskotet: Midla skulle bidra til at Jærmuseet kunne nå ut til fem tusen fleire grunnskuleelevar i løpet av 2003 enn året før. I 2002 hadde Jærmuseet til saman sju tusen og trettiåtte grunnskuleelevar på organiserte opplegg, i hovudsak på Vitengarden på Nærbø. Å få inn fem tusen fleire elevar i løpet av eit år var ikkje ei enkel oppgåve. Her gjaldt det om å snu seg rundt og finna kreative løysingar. Museumsdirektør Målfrid Snørteland hadde ein i sikte.

Kunne Ivar tenka seg å flytta Science Circus til Jæren?

På Bogafjell ser Ivar og Magne spørjande på kvar-

andre. Magne senkar flammekastaren og slår han av. Elevane er urolege og har slutta å følgja med. Showet har vart i over tju minutt og det er første gongen dei to på scena ikkje har elevanes fulle og heile merksemd. Nokre kikkar mot døra.

«Er det brannalarmen som ular?» spør Magne.

Alle elevane reiser seg og marsjerer ut døra på rekke bak sin respektive lærar. Magne og Ivar ser på kvarandre igjen. Så ruslar dei etter, det er trass alt ein brannalarm. Dei veit at det ikkje brenn, dei veit at det er dei sjølv som har utløyst han, men dei veit òg at dei må følga reglane.

Så for andre gongen på tjuéein år må Ivar forlata scena midt under showet – og stilla seg på skuleplassen utanfor. På veg ut døra kastar han eit litt trist blikk på meg, og eg anar at han anar at dette, nettopp dette: flammekastaren, brannalarmen, den ruslande kapitulasjonen ut av auditoriet, og det korte blikket til meg vil koma med i denne artikkelen, og bli ståande igjen svart på kvitt som konklusjonen på hans arbeidsliv. Ivrig noterer eg alt som skjer. Eg skriv nesten hol i papi-ret. For tenk at den første gongen eg ser showet til Science Circus skal blir den andre gongen på tjuéein år at dei utløyser brannalarmen. Eg kan nesten ikkje tru det. Eg skriv: «Hoho!»

Men Ivar, fortvil ikkje. Snart skal de redda dagen, du og Magne. Snartenkte, leikande og elegant skal de venda ulukka til eit lukketreff. Science Circus skal triumferar over brannalarmen, over sikkerheits-rutinane, over meg.

Og det er berre fem minutt til.

Femten år tidlegare, då Science Circus stod utan pengar, hadde Ivar tilbydd kona å gje opp Science Circus. Han gjorde det klart at han kunne ta seg arbeid som trailersjåfør eller lærar. Men ho, Olga Stankiewicz Nakken, nekta. «Science Circus er babyen din, Ivar,» sa ho, utdanna fysikar som ho var, og nesten like engasjert som han i vitskapsformidling. Både når det gjaldt utvikling av eksperiment, show og undervisningsopplegg var ho ein svært viktig medarbeidar. Ivar har gitt uttrykk for at utan hennar staheit og økonomiske hjelp ville ikkje Science Circus ha overlevd. Det blei først tre år med pendling til Vitengarden på Nærbø, der Ivar installerte seg i ei brakke nokre arkeologar hadde sett opp. Det var hakket betre enn å bu i bilen, men ingen luksus. Dusj og do hadde han inne på museet.

Deretter flytta ho med han til Jærmuseet og Vestlandet, nærmare bestemt til Egersund, rundt fire mil sør for Vitengarden der Science Circus fekk kontoret sitt hausten 2002.

Med tilskotet frå Den kulturelle skulesekken kunne Science Circus rusta opp utstillinga, forbetra nokre av dei eksisterande eksperimenta og konsentrera seg om skulane igjen. I vinterferien fekk dei gjera bruk av sin nye base og halda nitrogenshow, softisproduksjon og konstruksjon av spagettibygggverk på Vitengarden. Nokre ungar kom innom kvar dag for å bygga vidare på spagettibygga sine. I mars og april stod eksperimenta i utstillingshallen.

Ivar fekk så mange ja frå skulane at nokre måtte få eit nei tilbake. Han hadde ikkje lenger andre formidlarrar med seg, og det hadde sine avgrensingar. Likevel



1



2



3



4

1. Magne Hognestad.
Foto: Jærmuseet.
2. Hanne Madsen på
Bjerkreimsmarken.
*Foto: Elin Ravndal Bell,
Jærmuseet.*
3. Unn Iren Thorsen
på Forskernatt i
Haugesund.
*Foto: Elin Ravndal Bell,
Jærmuseet.*
4. Fredrik Kirkemo
Motland på Bø skule.
*Foto: Jan Inge Haga,
Jærmuseet.*

løfta Sciene Circus Jærmuseet fram til ny publikumsrekord. I 2003 auka Jærmuseet talet på grunnskuleelevar i organisert undervisning med meir enn ti tusen. Av desse stod Science Circus for seks tusen seks hundre, og hadde med det forsvart pengesummen Jærmuseet fekk av Den kulturelle skulesekken. Det omreisande realfagstilbodet var blitt svært godt mottatt kor dei kom. Den hausten besøkte dei førti skular i Rogaland.

I desember same året fekk Jærmuseet melding om at dei var tildelt nye åttehundreogåttifem tusen kroner i prosjektmiddel frå skulesekken for å utvida og fornya tilbodet til Science Circus. Og i august kom endå ei gladmelding: Jærmuseet var eitt av seks prosjekt som fekk støtte frå undervisnings- og forskingsdepartementet som regionalt vitensenter – med éin komma éin millionar kroner i driftsstøtte for skuleåret 2003/2004.

«Vitensenteret» i Jærmuseet omfatta i 2003 utstillingane og formidlinga på Kvia, Leonardo-utstillinga og arbeidet med pilotprosjektet/matteløftet i Sandnes – og Science Circus.

Mottakinga frå både elevar, lærarar og foreldre var overveldande positiv. Mange skular ønska også open kveld, og desse kveldane var godt besøkte. I Jærmuseet sin årsrapport for 2003 konkluderte styret med at «I ei tid kor mange skular har lite pengar til å dra på tur til museer og vitensentra, er eit slikt omreisande tilbud svært viktig. Det er dessutan god reklame for Jærmuseet og ein fin måte å gjera barn og lærarar kjende med vitensenter-ideen.»

Plutseleg hadde Ivar mindre reising, betre arbeids-



Faksimile Bergens Tidende 06. juni 2006.

tid, trygg løn, fast kontor og lagerplass – eit stort skritt fram for han og Science Circus. Men Rogaland viste seg likevel som eit utfordrande fylke å køyra i. Skulane kunne vera små og ligga utanfor allfarveg, som Feøy skule med åtte elevar. Vegen ned til båten som skulle ta utstillinga over fjorden til Feøy var så smal at det eine tvillinghjulet låg utanfor murkanten. Den verste opplevinga var likevel då han skulle til Ombo. På vegen ned til skulen var det så glatt at Ivar fann det tryggast å leggja

på kjettingar. Han stogga litt nede i bakken, men då han slepte bremsa verka handbremsa berre på bakhjula på trekkvogna, så den begynte å siga før han hadde fått fram kjettingane. Han hoppa inn i bilen og var nøydd til å fortsetta nedover, utan kjettingane som låg igjen i vegkanten. Det var temmeleg bratt på utsida av vegen, men etter litt bilakrobatikk berga han både bilen, utstillinga og seg sjølv. Og sjølvsaugt var dette ein slik dag då varmeapparatet i «hybelen» ikkje fungerte, så han overnatta på ein litt for kort sofa på lærarrommet.

Nye kolleger fekk han. Ikkje berre dei som tilhørde andre avdelingar i Jærmuseet, men lokale pedagogar som blei med på turné. Hanne Madsen var med frå 2004 til 2010, Unn Iren Thorsen mellom 2008 og 2013, Magne Hognestad frå 2009 og avdelingsleiar frå 2013, og Fredrik Motland Kirkemo sidan 2016. Også Tormod Aass, til dagleg museumspedagog på Vitengarden, har vore med på nokre turnear i 2016 og 2017.

Men engasjementet i Jærmuseet betydde ikkje at realfagsnomaden måtte halda seg i Rogaland. Ein Askøy-lærar skaffa realfagsshow over heile Vestlandet. I Bergens Tidende 6. juni 2006 kunne ein lesa følgande: «Med til Hanøy denne dagen er også Asle Moldestad, direktør ved Bergen Vitensenter. Med støtte fra Sparebanken Vest har Vitensenteret booket Jærmuseets realfag-show i fire uker fra tidlig i september. Rundturen starter i Sunnhordland og går via Indre Hardanger til kommunene nord for Bergen. Om ikke lenge blir skolene invitert til å melde seg på, helt gratis, forteller en begeistret Moldestad. Direktøren liker det han ser på Hanøy. Planen er å bygge opp noe

liknende ved Bergen Vitensenter. - Vi sender ut våre egne folk sammen med Ivar, så kan de få lære. I neste omgang kan vi drive vårt eget, sier Moldestad. Året rundt, på hjul, for realfagene.»

Vitensenteret i Bergen, VilVite, ønska seg eit opplegg tilsvarande Science Circus. Både i 2000 og 2001 hadde Ivar hjelpt stiftinga Bergen Vitensenter med ei utstilling i eit fengsel. Sjølve vitensenteret opna i 2007, men allereie i 2006 blei han hyra til ein turné i Hordaland, slik at VilVite kunne sjå og læra og koma i gang med si eiga mobile avdeling. I Rosendal blei Ivar og Marie, formidlaren han skulle læra opp innkvarterte i eit gammalt hus i Baroniet. Dei kom fram seint på kvelden, etter at det var blitt mørkt. Dei fann ein lapp og nøklar, og det viste seg at ingen andre budde der. Dei installerte seg på kvart sitt rom, men etter ei stund banka det forsiktig på døra til Ivar. Der stod Marie og ville byta. På rommet hennar var det nemleg eit skummelt skap og eit ekkelt bilde på veggjen. Så kan altså sjølv realfagsformidlarar bli usikre på kva som finst mellom himmel og jord.

I 2006 fekk Ivar besøk av leiaren og ein medarbeidar for kulturetaten i Vest-Agder. Dei hadde høyrte om Science Circus og ville finna ut kva det var for noko. Dei avtalte ein turné, og Ivar, som framleis var åleine på avdelinga, slengte fram, like før dei gjekk og mest som spøk, at medarbeidaren kunne vera med som formidlar. Nokre dagar seinare ringde ho tilbake, Barb Lamprecht Håland, og sa at ho fekk lov til å vere med. Slik fekk Ivar hjelp på tjuesju skular i Vest-Agder hausten 2006 og våren 2007.

Å vurdere målgruppe og oppdragsgjevar er sjølv-
sagt avgjerande for oppleggets suksess. Difor har det
vore mange ulike eksperiment opp gjennom åra, noko
som er kjekt for formidlarane òg. Den første utstillinga
på kjøpesentera var stor og tung. Den inneheldt mel-
lom anna modellar av kroppen og skulle formidla ma-
tematikk, fysikk og biologi. Den var altfor stor til å lasta
ut og inn kvar dag, så alle dei største eksperimenta blei
skifta ut. I dag er berre eit par av desse framleis med,
og dei fleste får plass på eit serveringsbrett. Dei har
ulik vanskelegheitsgrad innan matematikk og fysikk.
Dei set ut tretti-førti eksperiment i eit rom dei får dis-
ponera, fleire viss det er ein gymsal, færre viss det er
eit klasserom. Elevane får gå fritt frå eksperiment til
eksperiment, gjerne to eller tre saman. Gutane fore-
trekker gjerne å snurra, jentene å pusla, men mange
prøver seg på begge delar. Til dømes kan dei laga vind,
elektrisitet og varme; og dei får setja saman eller ta
frå kvarandre merkelege, men spennande, figurar.
Dei kan bygga og riva, testa styrken eller den logiske
sansen sin, rekna, og framfor alt få innsikt i korleis
fenomena i verda vår oppstår.

På oppfinnarmessa Kirkenær Show i Hedmark
hadde dei ei morosam oppleving. Ein mann stod med
puslespelet pentominer og streva i tre-fire timar før
han sa at han måtte heim. Neste dag var han tilbake og
prøvde å finna løysinga i fleire timar til før han gav opp.

På eit lærarstemne i Sogndal stod ei lita gruppe
lærarstudentar og prøvde seg på Tårnet i Hanoi. Etter
nokre timar utan å løysa oppgåva gav dei opp og sa dei
ville kome tilbake neste dag. Men før dei rakk å for-



Unn Iren. Foto: Jærmuseet.

lata lokalet, kom tre femteklassejenter bort og løyste
oppgåva med det same. Etter det såg ikkje Ivar meir
til studentane.

Undervisningstimane har også utvikla seg. I tillegg
til tidlegare nemnde fag, er det dei siste åra kome til ti-
mar i elektronikk og kjemi. Alle begynner med ein kort
introduksjon – før elevane sjølv skal arbeida og koma
fram til eit resultat eller ein gjenstand. Noko av det
mest populære er å få laga ledlykt eller løgndetektor.

Science Circus har deltatt på utallige eventar, gjer-
ne engasjert av eit næringsliv som ønsker å gjera real-
fag attraktivt for framtidens studentar og arbeidstakarar.
Då har dei fått sjansen til å gjera noko nytt, utvikla
eksperiment og opplegg som passar til oppdragsgje-
varen, temaet og det lokalet dei har til rådvelde.

I samarbeid med VilVite i Bergen utvikla dei eit
undervisningsopplegg med energitema. Det blei til-
passa Kunnskapsløftet og dei ulike klassetrinna i

grunnskulen. Dei sette seg tre mål: å presentera ulike energiformer for å visa energikvalitet; samanlikna sparepæra med den vanlege lypæra; samt å visa korleis dårleg isolasjon og dårlege vindauger fører til varmeslusing. Dei utvikla også eit heildags lærarkurs med energitema.

Til Astronomiens år i 2009 laga Science Circus eit nytt opplegg om Galileo Galilei og teleskop, eit såkalla galileioskop. Elevane bygde eit teleskop med same forstørring som han hadde. Dagen starta med eit realfagshow i gymsalen, der alle elevane på skulen kunne vera med. I klasserommet fortalde dei om Galileo Galilei, bygde galileioskop, laga stjernehjul og lærte elevane å finna fram på himmelen.

Sidan 2005 har Science Circus hatt eit årleg opplegg på Flyhistorisk Museum kalla «Leik med luft»,



Ivar på Flymuseet. Foto: Inger Smidt Olsen, Jærmuseet.

og ein aktivitetsdag for store og små, «Med luft under vingene».

I samarbeid med Norsk vind laga dei opplegget «Ein dag i vinden». Dei hadde to klassar dagleg. Den eine



Høgjæren vindmøllepark. Foto: Jærmuseet.



Ivar på Elkemprosjektet. Foto: Hanne Madsen, Jærmuseet.

klassen starta oppe i vindparken på Høggjæren medan den andre var på Vitengarden og fekk orientering om vindkraftutdanninga av elevar frå Dalane vidaregåande skole. Til slutt bygde dei vindmøller og eksperimenterte med antal mølleblad og vridninga på desse.

I samarbeid med Universitetet i Agder, Elkem Solar og Vitentimen inviterte dei åtte tiandeklassar frå

kommunane til ein lærerik dag i Kristiansand. Science Circus laga då eit opplegg med to spennande arrangement der elevane fekk prøva ut ulike teknikkar som vart nytta innan forskning og produksjon, og ikkje minst sjå korleis fag som matematikk og naturfag vart brukt i arbeidslivet. Arrangementet på Elkem Solar hadde naturleg nok fokus på solcelleteknologi, og besøket inneheldt ei omvising i silisiumfabrikken og i Elkem sine laboratorium. Vitensenterfilosofien «å læra ved å gjera» var utgangspunkt for ideen bak den solcelledrivne mobilladaren som kvar elev skulle laga. I UiA sine realfagslaboratorium lagde dei «CSI-lab». Elevane fekk ein spennande dag med å nytta ulike metodar innan fysikk, kjemi og biologi for å løyse ei kriminalsak.

På Tomatfestivalen på Kvitsøy laga dei «Tomatens klagesong». Då brukte dei tomat som batteri og kopla den opp mot ein oscillator og ein høgtalar.

Under Barnas dag i Sandnes laga dei kvikksand av potetmjøl og vatn.

Ivar har fleire gonger vore til stades på Norway Cup med ustilling og softisproduksjon. Det leda til ein artikkel ingen hugsar kva blad han han er klipt ut ifrå, ikkje ein gong kva år det var. Men han finst, og han er slik: «Tekno-teltet på Norway Cup. Ivar Nakken, daglig leder for det mobile Teknoteket Science Circus, smiler som en sol på Ekebergsletta. Tilstrømningen til de teknisk-naturvitenskaplige attraksjonene er enorm. Det yrer av liv fra morgen til kveld. Allerede før teltduken åpnes, er de første barna klare til å utforske de interaktive eksperimentene. ÅRETS NORWAY CUP var en suksess på mer enn det sportslige. Mellom kam-

pene kunne de mange tusen spillerne ikke bare kjøpe bort lommepengene, men også lære noe nytt.»

I samband med kystkulturkonferansen drog Kystverkets tidlegare fyr- og merkefartøy M/S Gamle Oksøy på tokt langs norskekysten frå Oslo i sør til Hammerfest i nord. Den hadde eitt stopp i kvart fylke. Ivar hadde laga eit lite opplegg i planetariet om vikingar og navigasjon. Dette fann dei så interessant at han fekk vere med på turen frå Tananger til Hammerfest. Planetariet sette dei opp i eit stort telt. I Ålesund blei teltet sett opp kvelden før. Om natta kom det storm. Teltet sleit bardunane og hamna på gata nedanfor. Han var ikkje så lite skjelven då han gjekk ned for å sjå om nokon låg under duken og dei tunge stengene. Heldigvis hadde alt gått bra. Dei fekk sett opp planetariet i kontorlokala til kystverket. Det var ein minnerik tur med dei gamle karane som kjende kysten som sin eigen bukselomme. Historier kom i fleng så vi var på

brua heile dagane og halve natta. Dei hadde grov sjø rundt Stad, og havblikk og midnattssol over Vestfjorden. I land var der store arrangement.

Forutan å dekkja storparten av det lange landet vårt, har dei opptreidd fleire gonger på Island, i Sverige og Færøyane. Dei besøker gjerne dei same skulane om igjen, år etter år, men opptrer vanlegvis ikkje for dei same elevane meir enn ein gong. Imidlertid hendar det at elevane flyttar på seg, og i Kopervik på Karmøy ropte plutselig ein elev til Ivar straks showet begynte: «Eg kjenner deg! Du var på skulen vår i fjor!» Ein noko overraska Ivar lurte på kor det var. «I Akureyri,» svarte eleven, «på Island!»

Science Circus har deltatt på ei mengde konferansar i Skandinavia, Australia, Portugal, Belgia, Italia, Storbritannia, Spania, Tyskland, Frankrike og Polen. Og dei har ytt oppstartshjelp til vitensentera i Trondheim, Bergen, Arendal, samt fleire andre i Noreg, Sve-



Ivar og Magne og flammekastaren på Bogafjell skole 3. mai 2017. Foto: Ørjan Zazzera Johansen, Jærmuseet.

rige, Polen og på Island som ennå berre er prosjekt.

Og ikkje minst: fram til sommarferien i 2017 har Science Circus besøkt – eller fått besøk av – to hundre og førti tusen elevar sidan den offisielle oppstarten i 1995.

Fem minutt etter at Ivar og Magne utløyste brannalarmen står seks hundre elevar stivt oppstilt på fotballbanen. Rakt og disiplinert ventar dei på å få gå inn

igjen. Ivar og Magne kikkar på frå avstand, dei lurar på kva dei har stelt i stand. «Der røyk slutten av showet,» seier ein av dei. «... Opp i røyk,» tenker eg – men i same augnblinken skjer det noko, og eg ser det, for eg fotografere dei medan det skjer, eit ord, eit blikk, eit noko. Magne spring brått bort til bilen. Og like snart kjem han tilbake, berande på ei diger tønne med svak røyk. Det



Ei røykfontene på Bogafjell skole. Foto: Ørjan Zazzera Johansen, Jærmuseet.

er ikkje kosedunken, dette, men måten Magne ber han på tyder på eit nært forhold også til denne. Han stig opp på ei ... og akkurat idet signalet går om at lærarane kan føra elevane tilbake til klasseromma, droppar Magne eit eller anna oppi tønna og ei røyksky, eller snarare ei kvit og kraftig røykfontene, stig opp. Lærarane som trur dei leiar elevane sine mot klasseromma, går plutseleg åleine som gåsemor utan ungeflokken.

Ungane har sprunge tilbake og flokkar seg omkring Ivar og Magne og tønna deira – og der! – kulminerer røykfontena i ein stor finale og ungane hyler av glede, hoppar og spring og dansar medan lærarane står framfor kvar si dør og ser tomt utover fotballbanen og elevane som har forlate dei til fordel for Science Circus. Og showet blir avslutta der, på fotballbanen, saman med seks hundre gale og lukkelege ungar som vil hugsa brannalarmen med glede. Magne er blitt litt raud i kinna, men Ivar ser roleg ut. Han er heilt cool. Avsluttinga blei ikkje som planlagt, ho blei mindre pedagogisk – men ho blei storslått. Også slik oppnådde Science Circus å visa at realfag var morosamt. For morosamt hadde dei det, elevane på Bogafjell skole den tredje mai 2017. Hundreogtjue fekk noko anna enn det som var planlagt. Fire hundre og åtti fekk meir enn dei skulle få. Og slik nådde Science Circus ut til tre gonger så mange ungar som planlagt denne onsdagen. På grunn av ein flammekastar. På grunn av ein brannalarm. På grunn av snartenkte pedagogar.

Etter at tønna er tømt for røyk og ungane motvil- lig har latt seg henta til sine respektive klasserom, ser Ivar litt på Magne. Og Magne ser litt på Ivar. Så

vender norske vitensenters grand old man Ivar Reed Nakken om og ruslar langsomt i ein rasande fart mot skulebygget. Eg gjettar på at han skal forbereda klas- seromsundervisinga. Det er framleis mykje igjen av dagen. Og det er nok difor han smiler. For Ivar smiler. Han veit at han har fleire timar igjen med realfagsfor- midling før dagen er over. Og så har han lagt merke til at eg har slått av kameraet.

KJELDER

Denne teksten står mest i gjeld til Ivar Reed Nakken og hans 40 sider lange samandrag om Science Circus' historie. I tillegg har han stilt opp på intervju og svart på spørsmål undervegs. For å supplera har eg hatt samtalar og/eller korrespondanse med Magne Hognestad, Unn Iren Thorsen, Hanne Madsen, Dag Hagenæs-Kjelldahl, Fredrik Motland Kirkemo, Tormod Aass, Andreas Wahl, Jan Alfred Andersson og Målfrid Snørteland.

Eg var med Science Circus på Bryne skule 1.2.2017, Bogafjell skole 3.5.2017 og Bø skule 24.5.2017. Eg vil gjerne takka lærarar og rektorar for tilgang til undervising og generell hjelpsamheit.

SKRIFTLIGE KJELDER

«Science Circus frå 1995 til 2016 » av Ivar Reed Nakken (ikkje publisert)

«Norges første vitensenter» av Jan Alfred Andersson (Vitensenteret Teknisk museum, Oslo 2011)

«Sirkus på Forskningsdagene» av Astrid Randen <https://www.nrk.no/buskerud/sirkus-pa-forskningsdagene-1.285282> henta 19.6.2017, sist oppdatert 22.9.2003 kl. 17.47.

Jærmuseets årsmeldingar

Tidlegare utgåver av *Sjå Jæren*

Eg har òg funne nyttig informasjon på www.tekniskmuseum.no og Wikipedia.



Størst på småmøbler

PER INGE BØE

Dette året kunne vi ønske publikum velkomne til den første byhistoriske utstillingen i nyrenoverte lokaler i Vitenfabrikken. Tema for utstillingen var møbelproduksjon i Sandnes 1870 -1970. Det er ikke første gang vi viser lokale møbler. I 2002 gikk historielagene på Jæren sammen om en utstilling på Jærmuseet som omfattet møbler fra Sandnes og Jæren. Nå har vi fokus på Sandnes. Her var ikke historien uttømt. I artikkelen blir det vist til mange møbelprodusenter som ikke var med i forrige oversikt.

Takk til alle de i distriktet som har stilt opp når vi har bedt om å få registrere og låne møbler. Per Inge Bøe og hans kollegaer har også samlet arkiv, brosjyrer og foto som utdyper historien.



Slagbenken var et vanlig møbel på 1800-tallet, særlig på bygdene. Motivet er hentet fra en stue på Motland.

Foto: Anders Beer Wilse, Norsk Folkemuseum, bildet er beskåret.

Sandnes er fra gammelt av industribyen i Jær-regionen, og de fleste forbinder nok byen med teglstein, ullvarefabrikker og sykkelproduksjon. Mindre kjent er det at Sandnes¹ har en rik møbeltradisjon og har huset over 70 ulike møbelprodusenter. Artikkelen tar sikte på å vise den omfattende møbelindustrien som vokste frem i mot slutten av 1800-tallet og følge den frem mot fallet på 1970-tallet. Her får man blant annet et glimt

inn i produktutviklingen, produksjonsprosessene og arbeidsmiljøet i næringen.

I dag er tyngdepunktet i norsk møbelproduksjon trygt plassert på Sunnmøre i Møre og Romsdal. Sandnes kommer nesten ikke med i produksjonsstatistikken for møbelindustrien, men for 50 år siden var situasjonen en annen. Da var et titalls snekkerverksteder i drift og flere hundre personer hadde sitt daglige virke

her.³ Trevareindustrien, og i særdeleshet møbelproduksjon, utviklet seg til å bli en av hovednæringene på 1900-tallet og byen ble et kjerneområde for møbelproduksjon.⁴ Den sterke utviklingen skyldes blant annet energiske og målbevisste foregangsmenn, dyktige fagarbeidere og ikke minst den sterke knoppskytingen som fant sted i hele perioden. Det meste av produksjonen gikk til det norske markedet, og man kunne få kjøpt Sandnes-møbler i møbelforretningene over hele landet.

De fleste verkstedene var små, og arbeidsstokken bestod for det meste av menn. De få kvinnene som var ansatt hadde ofte kontorfunksjoner. Arbeidskraften ble i stor grad hentet fra nærområdet, påfallende mange fra Ryfylke og Jæren. I dag er alle de tradisjonsrike verkstedene i byen avviklet, men produktene lever videre som prydgjenstander og møbler i daglig bruk.

Hva kjennetegnet så møbelindustrien i Sandnes? I starten var det i all hovedsak produksjon av enkle malte furumøbler, som den såkalte «Sandnesbenken» - en slagbenk som kunne sittes på og brukes som seng. Ofte var underdelen justerbar slik at sengen ble større eller mindre etter behov. Benken var et av de mest kjente produktene fra Mikelsens Møbelfabrikk i Sandnes, og ble solgt i store serier både regionalt og nasjonalt.⁵

Etter hvert gikk flere verksteder over fra håndverk til industridrift og drev med serieproduksjon av møbler. Produksjonen økte, spesielt etter andre verdenskrig, og Sandnes ble størst i landet på småmøbler! Hjørneskap, spisemøblement og salongbord,

ofte høyglansede og polerte, ble produsert i stor skala og fremstår den dag i dag som eksempler på typiske «Sandnesmøbler».



I den flotte villaen til familien Rovik i Jærveien på Sandnes bugner det av Sandnesmøbler.

Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.

1



1. Et salongbord med en forunderlig historie. Bordet ble først produsert av Gannsfjord Møbelfabrik, så overtok Aase Mølle & Trevarefabrikk og sluttelig Ganddal Møbelfabrikk.
2. Stol fra Aase Dreieri. Produsert ca. 1920-1930.
3. Stol med sete i gyldenlær. Produsert av O. Mikkelsen & Sønner ca. 1930-1940.
4. Hjørnsekap fra Møbelfabrikken Sola. Produsert ca. 1950-1960.
5. Hjørnsekap fra Møbelfabrikken Sola. Produsert ca. 1950-1960.

Alle foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

2



3



4



5



FRA HÅNDVERK TIL INDUSTRI

I hundreåret etter 1870 gikk møbelindustrien i Sandnes gjennom en rivende utvikling. Fra å være et etablerersted for noen få enkle snekkerverksted med produksjon på bestilling, til å huse en rekke fabrikker med flere titalls ansatte som serieproduserte møbler. Mesteparten av møblene ble solgt innenlands, men noe ble eksportert til land som USA, England, Belgia, Nederland og Island. Det var sågar Sandnes-møbler som havnet i kongelige palasser i Saudi-Arabia og hos keiser Haile Selassie i Etiopia.⁶

I 1860 fikk Sandnes status som ladested og kommune. Fem år senere, i folketellingen 1865, ble det registrert 11 snekkere og 6 lærlinger i byen. Den ene av disse var Lars Kyllingstad (1816-1891) – den første snekkeren på Sandnes som vi kjenner til laget mø-



Verkstedet til T. Kyllingstad i Langgata, Sandnes.

Foto: Jærmuseet.

bler. En annen var Ole Thorsen Bøvre (1830-1905) som blant annet hadde brødrene Mikkelsen⁷ i lære. De tidligste snekkerne drev ofte en kombinasjonsdrift med produksjon av listverk, dører eller trapper i tillegg til møbelproduksjon.

Høsten 1889 ble Sandnes Haandværksforening stiftet og tok initiativet til flere saker for å løfte håndverkerstanden i byen.⁸ Den ene gjaldt opprettelsen av en elementær teknisk skole i 1896. Skolen bar først navnet den offentlige tegneskole, senere den tekniske aftenskole, og hadde mye å si for rekrutteringen til snekkeryrket. Ikke så rent få snekkerlærlinger og svenner fikk sin opplæring her.

Til å begynne med var møbelfabrikkene utpregede håndverksbedrifter og produksjonen var for det meste bestillingsbasert. De var ikke særlig kraftkrevende, og det krevdes heller ikke mye kapital for å komme i gang med møbelproduksjon. En snekkerbenk og noen verktøy var det som skulle til i første omgang. Maskinene begrenset seg stort sett til båndsag, sirkelsag og høvelmaskin. Hovedmarkedet for Sandnesmøbler på 1800-tallet var det vestlige Norge og Sørlandet, og mye ble solgt i nærområdet. Vi har relativt liten oversikt over produksjonen av møbler i Sandnes før århundreskiftet, men mye tyder på at det først og fremst var enkle møbler i furu og bjørk som dominerte.⁹ Unntaket var Aase dreieri som allerede fra starten av produserte dreide småmøbler. Folk i Sandnes var stolte over de trehvite og malte møblene som snekkerne i byen laget, kunne en aviskorrespondent fortelle leserne sine i 1876.¹⁰



Et svennestykke var det avsluttende produktet som en snekkerlærling måtte utføre for å få godkjent og bestått på svenneprøven. På slutten av 1800-tallet og begynnelsen av 1900-tallet bodde gjerne snekkerlærlingene hjemme hos snekkermesteren og fikk kost og losji i læretiden. Dette gjelder blant annet brødrene Sven og Tønnes Mikkelsen som gikk i lære hos snekker Ole Thorsen Bøvre. Svennestykket avlegges fortsatt som en avsluttende prøve for å bestå snekkerfaget.

Til venstre: Stort skap med intarsia på to av dørene. Svennestykket til Trygve Dahle.

Til høyre: Konsoll/nattbord utført i Cubamahogny. Produsert ca. 1925. Svennestykket til Ernst Østvold.

Begge foto: Therese Espeland, Jærmuseet.



Mikkelsens Møbelfabrikk sett fra Gandsfjorden.

Foto: Ludvig Ludvigsen, Jærmuseet.

Møbelfabrikken til Mikelsen er også interessant fordi deres produksjon fulgte en generell teknologisk utvikling i samfunnet. De begynte i det små med ren håndkraft, for så å gå over til vannkraft og vindkraft. I 1878 fikk de dampkraft. Senere ekspanderte virksomheten og de tok i bruk en petroleumsdrevet motor. I 1909 ble Sandnes E-verk etablert og Mikelsen Møbelfabrikk fikk innlagt strøm samme året. Flere møbelfabrikker kom til rundt 1900 og de fikk alle nytte godt av tiden under og like etter første verdenskrig hvor det var høykonjunktur og stor etterspørsel etter møbler og snekkerarbeid.


KNOPPSKYTING OG ENTREPRENØRSKAP

I takt med den økende etterspørselen økte man også produksjonen. Møbelnæringen ekspanderte og ble en av hovednæringene i Sandnes. En viktig årsak til dette var den knoppskytingen og industriutviklingen som

fant sted. Snekkere som hadde fått sin læretid og erfaring i et verksted gikk ut og etablerte egen virksomhet. Som knoppskytingskartet viser så startet mange sin yrkeskarriere hos Aase dreieri for siden å ta med seg erfaringen inn i egen bedrift. Man kan si at Aase dreieri ble en «rugekasse» for mange av de møbelbedriftene som etablerte seg i Sandnes etter første verdenskrig. Det var ikke få arbeidere fra dreieriet som tok steget og bestemte seg for å bruke kunnskapene de hadde fått under ledelse av P.O. Løvaas til å starte for seg selv.

Men også fra andre møbelverksteder kom nye tilskudd. Man ser klare tendenser til at når en bedrift la ned sin virksomhet, stod en ny klar for å overta både produksjonslokaler og utstyr. At det var konsentrert mange bedrifter i samme området virket stimulerende. Blant annet gjennom den erfaringsutveksling og spredning av håndverksmessige ferdigheter som skjedde når arbeiderne byttet arbeidsplass. Det oppsto en selvforsterkende kraft i møbelindustriutviklingen. Flere ble tiltrukket miljøet der det allerede eksisterte kompetanse for trebearbeiding og fagmiljøet ekspanderte. Dette gjorde seg særlig gjeldende for møbelindustrien på Ganddal.

En fabrikk blir ikke til av seg selv. Noen måtte ta initiativ, se mulighetene, utvikle planer, skaffe ressursene, bygge fabrikk og starte produksjonen. Møbelindustrien i Sandnes vokste fram og levde godt takket være industriledere med gode evner innen produksjon, salg og produktutvikling.¹¹ Sentralt i dette møbelevenstyret var det spesielt to personer som utmerket seg, nemlig Peder O. Løvaas og Sven Mikelsen:



Peder Løvaas, utsnitt av bilde med de ansatte hos Aase Dreieri fra 1909.
Foto: Henrik Wiig, Jærmuseet.

Utsnitt av knoppskytingskart. Med utgangspunkt i Aase Dreieri.

PEDER O. LØVAAS – «KROBAREN»

Peder O. Løvaas bygde opp Aase Dreieri (1884 – 1980) fra bunnen av til å bli en av landets ledende produsenter av småmøbler. Han sysselsatte en stor arbeidsstyrke fra nærområdet, og dreieriet var i flere tiår den største møbelprodusenten i Sandnes, i noen år sågar Norges største i sin bransje. Det skulle vise seg at hans håndverksinnsats i sterk grad bidro til å utvikle Sandnes, og da spesielt Ganddal, til å bli et senter for norsk møbelproduksjon. Bragden ble ikke mindre av at Løvaas var sterkt handikappet og måtte krype rundt på alle fire.

SVEN MIKELSEN – «MIKELSEN DYNASTIET»

Mikelsens møbelfabrikk ble startet av Sven Mikelsen i 1868. Bedriften ble værende i familien i 100 år, og ble ikke avviklet før i 1968. Under Svens dyktig ledelse varte det ikke lenge før verkstedet gikk over til fabrikkmessig fremstilling av møbler, vinduer, dører og annet trevirke, og der ble foretatt store utvidelser med anskaffelse av tidsmessige maskiner, drevet med ekstern energi som dampkraft, petroleumsmotorer og elektromotorer. Fra 1897 satset de stort på fabrikkasjonen av furumøbler og bedriften hadde fått et betydelig marked, ikke bare i Norge, men også på Island og Færøyane. Både Sven og broren Tønnes har satt dype spor i møbelindustrien i Sandnes. Historien viser at flere møbelbedrifter i byen har båret Mikelsen/Mikkelsen navnet. Alle er knyttet til brødrene Sven og Tønnes, og deres etterkommere.



Aase Dreieri ble anlagt ved Storåna i Ganddal og brukte blant annet vannkraft fra elva til å drive de ulike maskinene.

Foto: I privat eie.

ORGANISERING OG SANDNESHISTORIENS FØRSTE STREIK

Jo mer man kan tenke seg inn i de vanskelige forhold som Ole Indrebø har arbeidet seg frem under, og ikke minst å oppnå et så stort resultat, jo høyere vurderer man han og hans heltebedrift. Han var en nydyrkingens helt. Selv la han vekt på, når han talte om sin nydyrking på Indrebø, at han alene hadde snudd hver torv. Hele nydyrkingen var altså hans personlige verk.

En av sønnene hans har bodd hjemme de siste årene og deltatt i drift av gården. Ole selv kunne i de senere år ta det roligere. Han sluttet å gå på arbeid

hos andre, men hjemme var han like virksom. Den 65-årige iherdige nydyrker ble sett sist høst i ferd med å bryte jord som i sin ungdom. Han var rask og arbeidsfør. Det var derfor ganske uventet at man fikk høre at han var avgått med døden. Han døde plutselig av hjertelammelse i slutten av oktober.

Ole Indrebø var en stillferdig og sympatisk mann. Hans ettermæle i bygden er det beste. Han og hans hustru har gitt seg selv det best talende ettermæle i deres nøysomme og oppbyggende arbeidsliv. I gården Indrebø har de selv reist seg et imponerende, varig monument over deres store livsgjerning.

GAARDBRUKER T. L.



Småsporven og heimstad-illustratøren

biletboka som vart til utstilling

INGER LISE BELSVIK

27. mai 2017 opna Garborgsenteret ei ny utstilling. Ho fekk namnet «Småsporven» etter barneboka med same namnet, illustrert av Inger Lise Belsvik og med dikt henta ifrå Haugtussa. Me bad Belsvik fortelja om historia bak bilda, boka og utstillinga som står til april 2018.

Inger Lise Belsvik er ein populær og ettertrakta kunstnar som har illustrert mange bøker og har motteke fleire prisar for illustrasjonane sine.



I 2001 skulle det vere Garborg-år. Då var det 150 år sidan diktaren vart fødd. Det var forsåvidt 40 år sidan eg sjølv vart fødd, men eg trur ikkje det var grunnen til at Guri Vesaas, barnebokredaktør i Samlaget, spurte om akkurat eg ville lage bilete til nokre av dikta hans. Kan hende var det fordi ho visste at eg kom frå det same landskapet som Arne Garborg? Ho meinte i alle fall at fleire av dikta kunne fungera ypperleg for barn,

og håpet var at me saman skulle få til ei dikt-biletbok. Guri Vesaas var oppteken av at barn skulle få møta dikt, og at det skulle vere gode dikt òg. Dette skulle vel ho vite noko om, oppvaksen på garden Midtbø i Vinje, som dotter av Halldis Moren Vesaas og Tarjei Vesaas.

Guri hadde gjeve meg fleire illustrasjonsoppdrag tidlegare, og eg hadde begynt å få ein del biletbok-erfaring med andre forlag og andre redaktørar òg, så



smått. Guri og eg hadde fått ihop tre dikt-biletbøker pluss ein dikt-antologi saman. Alle skrivne av forfatarar som til vanleg skreiv for vaksne; Arnljot Eggen, Eva Jensen og Solveig Sivertsen, mellom andre. For Guri hadde den gåva at ho kunne overtala gode forfatarar til å prøve å skrive for barn. Nå var det sjølvaste Arne Garborg sine dikt som skulle transformerast til barnleg, visuell lektyre. Håpet og utfordringa var at bi-

leta mine skulle kunne leia dei inn i verda til Veslemøy, der ho gjeng og vekselvis lengtar og syng i fjellet. At dei skulle le med småsporven som på leikent vis ertar Monsekatten. Og Mons som ikkje greier å fange han, og berre må sleike seg om trut. Saman med mine illustrasjonar håpa Guri at me skulle klare å lage ei bok som både små ungar og foreldra deira kunne bli glad i.

Når eg illustrerer for barn, tenker eg alltid på lese-



situasjonen. Korleis foregår det, når boka blir opna og det er tid for lesestund? Sjølv sagt lesest ei bok på mange måtar, men eg ser denne situasjonen føre meg når eg jobbar med ei biletbok: Det er eit barn og ein vaksen som skal lese boka saman. Dei skal gå inn i boka, bruke tid, vere der ei stund. Bileta skal gje dei ein grunn til å bli der lenger enn det tek å lese teksten, og eg vil at dei

skal gje teksten noko å sprette mot, eit rom med veggar. Kan hende er ikkje barnet stort nok til at det sjølv kan lese teksten, eller så er det berre så koseleg at det er ein nær vaksen som gjer det. Dermed kan barnet konse på bileta. Kanskje sit barnet på fanget til den vaksne, i den gode, digre lenestolen. Kanskje ligg dei allereie begge i senga? Så trygt og koseleg! Med boka open



framfor seg, kan dei saman gå inn i biletverda i boka, medan den vaksne les orda. Slik trur eg det kan vere.

Det å bli spurt om å illustrera Arne Garborg, var kjekt på fleire måtar. Dikta som vart veld ut var spretne og humoristiske, og gav rom for leikenheita, syntes eg. Straks eg fekk manuset og begynte å lese, fekk eg bilete opp i hovudet. Alltid eit godt teikn for ein illustratør. For når

ein illustrerer, er det ikkje alltid ein kan tenkje ut på kalkureande vis kva som kan bli fine bilete til teksten. Ofte er det motsett, at ein berre må teikne umiddelbart, fylgja intuisjonen, så å seie. Slik er det med meg, i alle fall. Eg lagar mange skisser, javisst, men mange gonger ender eg opp med det fyrste eg teikna, den fyrste idéen. Erfaringa er at det ofte er det umiddelbare som treff barnet



som ser bileta òg. Dei beste bileta er dei som kjem lett.

Ein annan grunn til at det var gildt at det blei akkurat meg som fekk vera illustratør på dette prosjektet, var som sagt at eg sjølv er fødd og oppvaksen på Jæ-

ren. Men etter at eg vart vaksen, gjorde eg østlending av meg og budde og arbeidde som illustratør i Oslo i mange, mange år. Her stifta eg familie, og her blei eg buande. Men lengta heim, det gjorde eg, både titt og



ofte. Eg lengta etter strendene med den kvite sanden; dei flate, lysegrå berga; heiene og lyngen; måten det regnar på. Til og med småsporven er sjeldnare å høyre i hekkane i Oslo enn her! Med Garborg sine dikt fekk

eg leve meg inn i alt saman om att. Det var som å vere heime. Ein snakkar om heimstaddikting; at ein forfattar i grunnen alltid diktar om sin eigen barndom, og staden han eller ho kjem frå. Eg trur eg er ein heim-



stadillustratør. I min hjerne ligg alt eg såg og opplevde i mine fyrste år. Det trur eg Guri Vesaas visste då ho spurte meg om å vera illustratør den gongen.

I briefingen frå Guri låg det klart at ein del av oppgåva mi var å gjere dikta aktuelle att. Det var 106 år sidan Garborg skreiv desse dikta, og ho ville at dei skulle bli nye att. Det var ikkje snakk om å endre språk-

ket i dei, så fornyinga måtte ligge i bileta. Det skulle ikkje vere gamal redskap, hus utan strøm eller jenter i fotsid stakk. Derfor finn de nymotens «traktoregg» på jordene, espressokanne på omnen og høyspentmaster utover landskapet på mine jærbilete. Og jenta har bukse og vindtett anorakk! Slik har eg prøvd å få orda til Garborg til å passe også i dag.



Nå har eg altså flytta heim att. For to år sidan vart eg jærbu att, og får leva i Garborg si verd kvar dag. Det er noko eg sett pris på. Kan hende legg ein betre merke til naturen, den store himmelen og lyset, at ein har dei fleste årstider på éin og same dag, at det fer traktorar langs vegane, at folk er utruleg lugne og tålege sjølv om det bles heile tida, når ein har budd

vekke i 30 år? Kanskje var det lettare å fange alt dette i bileta fordi eg ikkje var her då eg laga dei? Eg veit ikkje, men eg er gler meg over det nå, alt saman. Og uansett var det då han fekk sjå denne boka at far min for første gong verkeleg skrøyte av arbeidet mitt. Og han som er ein innvandra trønder, ikkje ekta jærbu ein gong! Eg syns det seier ganske mykje.



Bunadsjenter og dressgutar

JORUNN OSLAND

Bunaden har hatt ein vekslende popularitet frå den tid Hulda Garborg fremma drakta som symbol på norskdom for meir enn hundre år sidan til dagens bunad som like mykje er eit statussymbol. Den utviklinga som starta sist på 1900-talet har ført til at det er store kommersielle interesser knytta til dei mest populære bunadane. Det kan m.a. lesast av i dei mange bunadforhandlarane med produksjon i utlandet.

Populariteten viser seg også blant dei kvinnelege konfirmantane. Den sida tar Jorunn Osland for seg i denne artikkelen. Ho stod sentralt i arbeidet med bunadutstillinga «Habitt/profitt» på Garborgsenteret i 2016 – 2017.

Hanna Friis var konfirmant våren 2016. Frå Hanna vart fødd hadde det vore bestemt at ho skulle få arva far-mora sin telemarksbunad til konfirmasjonen. Dermed var Hanna blant dei 94 % av konfirmantjentene som var bunadskledde i Time den våren. Av dei 103 gutane var det berre éin som hadde bunad. På spørsmål om kvifor dei valde bunad, svarte jentene:

For det er tradisjon, norsk og det er stas og fint.

Det er berre ein sjølvfølgje at eg skal ha bunad.

Det er normalt i min familie å ha bunad.

For det er fint, og eg og familien min vil det,

og litt med at det skal vera bunad i konf.

Gutane var like samstemte i at dress var det sjølvsgatte klesvalet. Marius Rimestad var den einaste guten som valde bunad. Om gutar i bunad sa han: «Nokon ser jo betre ut med det. Men som regel så passar jo dei fleste jenter det. For gutar er det litt meir spesielt. Og som sagt er eg jo den einaste her som har det liksom. Så det er jo ikkje så veldig normalt.» Resten av gutane ser ut til å dela oppfatninga hans, og eit stort fleirtal av dei (94%) valde å gå i dress. Kvifor valde dei dress?

Eg synest det er finast med dress,

synest jenter passer betre i bunad enn gutar.

Fordi det er normalt.

Det e sexy.

Her er det altså fleire som meiner at det er dress som er det normale for gutar, mens bunad passar fint til jenter.

HABITT/PROFITT – BUNADSUTSTILLING PÅ GARBORGSENTERET

Bakgrunnen for kartlegginga av klesvala til konfirmantane våren 2016 var Garborgsenteret si bunadsutstilling «Habitt/profitt – bunad i dag» som opna 22. oktober 2016. For mange heng bunad saman med konfirmasjon, og det er blitt stadig vanlegare å få bunad til konfirmasjonen, i alle fall for jenter. Konfirmasjonen har vore ein høgtidsdag, og ein dag for nye stasklede alltid. Men med tida har konfirmasjonsklede i større og større grad vorte synonymt med bunad for jentene sin del. I Jærmuseet sine samlingar finn ein spor av bunadskledde konfirmantar tilbake til 1949, men tradisjonen skaut for alvor fart utover 1980-talet.



Utstillinga «Habitt/profitt – bunad i dag» på Garborgsenteret 22.10.2016–17.05.2017. Foto: Jærmuseet.

I arbeidet med å utvikla bunadsutstillinga valde utstillingsgruppa å sjå nærare på korleis bunaden har blitt knytt til konfirmasjon, før og i dag. Derfor gjennomførte me ei spørjeundersøking på heile 9. trinnet i Time

kommune. Dei fleste konfirmerer seg på vårparten i 9. klasse, enten det er gjennom kyrkja eller andre livssynssamfunn, så ei undersøking gjennom skulen fanga opp flest mogleg av konfirmantane. I tillegg er der jo ein del som ikkje konfirmerer seg, og enkelte av desse svarte nok på spørjeskjemaet. Likevel meiner me at resultatata er relativt representative for konfirmantgruppa. Totalt fekk me inn 192 svar på spørjeskjemaa, det vil seia at omtrent 80 % av ungdommane svarte. Frå desse svara plukka me ut fem ungdommar som me gjorde nærare intervju med. Alle desse fem fekk beskjed om å ta med ein venn på intervjuet, for å skapa ei meir avslappa samtalestemning og intervjuet vart filma.

Intervjua og taldata frå spørjeundersøkinga vart brukt til ei framstilling av bunadsbruken blant dagens konfirmantar. Dette vart presentert gjennom to plan-sjar med diagram, og ein videomontasje. I tillegg til fokuset på konfirmantar før og nå retta utstillinga fokus mot profitt-elementet i dagens bunadsproduksjon. Bunad er blitt big business, og der er mange aktørar om beinet. Desse aktørane bruker ulike strategiar for å tena pengar på bunadsglade kjøparar. Utstillinga viste gjennom avisklipp og såkalla «spin-off»-produkt, som bunadshårklyper, den mangslungne bunadsmarknaden. Kor går grensene for kva som er greitt? Finst det etiske grenser for kva forbrukarane skal godta? Utstillinga reiser vanskelege spørsmål som gjer seg gjeldande i dagens bunadsmarknad.

HULDA GARBORG OG BUNADSARBEIDET

Ordet bunad er eit gammalnorsk ord for klede og anna utstyr knytt til heim og husstell. Bunadsomgrepet vart



Hulda Garborg. Bunaden ho har på seg er ein Golsbunad som ho har endra noko, blant anna har ho fjerna forkledet og redusert vidden på stakken.

Foto: Eivind Enger, Nationalbiblioteket.

gjeninnført av Hulda Garborg som eit samleord for tradisjonelle folkedrakter og meir tidstilpassa versjonar av desse. I Heimen-artikkelen «Valdrisbunad etter gamle

mynster» (For Bygd og By 1914) uttrykker ho mykje av det som på mange måtar blir ei programerklæring for bunadsarbeidet hennar. Heilt sentralt er tanken om at bunadane må vera tidhøvelege: «Ein bunad skal ikkje vera evig eins; den kann sjølvsgatt – og skal – utviklast som alt anna, naar han kjennest uhøveleg. Me kann ikkje gaa ikring aa vera museumsgjenstande.»

Bunadsarbeidet kom som ein del av norskdomsrørsla på 1800- og 1900-talet. Det var del av ei større europeisk nasjonalromantisk bølge, der ein hadde fokus på at ulike folkeslag hadde kulturell eigenart og utgjorde nasjonar som burde få råderett over seg sjølv. Den norske eigenarten skulle ein finna i bonde- og bygdekulturen – denne vart sett på som det ekte, ubesudla norske. Tida og landet var klar for ein eigen nasjonal identitet, etter mange hundreår underlagt Danmark og Sverige.

Hulda Garborg var ei sentral eldsjel i dette arbeidet, og var djupt og inderleg engasjert i omtrent alle aspekt ved den norske folkekulturen. Bunadsinteressa kom som ei naturleg følge. I første omgang trekte ho fram dei lokale draktene for å ha passande klede til folkeviseleiken. Vidare fekk ho eit omfattande innsyn i dei varierande drakttradisjonane rundt om i landet gjennom sine mange reiser og turnéar.

Synet på bunadar og folkedrakter har endra seg litt gjennom tida. Då Hulda Garborg tok tak i drakttradisjonane tidleg på 1900-talet, var ho opptatt av å tilpassa bunadane til samtida. Ho fjerna og la til element, valde lettare stoff og framelska rosesaumen. I Heimen-artikkelen (1914) kjem ho med fleire gode råd for god bunadsbruk:

«Og altfor smaaplente skal me ikkje vera. Me fær lempe so smaatt der lemping trengst; daa held me lettare uppe det gode i det gamle. So hev dei stelt seg fyrr og. Det gjeld berre um at stilen ikkje vert skjemd eller heilskapen skipla.»


Ho hadde òg eit sterkt fokus på at ein skulle bruka norske, lokalproduserte materiale. «Det er ikkje rimeleg aa ta upp bunader av silke og anna dyrt kaupety. Tvertum.»

Dette prega mange av bunadane som vart konstruerte i første halvdel av 1900-talet. Seinare vart det eit større fokus på det historisk korrekte, bunadane skulle sjå ut slik som folkedraktene ein gong hadde vore. Då blei også silke og fløyel del av bunaden, slik importerte stoff eingong var del av folkedraktene.

NORSK KLÆDEBUNAD

Hulda var særskild god til å skapa begeistring og få både folkedansen og bunadane ut til folket og i bruk. I 1903 gav ho ut Norsk Klædebunad, den første norske bunadboka. Den vesle boka var på om lag 30 sider og inneheldt skildringar av fire norske bunadar og nokre færøyske drakter. Her sleppte Hulda laus sine eigne tankar, vurderingar og kommentarar rundt dei bunadane ho tok for seg.

Om setesdalsbunaden skriv Hulda: «Klædebunaden i Sætisdalen er gild og byrg, og høver framifraa aat den staute sæbyggjen, men sjeldan so godt aat mindre eller veikare folk.» Vidare skriv ho om hår og hovudplagg i Hallingdal: «Men dei snodige haaruppsettingane med skuvar, som dei brukar sume stadir i Hallingdal (Aal og Hol), er det vel mindre verdt aa taka



upp. Det skal vera so seint eit arbeid aa setja haare upp etter dei maatane, at det nok helst vert lengi millom kvar oppsetjing; og det er ikkje som det skal vera. Kvar dag, og helst tvo gongir um dagen, maa eit langt haar under kam og kost, skal det halde seg reint millom kvar vask; og millom kvar vask maa det ikkje gaa meir enn 3 høgst 4 vikur.»

I 1917 kom Norsk Klædebunad i ny og utvida utgåve. Her hadde Hulda Garborg fått med bunadar frå omtrent heile landet, og ho hadde revidert noko av teksten frå den første utgåva. Nyutgivinga vart rikt illustrert med 100 fotografi og fargelagde mønsterteikningar.

Boka gav òg informasjon om korleis ein kunne få seg bunad. Hulda Garborg meinte at kven som helst kunne klara å sy seg bunad sjølv. Ein bunad skulle ikkje vera dyrt og vanskeleg å skaffa seg. «Det beste ved dei mest aalmenne bygdebunadane vaare er, at dei er heilt heimearbeid.»

Det var ikkje alle stader i landet at ein hadde drakttradisjonar som passa seg, i følge Hulda. Eit eksempel var Valdres. Der kjem ho med framlegg til bunadar bygga på enkeltplagg: «ein vanleg Livkjole med Valdrissaum (etter ei gamal sers fin Luve av graabrun Fløyel, sauma i vene Haustfargar; noko av Mynstre er òg teke fraa eit gamalt utsauma Halsplagg.)» Slik oppstod grunntanken som dei mange broderte bunadane bygger på. Denne måten å utvikla bunadar på vart svært utbreidd utover 1900-talet, og både vanleg rogalandsbunad og jærbunaden Karen er vidareføringar av denne tanken.

BUNADSKATEGORiar

Bunadsomgrepet blir i dag brukt litt ulikt. På folke-
munne blir det brukt om alle typar festdrakter – alt frå beltestakkar via rekonstruerte folkedrakter til SparKjøp-bunadar. I folkedraktforskinga skil ein mellom bunad og folkedrakt. Folkedrakt er den lokale klesdrakta frå tidlegare tider, med sine variasjonar og bruksmåtar. På 1700-talet kledde norske bønder seg i

drakter som var prega av europeiske motar, men som likevel var ulike frå ei bygd til ei anna. Bunadar, slik ein bruker ordet innen folkedraktforskinga, er drakter som kun blir brukte som festdrakter, dei har aldri vore i bruk som vanlege klede.



I Setesdal er det ubrotten tradisjon frå folkedrakt til bunad, kategori 1. Kvinna frå Valle blei fotografert av Norsk Folkemuseum i 1967. Foto: Sjur Fedje, Norsk Folkemuseum.

Norsk institutt for bunad- og folkedrakt har utarbeidd ei inndeling av bunadstypar i fem kategoriar. Desse fem kategoriane finn ein blant anna i bruk i det rådande oppslagsverket innan bunad, «Norsk bunadleksikon».

Kategori 1 er bunadar som representerer siste lekk i ei folkedraktutvikling, altså draktskikk som fortsatt var i levande bruk då han fekk «bunadsfunksjon». Setesdalsbunaden er eit døme på ein slik kategori 1-bunad. Det levde fortsatt folk som gjekk i folkedrakta som «vanlege klede» då klesdrakta vart tatt i bruk som bunad. Ein kan òg sjå att den levande draktskikken i dei mange ulike bruksvariasjonane – eigne kvardags-, sundags- og brureklede, og ulike plagg til ulike årstider og aldersgrupper.

Bunadar med bakgrunn i folkedrakter som er gått ut av bruk, men ikkje gløymde, utgjør kategori 2 i bunadsinndelinga. Bruken av beltestakk frå Telemark vart tatt opp igjen rundt 1960. Då fann ein fram gamle draktplagg og brukte dei som bunad. Etter kvart vart nye beltestakkar sydde etter mal av dei gamle som var i folkedraktbruk i perioden 1850 – 1900.

I kategori 3 finn ein bunadar som er systematisk rekonstruerte på grunnlag av bevarte, gamle folkedraktplagg frå same område og periode. Den rekonstruert kvinnebunaden frå Ryfylke er eit eksempel på desse bunadane. Den er utarbeidd på grunnlag av gamle plagg og har eit mangfald av ulike stoff å velja i, både til stakk, vest og trøye. Dette gir svært individuelle og varierte kombinasjonar, og dermed langt mindre «uniformspreg» enn det ein ofte forbind med bunadar.

Festdrakter som er laga på grunnlag av tilfeldig

og mangelfullt draktmateriale høyrer til kategori 4. Her finn ein mange av dei bunadane som vart utarbeidd i kjølvatnet av Hulda Garborg. Deriblant er den vanlege Rogalandsbunaden som vart utarbeidd av Magnus Våge på 1920-talet. Han tok utgangspunkt i ein kombinasjon av gamle draktplagg, bilde og skildringar av drakttradisjonar i fylket på 1800-talet. Dei tidlege Rogalandsbunadane skil seg ein del frå dagens, i det at dei var meir eller mindre frie for broderi. Dei ulike



Til venstre: beltestakk frå Telemark. Modellbunaden tilhøyrer Norsk Institutt for Bunad og Folkedrakt og er døme på kategori 2. Til høgre: rekonstruert kvinnebunad frå Ryfylke er døme på systematisk rekonstruksjon av eldre draktskikk. her er kvinnedrakta frå tida 1780 - 1810 utgangspunkt for ein bunad i kategori 3.

Foto: Ørjan Johansen, Jærmuseet og Helge I. Ødegaard.



Til venstre: Rogalandsbunad med Jelsamønster. Denne bunaden er døme på kategori 4; bunadar som bygger på eit tilfeldig og mangelfullt draktmateriale.

Til høgre: Karendrakta, også kalla jærdrakt, er døme på kategori 5; bunadar som heilt eller delvis er fritt komponerte.
Foto: Anne Lise Nordheim, Nordaker bunader og Anna Nesvik, i privat eige.

broderimønstra vart utvikla vidare utover 1900-talet. Jelsamønsteret har eksempelvis ei gammal, brodert pålue som grunnlag. Broderiet frå lua vart kopiert og tilpassa dei ulike draktelementa: sjal, forkle, lomme og lue. Fleire bunadsprodusentar har sine egne versjonar av denne Rogalandsbunaden, med små variasjonar.

Bunadar som heilt eller delvis er fritt komponerte tilhøyrer kategori 5. Karendrakta, også kalla jærbusunad, er ei slik drakt. Bunaden vart designa av Halldis Hognestad tidleg på 1980-talet. Ho henta inspirasjon

frå den jærsk naturen, og komponerte ei drakt i bunadsfasong med rognetre, jonsokblom og andre natu-relement i broderia.

KVA VEL KONFIRMANTANE?

Kjennskap om ulike bunadstypar finn ein lite av blant konfirmantane, så det er ikkje ein faktor som påverker vala deira. Familie og lokal forankring ser ut til å vera dei avgjerande faktorane for bunadsvala til konfir-mantane i undersøkinga. Dei er i liten grad opptatt av bakgrunnen og historia til bunaden dei skal ha.

Nei, eg har bare alltid... I familien så har alle bunad, så då har eg alltid villa ha det. (Ina)
Eg har alltid hatt bunad og synes det er fint, alle i familien har. (Ina)
Jeg syntes det er fint med bunad. Og de fleste i familien har bunad. (Miriam)

Familie er altså viktig for kva klede ungdommane vel til konfirmasjonen. Det gjeld ikkje berre dei som får seg bunad, men òg den dresskledde gutehopen. Alexander uttrykte det så fint: «Det var jo mest mor mi som bestemte kva eg skulle ha på meg. Men eg var jo sjølvsagt med, ho fekk kje lov til å kjøpa klede utan meg.»

I tillegg er som nemnt den lokale forankringa viktig for bunadsvala til dei fleste. Av dei som skal ha bunad, har heile 88% valt bunad med tilknytning til Rogaland. 11% har valt bunadar som høyrer til der foreldra eller besteforeldra er frå.

Eg valde rogalandsbunad fordi eg synst det er veldig fint med bunad, og så er det noko du kan

ha heile livet og bruka på forskjellige anledningar. Og så er det veldig kjekt å gå med bunad. (Miriam)
Bor i Rogaland, og valgt derfor rogalandsbunad (veldig fint). (Miriam)
Syns det ser bra ut. Mors familie har alle. Vil føre en «uoffisiell tradisjon». (Marius)

Her er det tydeleg at ungdommane si eiga oppleving av lokal tilhøyrsløse kan bety like mykje som kva resten av familien meiner. Rugile frå Litauen skal få seg bunad, sjølv om han ikkje blir klar til konfirmasjonen. Ho fortel at då mora spurte henne om ho ville ha bunad, var ho ikkje i tvil. Hennar oppleving av å vera norsk og rogalanding var så soleklar at det måtte bli bunad på henne òg. Men ho vurderer å ta med innslag av litauisk drakttradisjon, kanskje ein hatt?

Alternativet for jentene er som regel ein flott kjole. Oliwia gjekk for dét alternativet, og ho fortel at kostna-den vart det avgjerande for henne. «Eg skulle eigent-leg kanskje kjøpa bunad, men så synst eg det var litt dyrt, så eg ombestemte meg. Eg tenkte at eg kanskje heller kunne kjøpa det seinare.»

Eitt av dei mest brukte argumenta for å velja bunad var at det er dette som er «vanleg». Mange av jentene meinte at det skal vera bunad i konfirmasjon, det er tradisjon og nærast ei sjølvfølge. Dei føler seg ekstra fine i bunad. Det er eit staseleg plagg, noko ein kan ha heile livet, og ei drakt for høgtidelege feiringar. Fleire uttrykte at dei kjende seg stolte over å kunna bruka bunad, og drakta demonstrerer geografisk tilhøyrsløse. Mange av gutane har ikkje ein gong vurdert bunad. Det freistar ikkje, og fleire synst det er stygt, medan

dress gjer at ein ser både kul og mandig ut. Dressen kan dessutan brukast i fleire samanhengar enn bunad og er meir komfortabel å ha på seg, hevdar dei. Nokre vil heller ha pengar enn bunad. Mange av gutane er samde om at bunad passar best på jenter. Somme gutar har tenkt å skaffa bunad når dei blir eldre og kroppen er ferdig utviklen.

Ein bunad er eit kostbart festplagg og kan gjerne kosta mellom 30 og 80 000 kroner, avhengig av kva for bunad ein skal ha, og kva for sølv og anna utstyr ein vil ha til. Dei fleste konfirmantane får drakta i gåve, gjerne frå foreldre og besteforeldre, eller dei arvar. Enkelte er med og betalar noko av bunaden, medan eit par av konfirmantane kjøper bunaden sin sjølv. Nokre låner drakt til den store dagen. Hanna Friis var blant dei som arva bunaden sin våren 2016.

Eg synst at det var veldig kjekt at eg fekk farmor sin (bunad). Då kan eg tenka på henne når eg går med han – veldig kjekt å arva noko, synst eg. (Hanna)

KONFIRMASJONSKLEDD PÅ GAMLE JÆREN

Tradisjonen med å få seg nytt og fint antrekk til konfirmasjonen går langt tilbake. Ved konfirmasjonen var ein vaksen, og då trengte ein skikkelege vaksenklede. I Jærmuseet sitt arkiv finn ein dette fotoet av ei kvinne frå Varhaug i 1921. Ho har kledd seg opp for å visa korleis konfirmantane kledde seg i åra fram til 1870. Då hadde dei ein brodert «snipp» av tyll. Under denne var det ei lue, «pålahue», som ofte var i brodert silke. Lua var knytt med breie silkeband. Skuldertørkle i møn-

stra silke var eit festplagg. Kvinna blei også fotografert med kvit lerretssnipp over lua, og tre stykke brodert tyll inn under lua. Det skal ha vore ein eldre type hovudplagg på Jæren.

Fotoet frå 1921 stemmer godt med det Joakim Grude skriv om kvinnedrakta på Jæren på 1800-talet:

«Som Kirkedragt bares paa Hovedet en liden Hue med flad bagudvendt Pull af kuløret Silke og med bre-



Konfirmasjonskledd kvinne frå Varhaug. Slik kledde konfirmantane seg i åra fram til 1870. Fotografiet er frå 1921. Foto: J. B. Carlsen, Jærmuseet.

de Silkebaand, knyttede i en stor sløife under Hagen. Om Huen bares en hvid, noget mer end haandbred «snip», - en liden sammenfoldet hvid og fint strøget Dug -, der vikledes udenpaa Huen om Hovedet og under Nakken saaledes, at det i Midten skilte Pandehaar var frit. Snippen omvikledes atter med fingerbrede hvide Baand, der knyttedes i en Sløife i Nakken. Under Sorg saavel som ved Altergang og andre høitidelige Leiligheder bares af de gifte Kvinder et «stort Hodeplag» - et skautlignende, fintstrøget hvidt Tørklæde -, der var skudt fremover Panden og sammenhæftet under Hagen Paa Konfirmationsdagen bares en hvid «Kniplingsnip» (formentlig hollandsk). Den bares udenpaa den alminnelige Sniphue og fæstedes som snippen med omviklede smale Baand. Den rakte med Kanten fremover Panden og omsluttet fuldstændig Ansigtet. Paa Konfirmationsdagen bares for første Gang de Voksnes Dragt. Kniplingsnippen bares ogsaa efter Konfirmationen af baade Yngre og Ældre, saaledes af de kvindelige Faddere ved Barnedaap og i Brylluper paa «Graudadagen».

Sofie Helleve, f. Årsland 1935, stod konfirmant på Nærbø i 1949. Ho fortel:

Eg vaks opp i «stasjoen» på Nærbø, og vart konfirmert i Nærbø kyrkje 25. september 1949. Den tida var det vanleg at jentene hadde fotside kvite kjolar, og det trur eg varte til konfirmantkappene kom. Eg trur at nokre av mødrene hadde samsnakkast om at døtrene deir skulle få bunad til konfirmasjonen. Dei siste åra hadde bunadar kome meir i bruk på 17. mai t.d., og syster mi hadde fått bunad året før.

Det var vanskeleg å få fatt i stoff og utstyr til bunadane. Husfliden forhandla ikkje slikt på den tida, men Nordaker i Stavanger hadde noko. Vidare fortel ho:

I kyrkja stod konfirmantane alfabetisk, me var 5 jenter i bunad og me stod sist i jenterekkje. Dagen etter reiste 4 av oss til Stavanger for å verta fotograferte. Eg trur nok at me vekte litt åtgauv både på toget og i Stavanger.



Bunadskledde konfirmantar frå Nærbø i 1949. Den gong var det ikkje vanleg å få bunad til konfirmasjonen.

Foto: Hakon Johannessen, Jærmuseet.

KVIFOR VEL DEI BUNAD?

Dagens konfirmantar er i lita grad bevisste på historia rundt dei norske bunadane. På spørsmål om dei veit noko om bunadstradisjonar, vert dei flakkande i blikket, fniser og ser ned. Emilie svarer ærleg at ho «tenker kje så mykje over det liksom.» Hanna fortel vidare at ho ikkje tenkte over tradisjonar då ho valde bunad, det var ikkje ein medverkande faktor i valet hennar. Rugile har tenkt litt meir på det, og konkluderer med at «Eg føler det betyr at me er norske då.»

Ungdommane er lite opptatt av bunadstradisjonar. Men det dei er altså lite meir opptatt av, er bunadsbruken. Dei fleste har tenkt over når dei ser for seg at stasplagget skal brukast. Dei er raske med å nemna 17. mai og konfirmasjonar som passande bunadsanledningar. Alexander, som valde dress, har òg meiningar om når det passar å bruka bunad:

Eg ville ikkje akkurat brukt det i eit bursdags-selskap, men det er nok for sånne høgtidelege dagar som konf og bryllaup og sånne ting der du skal stikka deg ut og visa for eksempel kva kommune du er ifrå.

Kameraten Marius, den einaste bunadskledde konfirmantguten i kullet, har si eiga oppskrift på når det passar med bunad: «Eg bruker han når mor bruker sin då. Sånn i dåp, bryllaup, 17.mai og konfirmasjon og sånn.»

Men trass i at det i grunnen ikkje er så mange anledningar for bunadsbruk, er dei fleste jentene ikkje i tvil – dei vil ha bunad.

Eg tenkte lenge at eg ikkje skulle ha bunad. Men så ombestemte eg meg då, fordi eg tenkte at «Jo, eg må jo ha bunad, det er så fint». (Miriam)

LITTERATURLISTE

- Garborg, Hulda. 1903. *Norsk Klædebunad*.
Garborg, Hulda. 1917. *Norsk Klædebunad – med 100 Bilæte og 8 fargelagde Mynsterteikningar av Halfdan Arneberg*.
Garborg, Hulda. 1914. *Valdrisbunad etter gamle mynster. I For Bygd og By nr. 23*.
Grude, J. 1908 [1976]. *Kulturhistoriske Skildringer fra det 19de Aarhundrede. Del 2*.
Haugen, Bjørn Sverre Hol (red.). 2013. *Norsk bunadleksikon. Alle bunader og samiske folkedrakter*.
Moe, Ann Kristin. 2014. *Broderde bunader. Hundre år med norsk bunadshistorie*.
Skre, Arnhild. 2011. *Hulda Garborg. Nasjonal strateg*.
Skre, Arnhild. 2016. *Etterord. I Garborg, Hulda. 2016. Norsk Klædebunad – med 100 Bilæte og 8 fargelagde Mynsterteikningar av Halfdan Arneberg*.

ANDRE KJELDER

- Helleve, Sofie
Spørjeundersøking av 9.trinn i Time kommune, gjennomført våren 2016
Intervju av konfirmantar, gjennomført mai/juni 2016, blant anna:
Hanna Friis
Ina Bransvik
Miriam Handeland Ree
Marius Rimestad
Oliwia Maja Oleszczyk
Rugile Sabonaityte
Alexander Risa Aasland



Et felles løft for framtiden

JEANNE DALBU

Samlingsteam Rogaland har i fire år arbeidd i lag med musea i fylket for å ta igjen det store etterslepet i gjenstandregistreringa. Målet er å få ei tilfredsstillande oversikt over samlingane ved de fem regionmusea i Rogaland og Norsk Oljemuseum. Artikkelforfattar Jeanne Dalbu gjev her eit innblikk i arbeidet og betydninga det har hatt for musea i fylket.

Samlingene i museene representerer på mange måter vår historie, kultur og identitet, noe som gir utgangspunkt for kontinuerlig fortolkning, kunnskap og glede, både for museumsansatte og publikum. Likevel er det slik at store deler av museenes samlinger ikke lenger befinner seg i utstillingsrom, men i lukkede rom og ute av syne for publikum. Denne utviklingen kan blant annet sees i sammenheng med at museene har bygd opp sine samlinger av tilfeldige gaver.¹ Ifølge museumsdirektør Lene Walle, har museene i Telemark museum tatt imot gjenstander uten å ha de nødvendige ressursene til å kunne ta vare på dem. Dette har ført til at stabbur og stuer har blitt fylt opp med gjenstander. Som følge av plassmangel og spredning av samlingene har museet mistet oversikten over hva de har og hva som er ødelagt.² Walle beskriver en situasjon mange museer kjenner seg igjen i.

Siden 1990-tallet har det blitt gjennomført flere store tilstandsundersøkelser ved norske museer.³ Felles for samtlige er at resultatene tegner et alvorlig bilde av samlingene. Først og fremst har plassmangel ført til overfylte oppbevaringslokaler og dårlige oppbevaringsforhold. Avisartikkelen «Museumssamlinger råtner» beskriver hvordan plassmangelen på Naturhistorisk Museum i Oslo påvirker samlingene.⁴ Museumsdirektør, Elen Roaldset, kan der fortelle om «øgler og andre verdifulle funn som oppbevares i containere.» Oppbevaringsforholdene blir beskrevet som så dårlige at museet frykter at store deler av norsk kultur- og naturhistorie kan gå tapt. Slik situasjonen er i dag har mange museer innsamlingsstopp, det vil si at de ikke tar inn nye gjenstander.⁵ Dette har flere

årsaker. En grunn er at museene ikke har plass til nye gjenstander. De har heller ikke fullgod oversikt over hva de har, hva som er ødelagt, hvor mye som er ødelagt og hvor «ting» ligger. Dersom denne utviklingen fortsetter, kan man risikere at museene ikke har gjenstander som er representative for vår tid. Å rydde opp i samlingene er kanskje museenes viktigste prioritering. For å møte disse utfordringene gikk fylkeskommunen i Rogaland i dialog med museene for å se om man kunne finne en felles løsning for museene i fylket.

I 2012 ble det etablert en arbeidsgruppe med representanter fra alle regionmuseene⁶ i Rogaland og Norsk Oljemuseum, under ledelse av Barbara de Haan. Arbeidet resulterte i en rapport som kom med klare anbefalinger om hvilke fagområder som burde prioriteres og styrkes i tiden fremover. Rapporten viste også at museene i Rogaland har et stort etterslep i registreringen av samlingene.⁷ At en gjenstand er registrert med enkel beskrivelse, dokumentasjon og plassering har stor betydning for hvordan den blir brukt i museet. Først og fremst sørger registreringen for at de museumsansatte finner gjenstanden, og den kan lettere brukes i formidling og som kilde i vitenskapelig arbeid. I tillegg er registreringen en viktig forutsetning for bevaringen av gjenstanden. På fagspråket kalles dette for gjenstandsregistrering og -katalogisering.

Ifølge «Regionalplan for museum» i Rogaland er prioritering og disponering av ressurser hovedårsaken til det store etterslepet i gjenstandsregistreringen. Museene uttrykker at det er vanskelig å få satt av ressurser til registrerings- og katalogiseringsarbeid. Under et møte i Norsk museumsforbund (2007) forklarer

direktør for Museum Stavanger (MUST), Ove Magnus Bore, at en av grunnene til at museene ikke har prioritert samlingsarbeid, er fordi de på 1970-tallet prioriterte det vitenskapelige arbeidet, mens fokuset de siste tiårene har vært på formidling. Dette har resultert i at samlingene og bevaringen av disse har måtte lide.⁸

Som følge av det store etterslepet i registreringen og bevaringen av samlingene ønsket arbeidsgruppen i Rogaland å sette i gang et skippertak for å løfte samlingene opp på et tilfredsstillende nivå. På bakgrunn av dette ble Samlingsteam Rogaland etablert i 2014 og inngår i dag som en del av fellestjenestene i Rogaland.⁹ I denne artikkelen skal vi se nærmere på hvordan Samlingsteamet arbeider, og hvilken betydning arbeidet har for museene i Rogaland.

ET MOBILT SAMLINGSTEAM

Samlingsteam Rogaland er et mobilt samlingsforvaltningsteam som i dag består av en prosjektleder og tre prosjektmedarbeidere. I et overordnet perspektiv representerer samlingsteamet fagdisiplinene: konservering, museografi og museologi. I Norge brukes konservatortittelen både om de som har utdanning innen humaniora og de med konserveringsutdanning. En konservator med konserveringsutdanning har kunnskap om hvordan forebygge eller aktivt beskytte og bevare museumssamlinger.¹⁰ Samlingsteamet består av to konservatorer med formell konserveringsutdanning, en med fordypning innen maleri konservering og en annen innen kulturhistorisk konservering. Konservatorene i teamet utgjør en nyttig ressurs, da ingen av museene i Rogaland har konservatorer med

konserveringsutdanning. Når det gjelder fagene museografi og museologi er det vanlig å skille mellom praktisk museumsarbeid og museal kunnskap. Det vil si at en museograf viser hvordan man registrerer en samling, mens en museolog spør hvorfor registrere samlingen.¹¹ Teamet har på den måten en variert ekspertkunnskap om hvordan man tar vare på museumsgjenstander.

Som mobilt samlingsteam skal teamet reise og arbeide på alle regionmuseene i Rogaland og Norsk Oljemuseum i perioden 2014 – 2019. Samlingsteamet har egen bil og kjører sammen, enten det er til Åmøy hvor teamet har sin faste arbeidsplass, eller om det er for å jobbe på et av museene. Målet er at alle museene blir besøkt i løpet av et halvår, og alle får tildelt likt timetall. De ulike prosjektene har en gjennomsnitts varighet på 3 til 4 uker. Fordelene med korte prosjektperioder er at museene ikke trenger å binde opp ressurser og lokaler over lengre perioder.

NYTT LIV TIL SAMLINGENE

Prosjekter som har som mål å forbedre samlingene blir kalt for revitaliseringsprosjekt.¹² Det handler hovedsakelig om å hente bortgjemte og uregistrerte gjenstander, gjøre dem tilgjengelig via samlingsforvaltningssystemet Primus, samt forbedre deres levetid ved å utføre ulike forebyggende tiltak. Samlingsforvaltningssystemet Primus er en database for registrering og katalogisering av samlinger, og er kanskje det viktigste verktøyet hva angår tilgjengeliggjøring, dokumentasjon og logistikk av samlinger. Alle museene i Rogaland bruker Primus. Ved å sette i gang

revitaliseringsprosjekter, vil museene i Rogaland få anledning til å få unna mest mulig av etterslepet i registreringene og bevaringene av samlingene. Arbeidet med å revitalisere samlinger, handler på en måte om å gi livet tilbake til gjenstanden.

Eksempel på revitaliseringsprosjekt kan være oppgradering av oppbevaringslokaler. I 2014 gjennomførte Jærmuseet en omfattende oppgradering av tre- og metallmagasinet på Vitengarden. Der ble blant annet den gamle innredningen byttet ut med et nytt rullearkiv. Magasinet ble tømt for gjenstander og det ble opprettet et revisjonsprosjekt av samlingene. Gjenstandene ble vurdert, registrert eller revidert i Primus, emballert og satt tilbake i ny og bedre orden. Dette arbeidet var et samarbeid mellom samlingsteamet og Jærmuseets ansatte. Dalane folkemuseum har det siste året fokusert på flere mindre revideringsprosjekt i magasin. Det innebærer å ta gjenstander ut av magasinet, registrere nye eller revidere allerede registrerte gjenstander, samt rengjøre, fotograferer, emballere og sette tilbake på magasin.

Det er museene som bestemmer hvilken del av samlingene det skal arbeides med, og på hvilken måte. I 2015 fikk samlingsteamet i oppgave å arbeide med byggetegningsarkivet til Stavanger Museum (MUST). Byggetegningene var rullet sammen i syreholdige pappruller, og kunne inneholde alt fra en til syv tegninger. Samlingsteamet fikk i oppgave å rulle ut tegningene, revidere registreringene i Primus, tilstandsvurdere og magasinere tegningene på en forsvarlig måte. Selv om hovedformålet med de ulike prosjektene er å få til mest mulig på kort tid, har samlingsteamet også arbeidet med prosjekter hvor det primære var å gå i

«dybden». Våren 2017 fikk samlingsteamet i oppgave å utføre et revisjonsprosjekt av lyktene som tilhører Haugalandmuseene. Revisjonsprosjektet var basert på metoden «Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger». Bakgrunnen for vurderingen var en Primus-revisjon av samlingen som også omfattet ny fotografering og en grundig tilstandsvurdering av hver gjenstand. I tillegg ble lyktene vurdert i henhold til prioritering til konservering.

I Rogaland skilles det mellom ulike samlinger; kulturhistoriske, naturhistoriske, kunsthistoriske, arkeologiske og farkoster.¹³ Av disse er det særlig kulturhistoriske samlinger som har mangelfull registrering. Disse samlingene er ofte varierte og satt sammen av forskjellige gjenstandstyper. Det kan være jordbruks-gjenstander, fiskeutstyr, skolemateriell, servise osv. Gjenstandstypene varierer derfor fra prosjekt til prosjekt. For eksempel kan samlingsteamet arbeide med jordbruksgjenstander fra Jærmuseet, mens et annet prosjekt kan dreie seg om gjenstander fra nyere tid, som for eksempel capser, flagg og plakater fra Norsk Oljemuseum.

Når museet har etablert et prosjekt ryddes det plass til samlingsteamet enten på museet eller der samlingen befinner seg. Arbeidsplassen kan derfor variere. Noen ganger kan samlingens størrelse og innhold føre til at samlingsteamet arbeider i utstillingen, eller i magasinet. I 2014 fikk samlingsteamet i oppgave å arbeide med samlingen på Hummermuseet på Kvitsøy. Der var de aller fleste gjenstandene utstilt, så oppgaven var å registrere, revidere og fotograferer samlingen i utstillingen. Museet var stengt for publikum i denne perioden.



1. Kate Newland fra MUST viser hvordan papprullen skal håndteres og åpnes uten å skade tegningene, MUST f.v. Kate Newland, Eirik Aarebrot, Gry Bang-Andersen, Alexia Rohmer Bonas, Lise Chantrier Aasen og Bèlen Hourcade. Foto: Jeanne Dalbu, MUST.

2. Lise og Eirik tilstandsvurderer to lykter fra Haugalandmuseene. Foto: Jeanne Dalbu, Haugalandmuseene.

3. Lise fotograferer Statoil flagg på Norsk Oljemuseum. Foto: Jeanne Dalbu, Norsk oljemuseum.





1. Per Inge holder et hvitt bakgrunnslerret slik at Eirik kan fotografere gjenstanden i utstillingen på Hummermuseet, Kvitsøy.
Foto: Jeanne Dalbu, Ryfylkemuseet.
2. Lise sorter gjenstander etter materialer før de plasseres tilbake i magasin, Dalane Folkemuseum.
Foto: Jeanne Dalbu, Dalane Folkemuseum.
3. Det nye rullearkivet i magasinet med gjenstander, Jærmuseet f.v Per Inge Bøe og Målfrid Grimstvedt.
Foto: Jeanne Dalbu, Jærmuseet.

Da samlingsteamet fikk i oppgave å montere ned en utstilling for Maritimt museum i Stavanger valgte museet en annen vri. Der ble den ene delen av utstillingen stengt av for publikum slik at samlingsteamet kunne montere ned, registrere og fotografere gjenstandene før de ble pakket ned og magasinert. Den andre delen var åpent for publikum slik at publikum kunne se og lese om arbeidet som pågikk i utstillingen.

Ved oppstart av et prosjekt blir de ulike oppgavene fordelt på arbeidsstasjoner. Vanligvis opprettes det fire stasjoner: rengjøringsstasjon, registreringsstasjon, fotostasjon og pakkestasjon. Hensikten med stasjonene er å sikre god arbeidsflyt og arbeide rasjonelt med de ulike oppgavene. Dette for å sikre god kontroll og oversikt over samlingen. Arbeidsformen minner om en produksjonslinje som følger samlebåndprinsippet.

GJENSTANDER PÅ SAMLEBÅND

I forbindelse med den planlagte Øglændutstillingen i 2018 på Vitenfabrikken ble det gjennomført et revisjonsprosjekt av sykkelsamlingen høsten 2017. Det var satt av 4 uker til Samlingsteam Rogaland, hvor målet var å:

- Rengjøre syklene for støv, smuss og rust
- Merke syklene med identifikasjonsnummer
- Revidere eldre registreringer i Primus, og etter behov opprette nye registreringer
- Tilstandsvurdere syklene i Primus
- Fotografere syklene
- Merke syklene med strekkode og gi dem plassering i magasinet

Med utgangspunkt i disse oppgavene ble det opprettet tre arbeidsstasjoner: rengjøringsstasjon, registreringsstasjon og fotostasjon. Arbeidsstasjonene vil bli gjennomgått nedenfor for å gi et innblikk i hvordan teamet jobber med samlingene.

RENGJØRINGSSTASJON

Rengjøring av gjenstander er et forebyggende tiltak hvor målet er å forebygge videre nedbrytning. Rengjøringsmetoden er basert på gjenstandens materialer, teknikk og tilstand. Samtidig er det viktig å være bevisst på at en rekke gjenstander kan være infisert med mugg, og deler av samlingene kan tidligere har vært behandlet med kjemiske midler som for eksempel insekticider. Ved slike tilfeller kreves spesielle tiltak ved gjenstandsbehandling.

Til sykkelprosjektet ble sykkelens estetikk, materialsammensetting og historie diskutert før den ble rengjort. Med tanke på sykkelens tilstand ble det tatt hensyn til hvor mye rust som skulle fjernes. Dersom det ble fjernet for mye rust kunne det forstyrre den estetiske fremtoningen. Det var også tilfeller der sølesprut ble tatt vare på som en del av sykkelens historie. Disse eksemplene belyser nødvendigheten ved å ha personale med variert fagbakgrunn, slik at rengjøringen ikke fjerner viktig spor fra fortiden, eller skader sykkelens helhet. Når sykkelens er rengjort og merket med identifikasjonsnummer, skal den registreres og katalogiseres i museets database.



Jeanne rengjør en DBS herresykel.
Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.



Når sykkelen er ferdig rengjort blir den merket med et unikt identifikasjonsnummer. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

REGISTRERINGSSTASJON

Registrering og katalogisering av gjenstander handler hovedsakelig om å gi en enkel beskrivelse som sikrer gjenfinningen og dokumentasjonen. Museene skiller ofte mellom minimumsregistrering og dybderegistrering. Med minimumsregistrering menes opplysninger som identifiserer gjenstanden, mens en dybderegistrering tar for seg gjenstandens kulturhistoriske bakgrunn, kontekst, datering, eierskap og lignende. For at en gjenstand skal ha en kulturhistorisk verdi for ettertiden må den ha et minimum med opplysninger.¹⁴ Det er særlig gjenstandens proveniens, det vil si opphavsplass, historie, bruk, eierforhold m.m, som gir gjenstanden kontekst, og som derfor kan avgjøre gjenstandens kulturhistoriske verdi. Med tanke på størrelsen på samlingene og ressursbruk i prosjektene er det mest hensiktsmessig for samlingsteamet å ligge mellom minimumsregistrering og dybderegistrering.

I forkant av sykkelprosjektet lagde Jærmuseet en liste med ulike punkter som skulle registreres. For eksempel skal sykkelens giver, rammenummer, produksjonsdato, produsent, merker/påskrift, teknikk og



Identifikasjonsnummeret skal merkes på en varig og diskret måte. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

materialer registreres i Primus. Basert på disse opplysningene, vil registreringene danne et godt grunnlag for senere dybderegistrering. I tillegg skal sykkelens tilstandsvurderes. I Primus gis sykkelens en tilstandsgradering fra 100 til 104, der 100 representerer Svært god og 104 Kritisk. Sykler som er i dårlig stand får en kommentar med beskrivelse og eventuelle forslag til behandling/håndtering. Det må her påpekes at registratorens bakgrunn og kompetanse påvirker hvordan gjenstander blir vurdert. Til dette prosjektet var det hovedsakelig konservatoren som vurderte syklene, men tilstanden ble diskutert i teamet før opplysningene ble lagt inn i Primus. Ved prosjektslutt ble det laget grafer basert på tilstandsgraderingene. På den måten får Jærmuseet en god oversikt over status og tilstand for sykkelensamlingen.



Når sykkelens er rengjort og merket skal den registreres i Primus med betegnelse, historikk, beskrivelse og plassering. Bilde av Jeanne som registrer herresykkelen i Primus. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

FOTOSTASJON

Når sykkelens er registrert og tilstandsvurdert i Primus skal den fotograferes. Ved gjenstandsfotografering er det viktig å dokumentere gjenstandens nåværende form, dens varemerke, stempel og skader. Det ble tatt ca. 15 bilder pr. sykkel. Hovedbildene viser sykkelens i fullskala, mens detaljbildene viser blant annet sykkelmerke, sete, ringeklokke, deksel, pedaler og hjuloppheng.

Etter fotograferingen blir bildene redigert og omnummerert. Denne delen av arbeidet er tidkrevende, da man ofte sitter med et stort bildemateriale. Når bildene er ferdig behandlet, legges bildefilene inn i Primus. I Primus har Jærmuseet muligheten til å vurdere og prioritere hvilke sykler som kan gjøres tilgjengelig på Digitaltmuseum. Digitaltmuseum er en felles nasjonal database for norske samlinger i kunst- og kulturhistoriske museer og er blant annet opprettet



Etter registreringen skal herresykkelen tilstandsvurderes. Sykkelens gis en tilstandsgradering fra 100 til 104, der 100 representerer best tilstand og 104 dårligst i Primus. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

som et tiltak for å vise frem gjenstander som ikke er utstilt. Denne delen av arbeidet inngår i det man kaller digitalisering av museumssamlinger. Ved å gjøre syklene tilgjengelig på Digitaltmuseum når de ut til en langt større brukergruppe. Samtidig skånes syklene for fremtidig unødvendig håndtering og slitasje.

Når sykkelen har vært innom alle arbeidsstasjonene, skal den merkes med strekkode og plasseres i magasinet. Etter fire uker har samlingsteamet, i samarbeid med Jærmuseets ansatte, rengjort, registrert, tilstandsvurdert, fotografert og magasinert nesten 200 sykler.

KOMPETANSESPREDNING

Det unike med prosjektet er at det er fylkeskommunen som finansierer stillingene i samlingsteamet, under forutsetning av at det enkelte museet yter tilsvarende tid og ressurser. Det vil si at det arbeidet som blir gjort av teamet gjøres sammen med ansatte på museene. Denne arbeidsmodellen har mange fordeler. Først og fremst gir den mulighet for et tettere samarbeid mellom samlingsteamet og de ansatte i museene, noe som blant annet hever kvaliteten i registreringene. For eksempel sitter museet ofte med den kulturhistoriske kompetansen om samlingene, mens samlingsteamet bidrar med bevaringskunnskap og praktisk kompetanse. Ved å gjøre ting sammen deles kompetanse og kunnskap slik at kvaliteten på samlingsarbeidet heves. Museene oppnår på denne måten like og kvalitetssikrede registreringer, samt lik vurdering av samlingene og større gjenfinning i samlingene. Tett samarbeid gir også mulighet til å utvikle felles og bedre rutiner på tvers av museene.



Når herresykkelen er registrert og tilstandsvurdert skal den videre til fotostasjonen. Bilde av Therese Espeland fra Jærmuseet som fotograferer sykkelen.

Foto: Jeanne Dalbu, Jærmuseet.



Når herresykkelen er rengjort, registrert og fotografert publiseres sykkelen på Digitaltmuseum.

Skjerm bilde: www.digitaltmuseum.no.

Selv om det for det meste er praktisk arbeid som utføres på museene, så har samlingsteamet også en viktig rådgivende funksjon. Teamet har bidratt innen spørsmål som; hvordan innrede et magasin, skade-dyrbekjempelse og klimakontroll i magasin. I tillegg holdes det interne kurs etter behov, for eksempel om forsvarlig pakking av tekstiler. En gang i året arrangeres det fagseminar for alle museene. Hensikten er å ta opp relevante problemstillinger innen bevaringen av museumssamlinger.

Fordelen med å konsentrere bevaringskompetansen i et mobilt team er at det blir en viktig fellesressurs for alle museene. Et godt eksempel er den omfattende magasinundersøkelsen i Rogaland som ble gjennomført av samlingsteamet i 2016. Målet var å få en samlet oversikt over bevaringsforholdene og eventuell restkapasitet for gjenstander i magasinene.

FRA PRAKSIS TIL UNDRING

Samlingsteamet har siden oppstarten i 2014 gjennomført over 40 ulike prosjekter på museene.

Revitaliseringsprosjektene har bidratt med å få unna en del av etterslepet i registreringen, og man ser et økt fokus på bevaringsarbeidet. Satsningen på Samlingsteam Rogaland har gitt gode og målbare resultater - over 40 000 objekter er registrert/revidert og katalogisert i perioden 2014 -2017. Fra et nasjonalt perspektiv blir fellesprosjektet omtalt som svært vellykket, og blir ofte trukket frem som et godt eksempel på hvordan man kan få til samarbeid på tvers av museene.¹⁵

Foreløpig er planen at Samlingsteam Rogaland skal videreføres som en permanent tjeneste for museene,



Revisjonsprosjekt av sykkelsamlingen på Jærmuseet, avd. Vitenfabrikken. Oversiktsbilde fra magasinet.

Foto: Jeanne Dalbu, Jærmuseet.



Internkurs på Dalane Folkemuseum. Eirik Aarebrot demonstrerer hvordan tekstiler skal pakkes.

Foto: Jeanne Dalbu, Dalane Folkemuseum.



Fellestjenestene inviterte alle museene i Rogaland til fagseminar om integrert skadedyrkontroll (IPM), mai 2017.

Foto: Jeanne Dalbu, privat.

men med en dreining mot konservering.¹⁶ Det betyr større fokus på forebyggende tiltak og behandlinger som skal stoppe nedbrytningsprosesser i gjenstander. Dette danner et vesentlig grunnlag for å utvikle en konserveringsplan for museene med oversikt over gjenstander prioritert til behandling. Neste fase av prosjektet bidrar med å sikre en forsvarlig bevaring av vår felles kulturarv. Fordelen med denne modellen er at det gir mulighet til å skape et sterkt fagmiljø innen bevaringen av museumssamlinger, samtidig som det setter søkelyset på en del spørsmål omkring museets rolle. Ved å flytte bevaringskompetansen til samlingsteamet tar man indirekte ut en oppgave som på mange måter definerer hva et museum er og gjør – nemlig samfunnsinstitusjoner som skal ta vare på vår kulturarv.

Selv om Samlingsteam Rogaland har gitt gode resultater, gjenstår det mye arbeid. Det er fremdeles et stort gjenstandsmateriale som ikke er registrert, og

som er oppbevart under dårlige forhold. Magasinundersøkelsen som ble gjennomført i 2016 viser at mange av magasinene i fylket er overfylt og tilfredsstillende ikke kravene som angår organisering og emballering av gjenstander. I rapporten gis det blant annet forslag om å fjerne gjenstander som er i så dårlig forfatning at de ikke egner seg til bruk i forskning eller utstilling. Denne problemstillingen er muligens mest aktuell for de største og mest plasskrevende gjenstandene. Å ta ut gjenstander fra samlingen går ofte under begrepene avhending og destruksjon. Spørsmålet om å avhende eller destruere gjenstander har de siste årene gjort seg gjeldende i det norske museumslandskapet. Avhending innebærer at museet tar ut en eller flere gjenstander fra samlingen og overfører gjenstanden til en ny eier som er bedre egnet til å ta vare på den. En destruksjon innebærer at gjenstanden blir fysisk ødelagt.¹⁷ Denne debatten har ført til behovet for metoder



Fellestjenestene i Rogaland 2017, f.v. bygningsantikvar Kirsten Hellerdal Fosstveit, fotoarkivar Madli Hjermann, fra Samlingsteam Rogaland; Eirik Aarebrot, Jeanne Dalbu, Kirsten Hetland og Lise Chantrier Aasen. Foto: Eva Lene Gilje Østensen, Ryfylkemuseet.

som kan veilede museene i vurderingen av samlingene.¹⁸ Spørsmålet er om en utvelgelses prosess som skissert ovenfor vil gjøre samlingene mer relevante eller bedre. Det gjenstår å se.

Gjenstandssamlingene i museene blir i denne artikkelen fremstilt som store, uhåndterlige og uoversiktlige. Et problem som må fikses. Mye av det samlingsteamet gjør handler nettopp om å fikse problemene. Samlingene er museenes viktigste ressurs, og man må ikke glemme at det er gjenstandsmaterialet som gir museet dets spesifikke karakter. Det vil si at

arbeidet som blir lagt ned i dag kan ha en stor betydning for hvordan vår tid blir tolket og forstått i framtiden. Veien videre bør derfor gi mer rom for spørsmål som: Hvor mye tid skal brukes på etterslepet? Hva er akseptabelt registreringsnivå? Finnes det andre måter å registrere og dokumentere gjenstander på? Hva er en god samling? Hva er en dårlig samling? Hvilke gjenstander skal ut fra samlingene? Hvor mye skal ut? Det er mange hensyn som må tas når museene skal planlegge for framtiden, men museene er på god vei.

LITTERATURLISTE

Bøker:

- Eriksen, Anne 2009: *Museum: En kulturhistorie*. Oslo: Pax forlag
- Eriksen, Anne 2013: *Utviklingen på museumsfeltet. Delrapport til Kulturutredningen 2014*. NOU 2013:3.
- Hernes, E. m.fl. 1995: *Trøndelagsundersøkelsen 1994-95. Museenes status og behov innen registrering og bevaring*. Norsk museumsutvikling. Skriftserie 4/95
- Maurstad & Hauan 2012: *Museologi på norsk*. Universitetsmuseenes gjøren. Akademika forlag
- Strømsnes, Astrid Margrethe 2003: «Slik er det med museer...» om museer og innsamlingsproblematikk. Hovedoppgave i kulturvitenskap. Universitetet i Bergen.

INTERNETTSIDER

- Aftenposten 15.03.2011: Samlingene smuldrer bort. Lastet ned: <http://www.aftenposten.no/kultur/Samlingene-smuldrer-bort-189906b.html> (Lest 07.06.2017)
- Bore, Ove Magnus 2007: En norsk revitaplan - hva vil museumsforbundet. Lastet ned: <https://museumsforbundet.no/arkiv/pdf/Revita-foredrag.pdf> (Lest 08.06.2017)
- Kulturrådet 2009: Vel bevart ABM-skrift #59. Lastet ned: <http://www.kulturradet.no/documents/10157/eea05e47-db8a-4fe2-a6d5-f2bc0465f8ab> (Lest 07.06.2017)
- Kulturrådet 2015: Retningslinjer for avhending. Lastet ned: https://issuu.com/norsk_kulturrad/docs/retningslinjer_for_avhending (Lest 07.06.2017)
- Kulturrådet 2016: Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger. Lastet ned: <http://www.kulturradet.no/documents/10157/0751c1a5-44ae-47cd-a282-c40d6c1afe9c> (Lest 08.07.2017)
- Kulturrådet 2017: Å rydde i fortida – for framtida. Lastet ned: https://issuu.com/norsk_kulturrad/docs/___rydde_i_fortida-web (Lest 08.06.2017)
- Museum Stavanger 2016: Plan for samlingsforvaltning 2016- 2021. Lastet ned: <http://www.museumstavanger.no/uploads/gallery/Samlingsforvaltningsplan-2016-2021-uten-vedlegg.pdf> (Lest 08.07.2017)

NRK 11.06. 2008: Museumssamlinger råtner. Lastet ned: <https://www.nrk.no/kultur/museumssamlinger-ratner-1.5960075> (Lest: 07.06.2017)

Rogaland fylkeskommunes kulturplan 2011: Regionalplan for museum 2011- 2014. Lastet ned: <http://www.rogfk.no/Planer/Kulturplaner/Regionalplan-for-museum-2011-2014> (Lest 08.06.2017)

Rogaland fylkeskommune 2017: Økonomiplan 2017- 2020. Årsbudsjett 2017. Lastet ned: <http://www.rogfk.no/Om-fylkeskommunen/OEkonomiplan> (Lest 07.06.2017)

Riksrevisjonen 2017: Riksrevisjonens undersøkning av digitalisering av kulturarven. Lastet ned: <https://www.riksrevisjonen.no/rapporter/Documents/2016-2017/DigitaliseringKulturarv.pdf> (Lest 07.06.2017)

NOTER

- ¹ Bore 2007, En norsk revitaplan - hva vil museumsforbundet? <https://museumsforbundet.no/arkiv/pdf/Revita-foredrag.pdf>
- ² Den 15. mars 2011 publiserte Aftenposten artikkelen «Samlingene smuldrer bort»: <http://www.aftenposten.no/kultur/Samlingene-smuldrer-bort-189906b.html>
- ³ Hernes, E. m.fl. 1995: Trøndelagsundersøkelsen 1994-95. Museenes status og behov innen registrering og bevaring. Norsk museumsutvikling. Skriftserie 4/95 https://books.google.no/books/about/Tr%C3%B8ndelagsunders%C3%B8kelsen_1994_95.html?id=LsnVjwEACAAJ&redir_esc=y
- Kulturrådet 2019, ABM skrift #59 Vel bevart: http://issuu.com/norsk_kulturrad/docs/vel-bevart?mode=window&backgroundcolor=%23222222
- ⁴ Den 11. juni 2008 publiserte NRK avisartikkelen «Museumssamlinger råtner»: <https://www.nrk.no/kultur/museumssamlinger-ratner-1.5960075>
- ⁵ Eriksen 2013:7
- ⁶ Regionmuseene i Rogaland inkluderer: Jærmuseet, MUST, Haugalandmuseene, Ryfylkemuseet og Dalane folkemuseum
- ⁷ De Haan 2012: Utredning av fellestjenester innenfor samlingsforvaltning for regionmuseene og Norsk Oljemuseum i Rogaland

⁸ Bore 2007, En norsk revitaplan - hva vil museumsforbundet?

⁹ Fellestjenestene tilbyr tjenester til de fylkeskommunalt støttede museene i Rogaland. Tjenestene er knyttet til forvaltning av samlingene, med fokus på foto, gjenstander og bygninger. Fellestjenestene er støttet av Rogaland fylkeskommune. Samlingsteam Rogaland ble opprettet som en fellestjeneste for regionmuseene i Rogaland og Norsk Oljemuseum i 2014.

¹⁰ Med utgangspunkt i ICOM sin definisjon:

http://icom.museum/fileadmin/user_upload/pdf/professions/frame_of_reference_2008.pdf , s. 19.

¹¹ Maurstad og Hauan 2012: 20

¹² De Haan 2012: Utredning av fellestjenester innenfor samlingsforvaltning for regionmuseene og Norsk Oljemuseum i Rogaland

¹³ Telemarkforskning 2016: 42

¹⁴ Strømsnes 2003:53

¹⁵ Riksrevisjonens undersøkning av digitalisering av kulturarven 2017:66

<https://www.riksrevisjonen.no/rapporter/Documents/2016-2017/DigitaliseringKulturarv.pdf>

¹⁶ Økonomiplan 2017- 2020. Årsbudsjett, 2017: 159

¹⁷ Retningslinjer for avhending, 2015: 12

¹⁸ Vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlinger, 2016: 5

¹⁹ Å rydde i fortida – for framtida 2017: 9



Garman og splitcanestengene

KNUT G. AUSTAD

Gjennom fleire tiår var heimen til Garman og Magnhild Holen ein kjend stad for mange fiskeinteresserte på Jæren. Ekteparet var utan tvil av dei fremste i sitt handverk: når det gjeld å byggja splitcanestenger. Magnhild var fødd i 1932 i Vikingstad i Torvastad kommune på Karmøy, Garman var fødd i 1927 i Holen i Time kommune. Dei busette seg i det som i dag blir kalla Kvålefeltet i Time kommune i 1957, og der hadde dei både verkstad i kjellaren og minkfarm i utkanten av tomta. Ein av dei mange fiskeinteresserte er museet sin pedagog, Knut G. Austad. Han såg at Garman og Magnhild hadde utvikla eit unikt handlaga produkt . Så han bad om lov til å dokumentera arbeidet deira gjennom intervju og videofilming. Det blei gjort vinteren 2000. Først nå, 17 år seinare, er materialet henta fram for å bli formidla gjennom denne artikkelen, i utstillinga «Smidd i tre» og i kortfilm på digitaltmuseum.no.

Alle foto som ikkje har nærare referanse, er henta frå videoen. Forfattaren er fotografen.

KVIFOR STARTA DEI Å BYGGJA SPLITCANESTENGER?

Fiskeinteressa var naturlegvis ein viktig grunn for å starta og driva med dette handverket, og Garman starta i det små tidleg. Gjennom krigsåra var det vanskeleg å skaffa fiskeutstyr, og då var ein utveg å laga det sjølv. Garman hadde gjennom heile sitt yrkesaktive liv arbeidd med maskinar i jærindustrien. Først arbeidde han hjå Tegle Maskinfabrikk AS, der han etter kvart blei verktøymakar, deretter var han verktøymakar hjå Kvernelands Fabrikk AS. Same stillinga hadde han også hjå Brødr. Søyland. Han avslutta yrkeslivet sitt i Jæren Friluftsråd som «altmoglegmann».

Magnhild batt også fluger som dei selde, og ho sydde også trekka til fiskestengene. Dottera til Garman og Magnhild, Randi, seier det greitt og kortfatta, «dei va begge flinke med hendene og dei va i lag alltid». Dersom folk ikkje visste namnet til Garman, blei han omtala som «han med kono».

Ein kan også leggja til at Garman hadde interesse for våpen, han dreiv med konkurranseskyting og var aktiv i både Time skyttarlag og Time pistolklubb. Litt rådyrjakt blei det også innimellom, og han var også medlem i Jæren Jakt og Fiske.

Det er ikkje masseproduksjon, heller ein småskala produksjon tilpassa etterspurnaden; slik omtala Garman Holen omfanget av sitt unike handverk, bygging av splitcane fiskestenger. Det var kanskje nettopp den haldninga til handverket og fritidsinteressa hans som gjorde at det var like gildt og interessant kvar gong eg kom innom heimen til ekteparet Garman og Magnhild Holen på Bryne for å samtala om fiske og ikkje minst

om fiskeutstyr. Garman gav seg god tid til oss fiskeinteresserte og forklara i detalj om splitcanestengene sine eigenskapar og om den omstendelege byggjeprosessen som ligg bak dette klenodiet av ei fiskestong. Splitcane betyr samanlima strimler av tre eller metall.

Garman og Magnhild reparerte også gamle fiskestenger. For folk flest er det vanskeleg å finna kyndige handverkarar som kan ta på seg slikt arbeid, og Garman skjønar godt at ein del folk ynskjer å få reparera gamle stenger. «Nokre vil bruke stanga, men vel så ofte ynskjer dei å ha stanga som eit minne etter ein som dei veit at brukte ho.»



Innskifta «G. Holen» og kva type stang er skrive på Garman sine stenger, i tillegg finn ein og namntrekka til den som skal ha stanga samt årstalet den blei laga. Legg elles merke til den jamne og tetteurringa med silketråd som festar ringen.

Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

Stengene blir laga i ulike storleikar, frå 6,5 fot og opp til 14 fot. Dei fleste av stengene er tredela, berre

dei minste er todela. Garman fortel at todela var vanleg før i tida då folk sykla når dei skulle på fisketur, det var praktisk å binda dei todela stengene inntil stanga på sykkelen. Etter kvart som folk bytta ut sykkel med bil når dei skulle på fisketur, blei dei todela stengene for lange i eit trangt bagasjerom, og så blei det meir vanleg med tredela stenger.

Når Garman skal forklara framgangsmåten ved å laga ei splitcanestang, er det spennande å høyra kva han tykkjer at er så spesielt med den. «Stanga har eit liv, ein personlegdom og ein spenst som ein ikkje får i dei moderne stengene som blir produsera i dag.» For å setja dette inn i ein større samanheng så har fiskestengene generelt blitt produsera i fabrikkar eigde av større firma. Det trongs så mykje kunnskap for å laga desse splitcanestengene, saman med spesialtilpassa maskinelt utstyr, at handlaga stenger var vanskeleg å få tak i. Det har berre vore nokre få nevedyktige personar, som sjølve rekna seg for amatørar, som har levera til ein liten «indre krets».

Spensten i ei splitcanestang ligg hovudsakleg i tuppen; ein må difor nytta ein annan kasteteknikk når ein kastar med ei slik stang samanlikna med dei moderne lette masseprodusera fabrikkstengene som dominerer marknaden i dag.

Gjennom 1990-talet merka Garman auka interesse for splitcanestengene; det blei ikkje slik som det ei stund såg ut til, at dei moderne stengene skulle ta over heile marknaden. Dei mindre eihand - stengene blir i hovudsak nytta til aure, dei større tohands til laks.

VERKSTAD

Verkstaden til Garman og Magnhild rommar det meste av maskinar, utstyr og reiskap som trengs for å laga splitcanestenger, og dei fleste av maskinane og utsty-



Malane som heng på veggen er mange og variera, rett mal til rett stang. I tillegg må malane skiftast etter kvart som dei trekanta spilene blir høvla ned.

ret har Garman bygd om og tilpassa for at stengene skal bli best mogleg. Arbeidsprosessen med ei stang går over lang tid, fleire dagar – avhengig av storleiken på stanga. Ein kan trygt avsløra at det er ikkje for pengane si skuld at Garman og Magnhild driv dette handverket, dei tek seg knapt nok betalt for alt av materiale som trengs til arbeidet. Alle stengene blir levera med ein ekstra tupp og futural. «Det er vanskeleg å seia kor

lang tid eg brukar på å laga ei stong, og eg har passa på å ikkje rekna på det heller for då kunne eg mista interessa for å laga stenger. Ein amerikanar som lagar stenger omtrent som eg, skriva at han rekna om lag to veker med arbeid for kvar stong.»

BAMBUS

Bambus er eit treslag med fleire sortar. Den sorten som Garman nyttar, heiter tonkin og blir importera frå Kina. Treslaget tonkin veks over store delar av Asia, men ikkje av den kvaliteten som Garman ynskjer, den er vanskeleg å få tak i fordi at den veks berre i nokre få provinsar i Kina. Det er gjennom ein importør frå Danmark at Garman får tak i den kvaliteten på tonkin som han ynskjer for sitt arbeid.

Samanliknar ein tonkin med vanleg bambus, er

skilnaden at bladfesta er ulike. Bladfesta til tonkin går mest ikkje ut samanlikna med bambus, og fibrane i materialet går praktisk talt gjennom bladfesta når den ytste delen blir slipa vekk. Det gjer at kvaliteten i materialet ikkje blir svekka med varsam sliping og pussing. Den eigenskapen har ikkje vanleg bambus, der går fibrane heilt ut i bladfesta. Ein kunne nok tru at desse bladfesta er eit svakt punkt i stanga, men ut ifrå dei testane som Garman har gjort, syner det seg at bladfesta ikkje er noko svakare punkt i stanga enn materialet mellom bladfesta.

BYGGEPROSESSEN

Arbeidet treng god planlegging for å velja ut og nytta emna best mogleg. Emna er kappa på 12 fot når Garman startar arbeidet. Stokken blir kappa i lengder



Garman gjer eit utval av emner som han vil arbeida vidare med.



Alle bladfesta blir forsiktig slipt bort.

avhengig av kor stor stanga skal vera, så blir bladfesta på dei kappa emna slipa varsamt ned med eit relativt grovt slipeband i starten. Før Garman held fram med det vidare arbeidet, bør ein leggja til at dei 12 fot lange emna har lege lagra i fleire veker i romtemperatur, men den tørkeprosessen er langt frå nok. Dei slipa emna blir så varma opp ved hjelp av ein gassbrennar til dei er «påskebrune», og gjennom den varmeprosessen trekkjer materialet seg veldig saman. Den fukta som då kjem ut, trekkjer ut gjennom endane som damp og delvis som dropar, og det seier mykje om kor tett den ytre emaljen er, når fukta ikkje trekkjer ut den kortaste vegen.

Varmeprosessen er svært viktig for å få fram dei beste eigenskapane til splitcanestanga. Varmen trekker i hop porene i materialet slik at det blir både hardare og meir spenstig, og det medfører at ein kan byggja tynnare enn om dei ikkje er herda. Omgrepet herding blir mykje bruka i byggeprosessen og god herding er eit resultat av rett varmebehandling. Ei herda stang har over tid mykje lettare for å halda seg bein, den er lettare og ikkje minst får ein mykje betre spenst og snert i stanga. Det som er utfordringa, som med så mykje anna materiale, er kor mykje skal ein herda. For mykje herdig gjer materialet sprøtt, og det går ut over brotstyrken.

«Når det gjeld herding, vurderer eg ut ifrå egne erfaringar saman med tilgjengeleg litteratur, og det er særleg ein amerikanar med namn Gallison som eg har støtta meg mest til, og mine erfaringar samsvarar svært godt med det han skrivar», seier Garman.



Garman nyttar gassbrennar til å tørka emnet av tonkin før det vidare arbeid. Frå før har emnet lege til tørk i fleire månadar i romtemperatur.

Når Garman varmar opp det runde emnet mot den opne gassflamma, fer har varsamt fram. Startar i den ein enden og rullar emnet rundt og flyttar flamma gradvis mot midten. Heile det området er no så varmt at ein kan ikkje ta i det, og ein ser korleis det dampar ut or endeveden av stokken. Etterkvart ser ein korleis den kraftige varmen får fukta til å drypa. Etter at den oppvarma delen av emnet har kjølt seg ned, snur han emnet og gjer likt frå den andre enden.

FARGEKODING

Etter at emna er ferdig tørka, står fargekoding for tur. Emna får sine egne fargekoder for at ein seinare i arbeidet kan finna att kva emne spilene kjem frå. Ei



Emna får fargekoding. Splitcanestanga er sett saman av seks delar, to delar skal koma frå raud fargekode og to delar skal koma frå grøn fargekode, i tillegg til ein tredje farge.



Spilene blir først splitta med kniv, Garman har så godt augemål og kjenner materialet så godt at splittingsa går så lett som ein leik.

splitcanestang har seks spiler, og to og to av spilene som ligg overfor kvarandre, skal vera frå same stokken. Dette blir gjort for å sikra best mogleg fordeling av spenst og styrke, og at den ferdige stanga held seg rett. Ein kan ikkje rekna med at alle stokkane i utgangspunktet er like harde i veden.

Seks spiler medfører at der er tre ulike fargar, men ein kan også berre ha to fargar. Då er der tre spiler frå kvar stокk, og likevel kan ein få kvalitetane likt fordela. Garman nyttar vanlegvis tre fargar.

SPLITTING

Splitcanestanga er bygd opp av seks likesida trekan-

tar frå ein ende til ein annan. Den hardaste delen av stokken, rotstokken, blir nytta til tuppen, altså den tynnaste delen av stanga. Rotstokken er den vanskelegaste delen av stokken å arbeida med, men den gjev det beste resultatet. Når ein startar med å splitta med kniv frå den eine enden, om lag 1 cm brei, vil splittingsa enda opp smalare i den andre enden, så snur ein stokken og splittar frå andre enden neste gong. I følge Garman merkar ein fort på stokken dersom kvaliteten ikkje er av beste slaget; den er ikkje så hard som den burde vera. «Merkar eg at kvaliteten er litt tvilsam unngår eg dei emna.»

Dei splitta spilene bli så spikka vidare med kniv for å få dei tilnærma 60 grader. Overflata blir ikkje gjort



Men litt spikking må til før spila blir lagt under høvelen.

noko med; det einaste ein gjer er at ein etter kvart stryk varsamt over med sandpapir for emaljen bør ikkje endrast. Generelt er kvaliteten i tonkien svakare til lenger inn i stokken ein kjem, påpeikar Garman.

FRESING

Garman har laga mange ulike malar for dei ulike emna som han har splitta opp. I tillegg har han bygd ein fres som er tilpassa det arbeidet som trengs for at dei splitta spilene får den trekanta forma som er naudsynt. Det første han gjer i freseprosessen, er å grovfresa emna. Malane er skrudde saman av to fjøler som er høvla i den eine kanten slik at når dei blir sette saman mot kvarandre, blir det høvla sporet 60 grader. I tillegg må malen kone på rette måten slik at stanga

smalnar og får den rette forma. Det medfører at Garman treng eit rikeleg utval malar slik at han kan skifta malar etter kvart som freseprosessen er i gang.

Det er mykje arbeid med malane fordi dei stadig endrar seg; dei må vera 60 grader. Han har difor i tillegg ulike malar av både tre, plast og stål for å kontrollere malane.

Garman forklarar at prinsippet med fresen som han har laga, er at bladfjørene pressar spilene ned i sporet på malen, ei fjør framom den vesle fine knivafresen og ei bladfjør bak. «Eg startar med å grovfresa bitane ned til ein dimensjon som er ein del større enn det dei skal vera, slik at eg har noko å arbeida med når det gjeld vinklar og for å få dei rette og symmetriske». Etter at spilene er grovfresa, må dei på nytt herdast, i ein varmeovn spesiallaga til det bruk. Det blir siste varmeprosessen dei må igjennom før spilene blir lima; etter herdinga blir dei på nytt fresa i den same maskina. «Det syner seg at det er viktig at dei blir lima. Etter herdinga fordi varmen pressar fram olje i materialen som vil øydeleggja for liminga.» Kvart splitta emne blir fresa 7 – 8 gonger.

VARMEKANAL / HERDEOMN

Herdeomnen liknar på ein varmekanal og er enkelt bygd i følge Garman. Det er ein nettingrull som er isolera med steinull. Inni er den dela horisontalt i to med netting mellom. I romet under nettingen er der eit røyr som er om lag to tommar i diameter med hol i sidene. Røyret er også forma av ein netting og så dekkja med aluminiumsfolie. Den er lett å stikka hol igjennom. Hola er størst ut i enden av røyret og så blir



Høvelen som Garman brukte har han tilpassa nøye, det som er viktig er at der er ei fjør både framfor og bak dei roterande knivane slik at spila ligg stabilt og roleg i malen når den blir høvla.



Spila ligg stødig i malen som blir ført under høvelen.



Malen har ein vinkel på 60 grader.



Etter at spilene er høvla blir dei surra saman med hyssing før dei skal igjennom ein ny tørkeprosess.

dei mindre og mindre framover. Det som gjev varme i denne varmekanalen er ein varmeluftpistol som blir putta inn i den eine enden av røyret som ligg i botnen av varmekanalen. Varmeluftpistolen er så kopla til ein termostat slik at ein kan kontrollere varmen. Garman ynskjer at temperaturen skal vera 176 grader i varmekammeret, men han legg til at det er delte meiningar blant stangbyggarane om den temperaturen. Nokre vil ha den opp mot 200 grader, men Garman tykkjer at mellom 176 og 180 grader er det ideelle.

Etter at emna er grovfresa, blir dei seks delane bunta saman med hyssing. No er det ikkje nøye med merkinga, men ein må passa på at emaljen ligg vendt ut. Grunnen til at spilene blir bunta saman før dei blir

lagt i varmekanalen, er at dei då får den rette stillinga gjennom herdingsprosessen, og det vil letta det vidare arbeidet fram mot ei ferdig og god stang. Fem buntar blir vanlegvis lagt til herding om gongen, og når dei ligg inne på rista, stappar Garman vanlegvis i ei fille for å tetta litt ekstra.

Kor lenge emna skal vera i den varmen, er avhengig av kor tjukke dei er. Her er det nok erfaringa som kjem til sin rett. Garman tek også og rullar litt på emna innimellom, og han let dei tynne tuppene ligge kortare inni enn dei tjukkare delane. Dei blir turka og herda i om lag 10 minutt etter at varmekanalen har kome opp i den rette temperaturen, men dei kan også liggja i 13 – 14 minutt. Temperaturen måler han i tre



Garman forklarar prinsippet med varmekanalen eller herdeovnen. Fleire termostatar og stoppeklokke er viktig for at resultatet skal bli optimalt.



Varmekanal sett frå enden, nettingrull som er isolera med steinull, horisontalt er varmekanalen delt i to. Emna blir lagt øvst og opninga dekt med ein dott steinull.



I andre enden av varmekanalen er det ein varmluftpistol som gjev den naudsynte varmen.

ulike punkt for å kontrollera at emna får jamn og rett varme, og for å vera på den sikre sida, snur han emna når halve tida har gått. «Truleg er det ikkje nødvendig, men det hadde vore leitt om herdinga skulle bli ujamn, der er så mykje betre sprett i stengene etter at me starta med denne herdinga i 1990/91.»

Grunnen til at Garman starta herdinga først då, etter 30 år som stangbyggjar, var at han kom bort i noko herda materiale, og at han søkte litteratur som omtala denne herdingsprosessen. Samanliknar ein emna før og etter herdinga, ser ein korleis materialet har trekt seg saman. Dei tynnaste spilene til dei minste stengene er så tynne ut i tuppen at det er vanskeleg å sjå, og dei delane er sjølvstakt den vanskelegaste delen av stanga å arbeida med.

LIMING

Limet som er å få tak i dag, er noko heilt anna enn det som var i bruk før i tida, og det lett å skjønna at sprekte splitcanestenger var eit problem som fiskarar sleit med då. I litteraturen finn ein at limet kunne vera ei blanding av hornlim og lakk, men at kvaliteten var dårleg. Garman fortel at han nyttar eit kvitt pulverlim som er veldig sterkt og vassfast og blir laga av Dyno fabrikk. Limet er tilsett herdar, og med det same pulveret får tilsett vatn, startar prosessen. Når det er rørt og blanda, skal det stå ei lita stund, og så bør det nyttast innan ein time.

Det er kona Magnhild som tek seg av liminga, det er ho som både limar, surrar ringane og lakkar stengene. «Hadde eg ikkje hatt hjelp av henne, hadde eg sett mørkt på at eg skulle vera åleine med alt.» No



Etter at emna er ferdig herda må spilene endå ein gong gjennom høvelen før ei seks trekantane kan limast saman. Her blandar Garman til limet før Magnhild tek seg av sjølv liminga.

skal det leggst til at det også i denne arbeidsprosessen med å lima dei seks likesida trekantane saman, har Garman laga seg ein enkel maskin slik at arbeidet går lettare.

Magnhild startar med å smørja limet på den tjukkaste delen på alle dei seks spilene. Etter at om lag 20 cm er smurt inn, legg ho dei seks likesida delane saman, fester hyssingen, snurrar stanga mellom fingrane nokre gonger slik at delane har sett seg for så å stikka den delen inn i maskina. Så losnar ho hyssingen ut i den enden som har halde spilene saman før liminga. Vidare går liminga fort. Ho stryk på rikeleg med lim, trør på ein pedal som får maskina til å snurra og surra dei limte delane saman. Samstundes passsar ho på at dei seks likesida trekantane ligg rett i høve til kvarandre. Dei lima spilene blir halde på plass av



«Limemaskina» er også Garman si oppfinning, enkel, men effektiv. Spilene blir lagt til rette i maskina slik at dei lima spilene får surra hyssing rundt frå ende til anna.



Her er Magnhild i gang med liminga og surring. Legg merke til at tjukkaste enden av stanga er festa i svinghjulet.

den surra hyssingen. Når hyssingen er surra heilt ut i enden, tek Magnhild og snurrar hyssingen tilbake att slik at det blir ei kryssurring. Hyssingen blir kapp og festa for hand.

Dei lima spilene må Garman kontrollere, og det må gjerast med ein gong før limet stivnar. Det ferdig-lima emnet blir aldri heilt beint, men det ordnar han ved å sikta nøye, rulla det ferske lima emnet mellom fingrane og trykkje litt hardt i lengderetninga på dei trekanta delane. Dette presisjonsarbeidet fører til at bøygen i emnet blir samla i den eine enden. Garman forklarar at ein må bøya motsett veg av det som er logisk å gjera, og sidan delane «flyt» om kvarandre, kan ein ikkje retta ut emnet som om det var ein ståltråd som skulle rettast.

Trass i Garman si varsame framtoning, må han innrømme at han er litt stolt av det knepet, det er ikkje



Den tynnaste enden av stanga er stukke inn i ein ring der den ligg og snurrar fritt.

så mange som får dette til. Mange har prøvd, men han legg til at «kanskje andre også hadde fått det til om dei hadde halde på med det i 50 år».

For at stanga skal bli bein og fin, blir rettinga gjort for hand, altså ein blanding av dei rette «knepa», godt augemål, følsam hand og røyndom, ikkje til å undrast over at desse stengene er noko meir enn ei vanleg fiskestang. Han har høyrte at stangbyggjarar har retta ut stengene mekanisk, men då kan ein ikkje strammaurringane så hardt, og stengene blir ikkje så sterke.

Dersom spilene har kome litt ut av stilling i limeprosessen, har Garman også eit «knep» for det; han legg emnet flatt ned på ei benkflate og kontrollerer nøye. Er dei ut av stilling, gjev han dei ein kraftig motvri. Får ein



Så fort Magnhild er ferdig med liminga tek Garman over det lima emnet. No er det viktig at dei seks trekantane spilene blir klemde, pressa og banka på slik at stanga blir heilt bein. Får ein ikkje gjort dette før limet festar seg blir det for seint. Biletet syner Garman der han nyttar augemålet og siktar etter kvart som han rettar ut stanga.

ikkje retta dei, blir det vanskeleg når ein skal montera bøypane. Han legg likevel til at om spilene ikkje er heilt



Ferdig lima emne. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

beine, så er det nok mest eit spørsmål om estetikk. Ser alt ut til å vera i orden, tek han enden av hyssingen, bind ei løkke og hengjer emnet på ein krok attmed omnen slik at limet får festa delane saman. I løpet av dei åra han har halde på, har han funne ut at høg temperatur, godt over romtemperatur, gjev både ei raskare herding og betre liming. Vanlegvis blir dei hengande over omnen 3 – 4 timar, men ein kan ikkje rekna med at det lima emnet er tørt nok før etter 3 – 4 veker.

HOLKAR BLIR TILPASSA

«Eg vil no laga den indre holken til dei 8,5 fot stengene som me held på med, og då har eg den ytre holken som den 8 mm indre holken skal gå inni.» Her er det fleire problemstillingar ein bør hugsa på. Når ei fiskestang skal setjast saman er det viktig at koplinga ikkje blir for rom, men den må heller ikkje vera for trong. «Eit

knepp me nyttar for å smørja hanholken litt, er å stryka den nokre gonger bak øyra for å få på litt smørefeitt før stanga blir sett saman.»

Utfordringa som Garman møter i dette arbeidet, er at der er for lite motstand i koplingane. For å justera dette problemet, må han strekkja den indre holken, og det gjer han ved å ta den butte enden av eit jernbor og slå det inn i den 8 mm tjukke holken som må bli eit lite grann tjukkare. Jernbor er veldig greie til slikt arbeid då ein kan få dei i alle aktuelle dimensjonar. Holken med boret inni legg han på ein liten ambolt og slår varsamt med ein hammar rundt heile holken. Garman set ein blå teip på boret slik at han veit kor langt inn holken må strekkast. Sjølv strekkinga går relativt fort, men det kan vera mykje arbeid med å fila, pussa og sikta slik at dei til slutt passar.

«Når eg no set holkane saman, går dei greitt i hop,



Garman nyttar ein liten ambolt når han skal tilpassa holken, for å utvida hoholken nyttar han eit bor med rette diameteren.



Holkane blir prøvd, vanlegvis må det både pussast og målast nokre omgangar før arbeidet blir godkjent.



Skal holkane bli gode og gjera nytten må ein vera svært nøyaktig, det er små marginar som avgjer om dei får passeleg diameter og lengd.

men eg må likevel strekkja den meir fordi eg må ha noko å pussa på.» Den strekte holken skal også kona litt, den måler 8,05 mm yst, om lag det same på midten og 8,1 mm inst. Det er vanskeleg å strekkja holken heilt jamn slik at Garman tek ei brei flatfil og jamnar ut

det som måtte vera att av slagmerke etter strekkinga. «Dersom eg ser at der er punkt som heng att etter at eg har fila, gjev eg dei litt ekstra strekking.» Slike detaljar er viktige for den praktiske bruken og for det visuelle inntrykket.

Holkane er hardtrekte messingrøyr som blir kjøpt i lengder frå 3 – 5 meter og med ulik diameter avhengig av kva stang ein skal bruka dei til. Garman fortel at røyra blir produsert i Tyskland med utruleg presisjon.

KORLEIS BLIR HOLKEN BYGD OPP?

Dette må Garman sjølv forklara. «Når eg har ein 9 mm røyr, same dimensjon som hoholken, så blir den sett inn på holken og lodda fast. Holken er då 1 mm mindre både utvendig og innvendig. Det resulterer i at stanga kan gå ut med same diameter på utsida som på innsida. Desse holkane som er dreia, blir så fila ned til omtrent null før den blir klypt opp i striper / tunger



Stang der holkane er sett på, legg merke til den «mjuke» overgangen mellom holk og stang. Enden av holken er splitta og lima og silketråden er surra og metta med lim. Hoholk til ventstre, hanholk til høgre. Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.



Magnhild tek av surringane når emnet er ferdig herda.

og fylt med lim(araldit), sett på stanga og surra med ein silketråd som er metta med lim. Då er det altså lim både på innsida og utsida av holken». Framgangsmåten er ikkje så lett å skjønna dersom ein ikkje har ei ferdig stang slik at ein kan fylja prosessen. Den splitta holken er metta med lim, og tungene blir med hjelp av silketråd surra og pressa hardt inn til treverket i stanga. Når alt dette blir låst i alt limet, blir det som ein holk det også. Likevel vil splittinga av holken, føra til ein mjukare overgang mellom treverk og holken. Ser ein nøyare etter på eldre splitcanestenger, legg ein merke til at der er gjort mykje rart omkring montering av holkar, og at dette har vore eit svakt punkt. Ein hadde både lite og dårleg lim, ofte blei holken festa med ein tynn spiker.

Røyrane som Garman nyttar til holkar er så lette og stive at det er vanskeleg å få kjøpt den slags ferdig. Dei holkane som ein får kjøpt, er tyngre. At hoholken



Etter at surringane er teke vekk legg Magnhild det ferdig lima emnet flatt på eit stabilt underlag og skrapar varsamt bort limet som har blitt pressa ut under limeprosessen.

har ein ekstra ring, er både for styrken sin del og for utsjånaden, elles ville den likna meir på eit røyr.

SURRINGANE SKAL AV OG LIMET PUSSAST VEKK

Det er Magnhild som tek hyssingen av dei seks spilene som blei lima dagen før. Ho legg stanga flatt på ein benk der ho nyttar ei skrape av hardmetall og skrapar av restar av det limet som er synleg. Det blir skrapa av så mykje av limet at det som måtte liggja att, forsvinn med finpussen. Då blir det først nytta eit ganske grovkorna sandpapir og deretter eit finare eitt.

Det er i hovudsak på bladfesta at limet har festa seg. Sjølve emaljen er så hard at limet festar seg lite der. Til slutt pussar Garman to gonger med stållull, den siste gongen er når han tilpassar ringane, før dei blir surra fast. «Då blir det alltid ein del fingermerke som bør strykast vekk.» Det er den første delen av stanga Garman arbeider med, det vil seia der handtaket etter

kvart skal monterast. På denne delen av den tredela stanga er der omtrent same diameter i begge endane.

HOLKANE BLIR SETT PÅ

Hanholken som skal stå på den midtre delen, skal vera 37 mm lang, Garman merkar av så langt inn på stanga som holken skal skuvast inn, han plar merka på tre sider. Hanholken på den yste delen av stanga er 4 mm kortare, grunnen til det er at stanga er tynnare ute i den siste delen. Det er truleg ikkje naudsynt at ein holk med så liten diameter treng vera så lang som dei med større diameter for å få fram dei gode eigenskapane i stanga.

Før holkane kan settast på, tek Garman ein skarp kniv og rundar av dei seks hjørna der holken skal skuvast på stanga, han skjer ikkje heilt rundt, men det er ikkje mykje om å gjera. Tonkin er som kjent ein svært hard tresort ytst ved emaljen, langt hardare enn vanleg tre. Holken blir fylt med lim, men den treng ikkje vera særleg rom av den grunn fordi limet bind like godt om det berre er ein tynn film rundt.

Når Garman er nøgd med tilpassinga av holk og stang, tek han ei spesiallaga saks med kort «kjeft» som bror hans lagde, og klypper opp tungar av den tynne delen av holken som skal surrast fast til stanga. Lengda på dei tynne tungene som blir klypte ut, varierer frå stang til stang, men utgangspunktet er at dei er om lag diameteren på holken. Om dei er litt lenger, gjer ikkje noko; overgangen mellom tre og metall vil uansett bli mjuk.

Maskinar og utstyr har Garman tilpassa sjølv, men



Når holkane er ferdig tilpassa blir dei splitta opp i den enden som skal monterast på stanga, dette gjer Garman for at overgangen mellom metall og tre ikkje skal bli eit svakt punkt på stanga.

ein maskin manglar han, og det er dreiebenken som trengs for å dreia holkane. Den maskina låner han hjå nevøen Jan Kåre Holen. Arbeidet er enkelt, men ein må ha eigna dreiebenk.

Etter at holken er splitta ferdig, blir han tredd på stanga, men ikkje festa. Først tek Garman og rettar ut tungene slik at dei ligg heilt klistra inntil treverket. Til det nyttar han holken på kniven. Han legg på godt med lim, meir enn det er plass til. Så passar han på å tetta med lim i enden (stuen) av veden slik at porene blir dekte og at fukt ikkje får trekt inn i stanga. «Eg nyttar alle dei små triksa som eg har lært meg gjennom åra.» Når holken er komen på plass, blir overflødig lim tørka vekk. Deretter er det viktig å stryka lim i enden av tungene på den splitta holken slik at tråden kan setja seg



Dei sekskanta hjørna på stanga blir spikka ned, smurt inn med lim og holken blir sett på.



Den splitta enden av holken blir så surra med silketråd og metta med lim.



I verkstaden har Garman ein vedovn som er varm heile tida når han arbeidar. Mykje av herdinga skjer på og rundt omnen. Her ser ein dei ferdig lima holkane som blir lagt inntil omnen, men me ser også at der er både metall og blikkboksar på omnen som blir nytta for å regulera varmen. Ikkje all herding skal ha like sterk varme.



Tredelt stang med holkar og surringar.
Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.

i limet frå starten av. No blir siste sjekk gjort slik at holken er beint sett på før den blir festa med silketrå, blå nr. 322. Tråden blir festa i dei splitta tungene for så å bli surra slik at den dekkar heile overgangen mellom treet og den splitta røyrforma holken.

Ein kan merka seg at når Garman surrar på tråden, held han tråden i ro og snurrar stanga rundt. Silketråden held han så stram at surringa pressar limet føre seg. Til slutt blir tråden kutta, og enden blir liggjande fast i limet. I tillegg stryk og arbeider han limet inn i heile tråden, «då blir silketråden omtrent som ei armering». Til slutt brukar han fingrane for å stryka limet fint rundt surringa, og så er det å setja den lima holken opp på ein snudd blikkboks opp på omnen i minst 30 minutt. Då er holken så varm at ein ikkje kan ta i den med berre hendene.

«Me har ikkje erfart at der er noko svakt punkt der

holkanen blir festa. Der var nok nokre stenger tidlegare der holken slutta beint og treet overtok slik at der kunne vera eit svakt punkt, men med den splittinga i enden av holken som me gjer, så blir overgangen mellom tre og metall veldig mjuk og forsiktig».

RINGANE

1,2 mm syrefast, rustfri og veldig stiv Tig sveisetråd tek Garman og surrar tett rundt eit bor som er festa loddrett i ei skruestikke. Tråden har han i ulike diamentrar avhengig av storleiken på stanga. Også til dette arbeidet nyttar han eit bor fordi at der er så mange diamentrar å velja blant. Når tråden er ferdig surra, liknar den ei stålfjor. Vidare tek han og strekkjer stålfjora ut så mykje at han får den opninga i fjora som han ynskjer, og dermed dei rette ringane. «Labbane» på ringane blir lagt mot eit ste og hamra ned mot null slik



Ringane blir lagt av ein stiv Tig sveisetråd. Tråden blir surra tett om ein bor med passe diameter.



Den surra tråden ser ut som ei stålfjor, den blir så strekt ut slik at han får den opninga i fjora som er ynskeleg.

at surringa passar. Toppringen kjøper Garman, men han må som oftast strekkja den holken også for å få den til å passa, slik han gjorde med dei andre holkane. Det hender også at tuppen på stanga må kuttast slik at alle delane i stanga blir like lange. Ein passar heller på at dei tjukke delane er lengre enn dei tynne, for dersom dei tynne stikk ut forbi Futteralet, er dei utsette for å bli brotne av.

Ringen blir lagt inntil stanga og surra fast med silketråd. Magnhild held tråden i ro og snurrar stanga slik at tråden ligg tett og hardt. For at surringa skal bli sterk, må tråden mot slutten bli tredd igjennom minst tre lykker. Då nyttar ho ein surrepinne som ho legg inntil stanga og snurrar tre gonger rundt den også. Deretter trekkjer ho den ut og stikk tråden igjennom dei tre lykkene og surrar til.

Stanga får også «pyntesurringar» som blir surra



Fjõra må strekkast såpass at ringane får stødige og lange nok «labbar».



«Labbane» blir harma ut på eit lite ste.



Ring med ferdige «labbar» klar for montering.

på same måten. Tuppen, som er både ring og holk i eitt, blir lima fast og silketråden festa i limet. Silketråden som fester dei andre ringane blir ikkje fukta med lim, men den blir innsett med lakk. Når ringen



Eit stort utval av silketråd. Silketråden blir brukt både til å festa og pynta ringar og holkar, samt til «pyntesurringar».



Magnhild siktar nøye når ho skal setja på ringane. Først festar ho den eine «labben», siktar inn den andre og fester den og med silketråd.

er surra fast i den eine enden, må ein sikta og justera den i høve til dei andre ringane slik at alle står på rett line. Surringa skal dekkja labben på ringen og helst eit lite grann ut forbi. Silketråden bør dekkja like langt på

begge sider av ringen. Ringane og surringane er veldig markera på ei splitcanestang slik at det er estetisk viktig å vera nøyen med det arbeidet.

HANDTAK

Handtaket blir laga av kork, også det blir kjøpt frå Danmark. Korken blir tredd på ein litt olja aksling med same diameter som stanga der handtaket blir montera. Korken blir tredd på akslingen med om lag 2 cm breidde og metta med lim mellom kvar bit som blir tredd på. Til slutt surrar Garman hyssing mot den siste biten, som dermed pressar alle bitane saman. Den lima korken blir sett inntil omnen i 2 – 3 timar. Ein kan merka seg at Garman er konsekvent med å nytta høg temperatur i limeprosessen slik at ein får både rask liming og god herding.



Garman trer korkbetane på ein olja aksling. I enden på kvar av betane er dei smurde inn med lim.

Den ferdiglima akslingen med kork set Garman inn i ein liten dreiebenk, der han startar å dreia med eit stykke grovt smergelpapir som han legg over ei flatfil.



Akslingen med dei ferdig lima korkbetane set Garman inn i ein liten dreiebenk slik at han kan få forma handtaket, som me ser nyttar han her ei flatfil.



Finpussen tek han med smergelpapir, grovt i starten og fint til slutt. Handtaket blir ikkje sett inn med olje.

Først blir dei lima skøytane slipt ned, og etter kvart startar sjølve utforminga av handtaket. For å retta opp endane, tek han vekk smergelpapiret og brukar berre fila. Vidare nyttar han eit finare smergelpapir som han berre held i hendene, og deretter eit enno finare for å gjera finpussen. Når korken er ferdig dreia og handtaket lima på, blir ikkje korken smurd inn med noko; det kan bli for glatt å halda i når ein fiskar.

Det ferdigdreia handtaket blir smurt godt inn med lim i begge endane, også det gjennomgåande holet i handtaket blir fylt med lim.

Snellefestet er av amerikansk fabrikat og blir lima på stanga. Det blir brukt rikeleg med lim, også i enden av stanga, for å hindra at fukta skal trengja inn i treverket. Likeins blir det lagt tjukt på med lim i overgangen



Når pyntesurringane og surringane rundt ringane er ferdige tek Magnhild ein pensel og lakkerar dei.



Magnhild nyttar ikkje pensel når ho lakkerar den ferdige stanga. Ho trekkjer på seg tynne hanskar og stryk oljelakken ut med fingrane.

snellefestet - kork slik at heller ikkje der kjem inn fukt. Frå gammalt av blei snellefestet, før dei hadde lim, berre festa med ringar som glei over korken.

Når snellefestet er kome på plass kjem ein viktig detalj, og det er å sikta inn snellefestet slik at snella blir montera rett i høve til ringane. Så er det ein ny tur med høg varme attmed omnen slik at liminga går fort og at herdinga blir god.

SIGNERING OG LAKKERING

«8 1/2 ` G. Holen 99» står det på den eine sekskanta spila attmed handtaket, på ein anna spile står det «Ola Normann». Signeringa er ein historisk dokumentasjon som gjer ei handlaga splitcanestang ekstra verdfull for

enkelte av oss, eit minne minst like mykje verd som det fiskeutstyret den er.

Når surringane er ferdige, tek Magnhild ein liten pensel og lakkerer dei. Lakken som blir nytta, er «vanleg» oljelakk, Scandia 3 – stjerner, den blir også nytta til sjølve stanga. Ho nyttar ikkje pensel når ho oljar stanga, men trekkjer på seg tynne hanskar og oljar med berre fingrane. Ein må olja raskt slik at oljen blir jamt stroken ut. Etter eit døgn får stanga eit strøk til, og då blir også maskeringsteipen fjerna frå holkane, og ringane blir reinska.

KJELDER

Garman Holen 1927 – 2015, *intervju og video Jærmuseet 2000*.

Magnhild Holen 1932 – 2011, *intervju og video Jærmuseet 2000*.

Randi Skjæveland 1958, *intervju, Jærmuseet 2017*.

Fritz Harald Halvorsen – *Om gammalt fiskeutstyr*.

Kjell W. Jensen *Sportsfiskerens leksikon, Kunnskapsforlaget, Oslo, 1984*.




Til venstre: Futteralet til stanga er det Magnhild som syr. Til høgre: Eit utval av Garman sine stenger. *Begge foto: Therese Espeland, Jærmuseet.*



Snellefeste

Håndtak






Foto: Therese Espeland, Jærmuseet.



Historia om utedoet

HANS TORGNY INDREBØ

Eit eige rom med vassklosett, dopapir og servant er det som er vanleg i norske heimar i dag. Utedo forbinder folk gjerne med hytteliv, sjølv om mange moderne hytter i dag har innlagt vatn og vassklosett. Men også utedoet slik me kjenner det, har ei kort historie. I denne artikkelen fortel Hans Torgny Indrebø om korleis forholda var, både på Jæren og andre stader før vassklosetta vart vanlege.

Me slår fast med det same: Vassklosetta i heimane på gardsbruka har ei svært kort soge. Det var utedoet i løa som var det vanlege. Men også historia til utedoet er ganske ny, berre frå kring 1850 eller yngre.

Når utedoet likevel får slik plass her, er det fordi historia om det på gardsbruka er i ferd med å verta gløymd. Kanskje grunnen til det er at doet og bruken av det eit stykke på veg er tabu. Det snakkar me ikkje om. Men me er nå ein gong skapte slik at me et og drikk, og det kroppen ikkje kan bruka, kvittar me oss med som avfallsstoff – lort eller skit. Det er likt for oss alle.

Men korleis har me menneske ordna oss med vårt eige avfallsprodukt? Ved sjølvsyn såg forfattaren for få tiår sidan personar i Indonesia sitja på huk ute i ei elv med bakenden godt under vatn. Det var ein grei måte å verta kvitt eige avfall på, vart eg fortalt, men det var ikkje like greitt for dei som budde i landsbyen lenger nede i vassdraget. Likevel verka det ikkje som dei brydde seg særleg mykje om det. For når det kom flytande eitkvart, kalla dei det for pisang goreng – steikte bananar. Dei kunne det med omskriving der òg. I Mali gjekk landsbybuarane bort i buskane i utkanten av landsbyen og ordna seg. Men då landsbyfolket under svolt- og tørkeperioden på 1980-talet ville ha mais, fekk dei utdelt mais som løn for å byggja seg ei latrine i landsbyen.

Eilert Sundt fortel i boka «Om Renligheds Stellet i Norge» at då han reiste omkring i landet kring 1850 og utover, var det vanleg at folk gjekk attom ei nov eller huka seg ned i utkanten av mittinga eller dungen.

Dersom det er eit menneske eller to som står i fåre for å tru om oss sjølve at me har vore så reinslege

gjennom tidene og at all hygiene har vore på topp her hos oss, så er det god grunn til å stansa opp og sjå seg over oksla. Ein kan berre nemna spyttebakkane som var plasserte omkring i skulestovene, i hus og heim, og det er ikkje så mange år sidan det var utedo på kvart einaste gardsbruk. Går me 60 år attende i tid, var vassklosetta like sjeldne på gardsbruka som utedoa er det i dag. Mykje har endra seg til det betre, og det at me er vortne meir reinslege kan me gje mellom anna vassklosetta mykje av æra for.

Historia til dei utedoa som det finst ulike slag av ved hytter og i fritidshus, får liggja til eit anna høve.



Det nye toalettet på Audamotland står så godt som på same staden som det gamle utedoet stod i si tid. Golvplankane i det gamle doet var så slitne og morkne at det var utrygt å gå på do der etter kvart. Foto: Håvard Tørresen, Jærmuseet.

KJÆRT BARN HAR MANGE NAMN

Kjært barn har mange namn, heiter det. Slik òg for doet – utedoet. I eldre offisielle skriv vert doet kalla

avlukke eller privét, men òg andre og lite fine namn har eg lese og høyrte om, slik som dass, skithus og litlahuset for å nemna nokre. Eg kvier meg for å skriva det, men når me skulle vera bråkjekke, så sa me ungane at me skulle på dridaren, men det vart ikkje tolt av dei vaksne. På landsbygda var det utedoet som var det vanlege avlukkete til langt-langt inn på midten av 1900-talet. Det var utedoet i låa, ved skulen, forsamlingshuset, ungdomshuset, kyrkje og bedehus, me var hjelpte med. Forres-ten, historikarane fortel at utedo, slik me kjenner det, vart først vanleg seint på 1800-talet her i landet. Første spirene til do var ein planke eller ei stong til å sitja på. Tenk det. Rett skal vera rett, det fanst nok det me vil kalla utedo i sorenskrivar- og prestegardane, og skysstasjonane var pålagde å ha det, men elles var det langt mellom dei.

Det var nærmast eit tabuord å seia dass då eg var gutunge, og ikkje tillate å seia skithus. Det høyrer ikkje med til god tone og folkeskikk i dag heller. Likevel høyrer ein når eitt eller anna tiltak ikkje vil lukkast: Det gjekk rett i dass. I klårtekst tyder det at tiltaket vart mislukka, det var berre å skrota det prosjektet. Ikkje sjeldan høyrer ein sagt: Det skit eg i, og ikkje stort betre: Det drit eg i. Anten det seiest på den eine eller andre måten, gjev det uttrykk for at saka det eventuelt vart snakka om bryr ein seg døyten om. I all hovudsak er det òg slik med det me kvittar kroppen vår med. Det har null verde for oss.

Når ein er saman med framande på ein ny plass og trongen for å stikka seg vekk melder seg, så spør ein ikkje etter do, men gir seg til å leita litt forsiktig

etter døra som fortel kva rommet attom vert brukt til, heilt til ein eller annan person anar kva som står på og kan rettleia. Er ein heilt i villreie og det står på, kan ein spørja etter wc. Me kjenner til uttrykket å tre av eller tre av på naturens vegne eller kanskje gjera sitt fornødne som kvar for seg eigentleg seier litt høgtideleg det same, men vert ikkje brukt til dagleg. Det er meir vanleg å seia at eg må på toalettet eller rett ut: eg må på do, og ungane har vel sagt at eg må eller eg må bæsja. Ingen vaksne seier eg må pissa i godt lag. Borna vert oppmoda til å seia tissa, sjølv om det er same gjerninga som skal utførast. Det er rart kva den eine bokstaven har å seia for om ein vert rekna som ein grobian eller eit vel oppseda og polert menneske. Ord og uttrykk me menneske brukar, vil ofte vera prega av kven me snakkar med. Mellom karane heiter det ofte at dei må slå lens eller miga. Det hende at det vart spørsmål etter vesle- eller litlahuset. Der- som ein var litt tilgjort, eller skulle vera løyen, kunne ein høyra at ein skulle late vannet eller urinere, men vert det uttrykket brukt til kvardags i dag? Det måtte i så fall vera for å fortelja at ein kunne bruka ordet og forsto kva meining det hadde.

Vassklosettet vert ikkje teke med her, einast måtte vera å nemna dei doa som vart plasserte over ein bekk eller på kaikanten.

DET EIN SÅG, SÅG EIN IKKJE

Historia til utedoet er som nemnt ganske ung. Når hus i gamle gardstun vert omtala og det vart nemnt namn på dei, vert ikkje doet nemnt – det er ikkje-eksisteran-



Utedoa på gardsbruket vart bygde inni eller inntil løa slik som her i Vistnestunet i Randaberg. Vi ser det vesle tilbygget til fjøset, som var doet. Foto: Erling Vistnes, Jærmuseet.

de. Historia slik me nå kjenner henne på gardsbruka, er ikkje stort eldre enn 150 år. Så kva gjorde folk for å letta trongen før den tid?

På kvart gardsbruk var det lenge ei mitting, ein gjødsel- og avfallsdunge. Der hamna slakte- og fis-

keavfall, og det som elles ikkje var etande og/eller skjemd. På same dungen vart nattpotta tømd, dersom det fanst eit slikt møbel på bruket. Ein tur bak fjøset, løa eller eit anna uthus, var og ei svært enkel løysing. Av praktiske årsaker kunne det vera meir enn ei mit-

ting plassert ved eit av gardshusa, gjerne ved fjaset.

Det var her folk huka seg ned. Når forretninga var ferdig, vart det hive på ein neve eller to med myrmold over visitten, slik hindra ein andre i å trø oppi. For å avslutta operasjonen vart det brukt mose, gras, pinne eller anna eigna materiale. Pinne vart brukt over heile Norden. Dopapir vart innført kring 1880.

Litt blygskap og sjenanse hadde forfedrane, fortel Eilert Sundt. Dersom ein kom uforvarande på ein person bak veggen eller møtte ein på vegen dit eller ifrå, var det ein uskriven regel at det ikkje vert helsa eller sagt noko. Det ein såg, såg ein ikkje.

«BERGA STIVITY OG HATTEN»

Mittinga vart ofte dekkja med myrmold, og like ofte vart det på sjøgardane kjørt på tare for å hindre lukta frå dungen. Sommarsdag med varme var mittinga ein flott yngleplass for fluger som fritt kunne surra inn i kjøken og stove. Sett med våre auge og med vår kunnskap om reinsemd, var det helst spinngale. Ei fylgje av det var dei smittsame sjukdommane som herja i bygdene på 1800-talet – sjukdommane folk den gongen med eit samlenamn ofte kalla nervefeber.

Mittinga på gardsbruket låg ofte greitt til mellom stovehuset og fjaset. Mittinga var der alt avfall av ulikt slag hamna. Myrmold vart kjørd på mittinga, og tare for dei som hadde tilgang til ei tarebru, i tillegg kom alt i fast form frå fjaset. I utkanten av mittinga vart gjerne litlahuset eller skithuset sett opp. Karl Hatteland fortel at litlahuset vart sett opp på ein trekasse, plassert nær mittinga. Den delen som ikkje doet skjulte, vart

dekt meir eller mindre godt. Når dokassen var full, vart innhaldet spreidd utover mittinga og spadd ned.

Slike dårleg dekte dokassar kunne vera reine fel-lene. Det hende ein gong det var bryllaup i garden og dans i tunet at ein ungdom trødde feil og datt ned i dokassen. Han ropte og skreik til dei andre: «Berga stivity og hatten!»

«AFLUKKE PÅ GAARDEN»

Det må vera rett å skriva av etter Eilert Sundt: «Der er faa ting i det ganske folkeliv, som har sat mig saa i forundring, ja som har i den grad vakt min uvilje og motbydelighed, som den sag, jeg gaar til at skrive om nu.» Sundt fortel at [i 1852] «paa almindelige bonde-gaarde manglede det Lillehus eller Veslehus som der



På 4H-bruket på Kvía er utedoet eit tilbygg på baksida av låa. Doet var ein einsetar. Foto: Hans Torgny Indrebø.



Baksida av utedoet på Kvía var heilt open. Her er det plassert ein stamp til å samla avfallet i. Då løa vart påbygd i 2015, vart denne opninga mura att. Foto: Hans Torgny Indrebø.

tales om; det var kun at see paa de faa eembets- og betillingsmænds gaarde samt ved skyds stationer ...» (Lom) Og han la til: «Men disse moralske, sanitære og økonomiske hensyn til sammen gjorde endda ikke saadant indtryk som selve synet, dette (tør jeg fortælle?), at naar et menneske gik hen bag en væg, saa – kom gjeterne efter og stod og ventede for at slikke

og æde det, som faldt!» Så langt Eilert Sundt side 260 i «Om Renligheds-Stellet i Norge».

TENK DEG ATTENDE TIL ...

I alle samfunnslag og i alle yrke må folk ha eit do. Lat oss ta ein kikk på koss det var under sesongfiskeria før i tida. Det kan gje oss eit glimt inn i historia som fortel oss korleis det har vore, og at det har gått framover.

Då skøytene fekk dekk og motoren i eit rom akter, var det plassert ei bøtte i motorrommet. Der kunne karane om bord stå og pissa usjenert, eller hadde dei eit anna ærend, så var det berre å huka seg ned. Innhaldet vart kasta til sjøs. Bøtta fekk namnet Siri, ei omskriving for dobøtte. Siri kunne ikkje skyljast medan skøyta var i fart. Det som kunne skje, var at bøtta vart fylt av sjø i farten, og han som heldt i tampen mista kjeraldet. Heldt han for fast, kunne han i verste fall hamna i sjøen sjølv. Det vart sett lite pris på at bøtta full av sjø slo inn i båtsida og laga sår i tre og lakk. Dersom bøtta gjekk tapt i eit forsøk på å gjera henne rein, vart det ei utfordring for neste besøkande i motorrommet.

Under sildefisket med uvêr og landligge var hamnane eit lite lysteleg syn, fortalde dei som opplevde det. Bøttene vart tømde i hamnebassenget. Går me attende til tida med opne sildebåtar med segl og årar til framdrift, hadde fiskarane større utfordringar for å stikka seg vekk for å gå på do. Fiskarane kunne ikkje setja seg på esinga, så løysinga vart å finna seg ein holme eller ei skjerma vik til det ærendet. Slike holmar finn me langs kysten med både Skitberget, Little Skitholmen og Store Skitholmen.

VISNES KOPARGRUVER

Torbjørn Brueland frå gamle Høyland kommune var på sildefiske vestanom Karmøy kring 1865. Han måtte finna seg ein stad for seg sjølv. Det var ikkje noko å bry dei andre med som drog garn, så han tok færingen og rodde i land i Grønneviken og drog båten godt opp etter seg så ikkje flosjøen skulle ta han. Då Torbjørn kom attende og skudde båten ut på sjøen, såg han at fjellet vart heilt blankt etter kjølen til båten. Den doturen til Torbjørn vart starten på eit av dei største industrieventyra i landet: Visnes kopargruver.

DØRA MED HJARTE

Utedoet på bygda fann me gjerne bak ei enkel, gisen dør i låa, dersom det ikkje var sett opp eit eige, lite hus, «litlahuset». Doet var eit rom utan isolasjon og svært ofte med god gjennomtrekk. Døra hadde ein krok eller ein slå på innsida, og av og til var det ikkje noka stengsle. Ville ein vera aleine, fekk ein setja foten framføre, viss ein hadde lange nok føter, vel å merka. Innanfor var det ein trebenk, passeleg høg til å setja seg nedpå, eitt hol og ikkje sjeldan to eller tre. Det minste holet var laga for dei yngste ungane i hushaldet, og det var så lite at dei ikkje skulle detta nedi. Det kunne vera langt ned.

Utedoet var gjerne bygt i nær tilknytning til fjoset og hevdalåa. Det var aldri vanskeleg å finne døra, sjølv om ein var i farten og i ytterste naud. Døra borte på løveggjen tala ofte med sitt tydelege - men stumme - språk: Hjarta oppe i døra.



Alle har bruk for eit do. Slik finn vi det i Knudaheio. På veggen bak skimtar vi eit portrett av Hulda Garborg pynta opp etablissementet. Foto: Berit Bass, Jærmuseet.

NYTT I TIDA

Yngre menneske er vane med at det er ein rull med mjukt tørkepapir ved setet. Papiret som vart brukt tidlegare, var litt spesielt, kan me trygt seia. Dopapir på rull slik som me kjenner det, var det ikkje. Det var



Her er eit eldre bilete av fabrikkjen på Kverneland. Heilt i høgre biletkant er det eit bitte lite hus med skråtak. Det vesle huset var doet for arbeidarane ved fabrikkjen. Det var plassert over bekken som rann ut i Frøylandsvatnet.

Foto: Fotosamling Kvernlands Fabrikk AS, Jærmuseet.

luksus. Me dreiv gjenbruk av papir. Avisene som ikkje var brukte til å kveikja opp med for å få torvet til å glø i omnen, gjorde teneste. Trikket for å laga seg eit godt tørkepapir, var å riva av eit høveleg stort flak og gni det godt mellom hendene for å gjera det mjukt før bruk. Papir frå vekeblad var ofte glansa og glatt og tjukt og lite eigna til bruken.

Løer har aldri vore vindtette og skulle heller ikkje vera det. Når vinden sto rette vegen og døra inn til hevdakjellaren heller ikkje var godt lukka, kunne det vera ganske god gjennomlufting av doet, og i verste fall sto trekken oppover. Det brukte avisapiret hadde vanskar med å detta ned etter bruken, kan mangein fortelja av erfaring.

HANDVASK

Det kunne nok variera med handhygienen etter eit døbesøk. Løedoet hadde ikkje rennande varmt og kaldt vatn, vaskefat, vaskefille eller handkle. Når ein kom inn i kjøkkenet i det gamle jærhuset, sto det i beste fall ei bøtte med kaldt vatn til å skyla av hendene over ein utslagsvask.

Ved den landsens folkeskulen eg gjekk på, hadde me utedo. Når me kom inn i gangen var det ein spring med kaldt vatn til å skyla fingrane i og eit handkle til å tørka seg med. Ved sida sto ei vassbøtte med ei ause. Me drakk alle av den same ausa når me var tørste. Så snart ein hadde drukke seg utørst på veg inn til time, fekk neste mann i rekka ausa og drakk. Det vart bråslutt på den ordninga med vassbøtte og felles ause då det vart difteri i ein av heimane i skulekrinsen. Då fekk me drikkefontene.

DET EINE SKRØMTET BIA`KJE PÅ DET ANDRE

For eit godt hundreår sidan og meir herja koleraepidemiane i landet, òg på våre kantar. Den eine epidemien var ikkje ebba ut før den neste slo til. Det er skrive at ingen annan sjukdom har sett slik fart i det førebyggjande hygiene- og helsearbeidet her i landet som desse epidemiane.

God handhygiene etter døbesøk er viktig, særleg ved handtering av mat. Her tek me berre med eitt døme på det. Me som er så gamle at me har handmjølka, veit at det var godt å vera mjuk og glatt i handa. Somme brukte å ta fingrane nedi skummet i mjølkebøtta for å fukta handa og fingrane. Ein spene som ikkje var rein

og ei skiten hand var gode smittekjelder. Det skulle ikkje meir til enn ein dråpe frå ei slik hand nedi bøtta med den varme mjølka før hundre og eitt var ute.

Då dei første meieria starta opp på slutten av 1800-talet, var det med eit einaste produkt: smør. Den skumma mjølka vart returnert upasteurisert attende til leverandørane. Så braut det ut koleraepidemi i leverandørkrinsen til eit av meieria på Jæren. Det let seg ikkje gjera å finna smittekjelda, for det var ikkje alltid gitt at produsenten sjølv var sjuk, sjølv om han var smitteberar. Den beste råda då var at all leveranse vart stansa for ei tid, slik det skjedde for kring hundre år sidan. Då pasteuriseringa vart innført, vart også smittevegen blokkert.



Tida har stått stille på mange vis i Vistnestunet. Her er ein tosetar, der sikkert mange har sete og hatt djupe samtalar.
Foto: Hans Torgny Indrebø.

SOSIALT SAMVÆR

To-setaren inviterte til sosialt samvær. Sjølv om lukta i desse gamle doa var ganske spesiell, hende det at opphaldet kunne dryga. Der kunne ein setja seg ned for ein prat. I mørke kveldar var det fint å gå over tunet i lag og setja seg ned. Mange av dei løedoa eg kjende, var ikkje utstyrde med straum til lys. Det vesle lyset som kom dit inn på dagtid, seiv inn gjennom hjartet i døra, eller ein kunne setja døra litt på gløtt. Somme let døra på vidt gap for å få lys nok til å lesa siste restane av den gamle avisa. Dei var der i lovleg ærend i den naturlegaste sak i verda. Så kvifor ikkje?

Når det ikkje var for kaldt, men godt dagslys, kunne det verta ganske triveleg. Var dei to, kunne ein ha konkurranse om å finna det lengste ordet i avisene som låg der til sitt bruk. Ein var ganske sikker på å vinna dersom ein fann ordet «høyesterettsjustitarius». I våre dagar kan ein løysa sudoku – så sant du finn ein utedo med avis og sudoku. Forresten finst det no dopapir på rull med sudoku på.

Ein stad var det hengt opp ein blyant og ei kladdebok – «Dobok» vart ho kalla – der gjestene vart inviterte til å koma med ei helsing eller skriva ned tankane dei gjorde seg medan dei sat og filosoferte. Invitasjonen til å skriva, tok fleire på alvor gjennom åra.

Nyhende og annonsar i avisene fekk ofte ny aktualitet der. Ja, ein gong odelsguten på garden var ute i lovleg ærend, fann han ei annonse ei ung jente hadde rykka inn. Ho søkte seg arbeid på gard. Mor hans ynskte seg hjelp i huset, og kontakt vart oppretta med Synnøve. Ho fekk først arbeid og seinare odelsguten,

Kjell. Ikkje berre det, men syster hennar, Maria, kom på besøk og drog av stad med ein yngre bror, Knut.

PYNT PÅ DO

Doet kunne vera pynta. På veggane var det hengt opp bilete frå aviser, men helst klypte ut frå vekeblad. Ikkje



«Utsmykkingen» av utedoet kan vera tilpassa naturen på staden, slik som her på eit utedo i Sirdalsheiene.

Foto: Anne Jorunn Frøyen, Jærmuseet.

sjeldan var det landskapsbilete og bilete av konge og kronprins med ektemakar som pryda.

Ein kan gjerne sjå på det som ei ulempe at ein måtte ut or den lune stova med torvvarmen frå omnen, gå ut i svarte natta med vind og snø, sluddbyger og holkeføre og frost. Friskt var det i alle fall, og det kunne vera ganske kjøleg vinters tid. Besøka fekk derfor ofte karakter av ein fransk visitt. Det var aldri snakk om oppvarming av etablissementet.

«DU ER KNUPPEN ...»

Det var lokk over do-hola, og på lokket var det eit handtak, ein knott, slik at lokket var lett å flytta. Det er herifrå me har uttrykket: «Du er knuppen» - og knuppen var forseggjort. Det var gjerne ein veldreia treknupp. Det var ikkje like enkelt å laga ein fin knupp, men ei tom trådsnelle av tre kunne også gjera teneste, for trådsneller fanst det alltid i heimane før i tida.

KAMPEN OM GJØDSLÅ

Det var liten tilgang på gjødsel i jordbruket på 1800-talet, også før den tid. Kulorten vart kasta ut gjennom moksterholet i fjoset og vart liggjande under open himmel, utsett for sol, vêr og vind og utvaska av regn gjennom året. Ein visste om verknaden av gjødsel, men tok ikkje konsekvensen av å ta godt vare på henne. Brennesle er ei plante som krev god jord og ein god vekseplass, og den fanst rikeleg ved mittinghaugen eller ved doet. Det er ikkje for ingen ting det heiter i minnebøkene: «Gje lukka må gro som graset bak do». Men i lange tider var det knytta sterke negative kjens-

ler til bruk av menneskegjødsel. Det har vore hevda at einskilde personar har sagt at dersom ein åker eller ei eng hadde vore gjødsel med mennekegjødsel, ville dei ikkje eta brød bakt av mjøl av det kornet som hadde vakse der eller drikk mjølka frå den kua som hadde beita der.

I byane var det utedo, kaggedo vart dei kalla. Gjødsel vart samla i kaggar, og gjødsel vart etter kvart verdsett. Bøndene kring byane henta gjødsel og spreidde henne over eng og åker.

«PRIVATLIVETS FRED»

Utedoet var eit veldig framsteg for folkehelsa, og større framsteg vart det då vassklosett vart montert i kvart hus. Dobesøka er nå privatiserte. Det er bare plass til ein person med gongen. Nøkkel og lås i kvar dør. Det gode drøset bak døra med hjarta i, dei sosiale samværa mellom generasjonane er vekke. Forresten så var det lydt, så ville ein føra ein samtale i trudom, var ikkje utedoet rette plassen.

EI HISTORIE

Eg har fått fortalt fylgjande historie av ein truverdig mann. Eg kan likevel ikkje gå god for sanningsinnhaldet i historia, men ho er god for det:

Den tilreisande predikanten på bedehuset vart innlosjert på ein gard ei veker tid. Det var i den tida at predikantane reiste omkring med båt- eller togskyss og vart henta på kaien eller togstasjonen. Det var ikkje tale om for han å reisa heim til kone og barn etter endt møtekveld.

Vår venn fekk greia på kva dør borte i løa han skulle sjå etter. Han kom seg inn. Såg etter krok, men nei, det var ikkje noko slikt. Han hadde ikkje før huka seg nedpå før han hørde kona på garden syngja ute i tunet. Lyden av henne kom nærmare og nærmare. Predikanten tok til å harka og hosta. Her var det om å gjera å få sagt ifrå at rommet allereie var i bruk. Det var til inga nytte. Døra for opp, og inn kom gardkjer- ringa. Ho letta på stakkane og sette seg nedpå. Dette var ikkje predikanten van med. Ho såg bort på ein for- legen predikant og sa: - Høyrer eg at predikanten er blitt forkjøla, kanskje?

Medan eg sat og arbeidde med dette stoffet, kom det melding på nyheitene at ein kar i Drammens-om- rådet hadde hamna nede i eit offentleg utedo. Kame- raten hans hadde mista mobiltelefonen nede i kaoset. Vår hjelpsame kar var den tynnaste i laget og sa seg viljug til å smyga seg ned og fiska oppatt telefonen. Det var berre det at han ikkje kom seg oppatt, men sto i møkk til knes. Han uttrykte etter at politi og brann- menn hadde fått han opp at det var ekkelt: Han måtte spy der nede.

Det er nemnt at dei første doa gjerne var ein planke eller ein stokk sett opp mellom husa. Stokken måtte plasserast så høgt over bakken at ikkje grisane som gjekk fritt under nådde oppi dei som sette seg der. Det var først seinare at doet vart eit lite, frittstående hus, «littlahuset» - eller bygt inn i løa. Somme stader vart doet plassert over ein bekk eller bygt hangande utover kaikanten, og me kan når me er litt romslege, gjerne seia at det var forløparen for vassklosettet.



Utedo var ikkje bare et bygdefenomen. Også i byane måtte folk gå ut for å koma på do før i tida. Det var før det vart lagt inn kloakk til dei fleste husa. Eitt av husa på Sandnes som hadde do i bakgarden var i Langgata. Her ser vi dottera i huset demonstrere doet. Før vassklosetta vart innførde, var dette eit ganske moderne avlукke.

Foto: Johannes Østvold, Jærmuseet.

Vassklosettet er egentleg inga ny oppfinning. Ein brite ved namn Harington har fått namnet sitt knytta til vassklosettet ved å laga ei innretning allereie i 1595. Arkeologane kan visa til at det fanst vassklosett i Egypt for 3000 år sidan og på Kreta for 4000 år sidan. Så me har kome etter i Noreg au.

Ja, tidene har endra seg og folk sine vanar med dei, men den naturlege trongen er like eins som før.

LITTERATURLISTE

- Alnæs, Karsten. 2001. *Historien om Norge. Mot moderne tider*
Sundt, Eilert. 1869. *Om Renligheds-Stellet i Norge*
Berg, Arngeir og Rune Ottosen. 2008. *Med hjerte i døra*
Torstenson, Inge. 1997. *Fra nattmann til renholdsverk*
Hatteland, Karl. 1955. *Um gjødsel og gjødselstrev på Jæren for 60 – 70 år sidan. I Sigurd Refheim(red.) Ætt og heim Rogaland historie- og ættesogelag, Stavanger s. 92-98.*

Forfatteromtalar

Ørjan Zazzera Johansen: f. 1974 i Stavanger. Oppvokst og busett på Bryne. Mastergrad i lesevitskap frå Universitetet i Stavanger 2010, forfatterutdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Litterär gestaltning ved Gøteborgs universitet. Har skrive boka Blod, svette og tåskudd om Rosseland Ballklubb og romanen Vent på meg, Diego. Formidlar og informasjonsansvarleg ved Garborgsenteret sidan 2011.

Per Inge Bøe: f. 1971 i Stavanger. Busett på Hundvåg. Hovudfag i historie frå NTNU Trondheim i 2002. Har skrive boka Frå Dalane til Amerika og bidratt med fleire historiske artiklar. Prosjektsjef ved Jærmuseet sidan 2017.

Ivar Hognestad: f. 1964 på Bryne, der han også bur. Han har utdanning frå BI og arbeider i oljebransjen med HMS og kvalitetsstyring.

Inger Lise Belsvik: f. 1961 i Sandnes. Busett på Bryne. Illustratør, grafikar og barnebokforfattar. Studerte illustrasjon ved Kingston University 1990–1991, grafisk design ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole 1991–1992, forfatterutdanning for barne- og ungdomslitteratur ved Norsk barnebokinstitutt 2006–2007. Har illustrert bøker av Arne Garborg, Arnljot Eggen, Rønnaug Kleiva, Eva Jensen, Rune Belsvik, Odd Nordstoga, Erna Osland, Olav H. Hauge, Halldis Moren Vesaas og Bjørn

Sortland m.fl. Kulturdepartementets illustrasjonspris i 1997 og 2004. To gonger gull i Årets vakreste bøker.

Jorunn Osland: f. 1978 i Stavanger. Oppvaksen og busett på Bryne. Utdanna lektor med mastergrad i nordisk frå Universitetet i Bergen 2007. Lang fartstid innan norskdomsrørsla, og då spesielt i Noregs Ungdomslag, der arva etter Hulda Garborg vert forvalta i dag, gjennom folkedans, - musikk og bunadsarbeid. Museumslektor ved Garborgsenteret sidan 2010.

Jeanne Dalbu: f.1984 på Lørenskog. Utdanna museolog frå Universitetet i Oslo 2012. Har skrive artikkelen Fel-

lesmagasiner – De nye forvalterne? i boka Museologer på museum. Prosjekteiar ved Samlingsteam Rogaland sidan 2017

Knut G. Austad: f. 1960, frå Bygland i Setesdal. Lektor, cand. philol., med hovudfag i historie frå NTNU, Trondheim 1996. Har arbeidd ved Jærmuseet sidan 1996. Undervisningsleiar med ansvar for Vitengarden og lokale anlegg.

Hans Torgny Indrebø: f. 1939 i Randaberg, busett på Nærbø. Pensjonert rektor og lærar. Har skrive ei rad lokalhistoriske artiklar.



HÅ KOMMUNE

Hå gamle prestegard
51 79 16 60

Hå gamle prestegard

Kunst- og kulturinstitusjon i eit tradisjonsrikt og verna anlegg. Anlegget er i dag arena for samtidskunst; både biletkunst, installasjon, skulptur, kunsthåndverk og kulturhistorie. Kafé med lokal mat. Utleigje av lokaler. Omvisning etter avtale.

Telefon: 51 79 16 60, E-post: post.hgp@ha.kommune.no, Ope: 1.september - 14.mai kvardagar kl. 11-15.

15.mai -31.august kvardager kl. 11-17. Heile året lørdag - søndag kl. 12-17



Obrestad fyr

Obrestad fyr ligg rett sør for Hå gamle prestegard. I fyrbygningen frå 1873 er det museum med faste og skiftande utstillingar. Dei tidlegare fyrboligene blir leigd ut året rundt til overnatting, møter, seminarer og selskap. Fyret er eit godt utgangspunkt for kortare og lengre turer langs havet. Sommarferien: Tysdag - søndag kl 12 - 17. Påske - 30. oktober kl. 12 - 17 Søndagar kl 12 - 17

Informasjon og utleie: Hå gamle prestegard. Tlf 51 79 16 60 leieObrestadfy@ha.kommune.no



Velkommen til Klepp

Tinghaug- Krosshaug – Dysjane

Tinghaugområdet har blitt omtalt som Et Akropolis på Jæren. Et område fult av fotspor fra farne tider, med hustufter, kross, hauger og navn. Her ligg Krosshaug, og det ringforma tunanlegget Dysjane og ca. 20 gravhauger. Parkeringsplass v/postvegen

Feistein Fyr

Fyret er tilgjengelig for besøkende i sommerhalvåret. Det er foreningen Feistein venner som er ansvarlige for Feistein. Foreningen har turer ut til fyret for egne medlemmer. For nærmere informasjon se facebooksidene til venneforeningen.

Steinstjerna på Sele

På folkemunnen også kjent som Dødssjødnø. Den ligger i eit område med fleire gamle graver. Stjerna har tre 10 m lange armer og er lødd opp av sjøsteinar. Freda i 1935. Adkomst fra fv 245, ta av til Rinda-vegen, følg denne til enden.


For meir informasjon sjå:
www.klepp.kommune.no



Randaberg kommune og Jærmuseet har en felles ambisjon om det maritime vitensenteret Vitenvågen i Tungevågen.

"Med utsikt mot havet skal Vitenvågen gi innsikt i livet langs kysten med formidling som vekker oppsikt."

Dette er vår visjon.





Sola kommune
Ansvar for hverandre

VELKOMMEN TIL OSS!



Flyhistorisk museum Sola

Åpent søndager mai – november kl 12-16
Skoleferien tirsdag – søndag kl 12-16



Rogaland Krigshistorisk museum

Åpent søndager mai – november kl 12-16



Kystkultursamlingen i Tananger

Åpent søndager mai-september kl 12-15

Opplev Time

I Time kommune kan du oppleve seks museumsanlegg og flere hundre fortidsminne



Sjekk www.time.kommune.no
for meir informasjon



Limagarden



Ta deg en tur til Limagarden i Gjesdal. Her er det kulturminner fra forskjellige perioder. Gården har vært der siden 1600. Inne i det bevarte heimehuset fra 1848 kan du se hvordan det var å bo der på den tiden. Forløpe i grindkonstruksjon er fra 1800 tallet. I nærheten finnes også et gammelt kvernhus, fornminnefelt og gode turmuligheter. Velkommen til Limagarden!

Åpningstider: mai-september: søndager kl 12 - 16; juli måned: tirsdag - søndag kl 12 - 16





Offentlig sektor i Innkjøpsassistanse Vest as (IAV) veileder kommuner og andre offentlige oppdragsgivere i anskaffelsesprosesser. Se www.iav.no

For Jærmuseet har IAV bl.a. bistått i gjennomføring av anskaffelsene:

Museumsmagasin – hhv grunnarbeider og hovedentreprise	Stall - totalentreprise
Produksjon og montasje Møbler & Innredning i Vitenfabrikken	Restaureringsarbeid - Audamotland







www.sibbygg.no

MESTERHUS – det blir som avtalt
www.mesterhus.no



Automation AS

**En total leverandør av
Automasjons tjenester.**

P.B. 508, Industrivegen2.
 Haaland 4349 Bryne.
 Direkte tlf. Tlf. +47 51770972
 E-Mail. ecs@ecs.as
 Webb. www.ecs@ecs.as

**GJØR HVERT MÅLTID TIL EN FEST-
ETTER DITT BEHAG**




KAFÉ JÆRBUEN



**Sandnes &
Jærbetong**



Nærbø Rør og Elektro

– det naturlige førstevalget



Magnar Eikeland

GODE
ARBEIDS-
PLASSER
LØNNER
SEG



PAUL
Aadnesen A/S

4365 Nærbø - Tlf. 51 43 35 16

Tore Vagle a/s

VERKTØY OG MASKINER

Langgt. 103 - 4306 Sandnes

Varhaug
Park & Hage



Montér Nærbø

Org.nr.: 937 420 153 MVA

Opstadvn. 3, 4365 Nærbø

Tlf. 51 43 30 88 - Fax 51 43 39 15

R Haugseng
Nærbø

Alt innen arbeidsklær og verneutstyr



BRYNE KRO & HOTELL

- det lille ekstra

Kro, selskaps-, kurs- og konferanselokaler

Moreneløret 3,

P.O. Box 420, N-4341 Bryne.

Tel.: 51 77 75 00

Fax: 51 77 75 50

E-post: post@bryne-kro.no

Internett: www.bryne-kro.no



Vi utfører:

- Ledningsanlegg • Veibygging • Boligfelt • Idrettsanlegg
- Kabelgrøfter • Tomte-/grunnarbeid • Graving
- Sprengning • Transport • Planering/asfaltering
- Belegningsstein • Riving • Skilting/veimerking
- Oppmåling/Masseberegning

Rygg Maskin A/S

Tangen 2A 4070, Randaberg • Tlf. 51 73 33 10
E-post: post@rygg-maskin.no • www.rygg-maskin.no

Prosjektering og prosjektadministrasjon

ALC
Byggtekniske rådgivere

ALC er et rådgivende ingeniørfirma innen byggeteknikk og prosjektadministrasjon. Våre kunder er private og offentlige byggherrer samt totalentreprenører, hovedsakelig i Sør-Rogaland. Vi er rådgivere i videste forstand, og en av våre sterke sider er å se muligheter og komme med innspill tidlig i prosjektet.

ALC har oppdraget med totalprosjekteringen av det underjordiske magasinet til Jærmuseet/Vitengarden.

NÆRINGSBYGG



Depro kombibyg

SKOLE/BARNEHAGER



Haugland gardsbarnehage

PRIVAT



Privat hytte

KJØPESENTER



Maxi Kjøpesenter

LEILIGHETSPROSJEKT



Serigstadparken

Engelsvollvegen 264, 4353 Klepp Stasjon // Telefon: 51 78 82 40 // E-post: post@alc-as.no // www.alc-as.no

slappes



4048 Hafrsfjord, tlf. 51593210



VIGRESTAD BUSS

4362 Vigrestad, tlf. 51 43 78 00

La oss ta hånd om dine turer i inn- og utland

Vi skreddersyr den turen du ønsker og tar hånd om all planlegging, bestilling, fakturering, program, brosjyre, profesjonell reiseledelse og gjennomføring. Buss og/eller fly, vi har alternativet.

Vår sterkeste side er:

Kvalitet gjennom hele turen



RISA
EKTA VARE: Risa AS er en av landets største anleggsentreprenører. Vi har høy kompetanse på utbygging av infrastruktur for vei og energi, grunnarbeider for bolig og næring samt drift og vedlikehold av veier.

FABER
BYGG A.S.



Vi bidrar til å gjøre Jæren enda stødigere.

I over 30 år har Jærentreprenør vært en attraktiv totalentreprenør for jærboer som vil bygge kontorbygg, lagerbygg eller boligblokker. Vår posisjon er bygget på tillit, soliditet og lokal forankring.

Jærentreprenør har rundt 80 ansatte. Stedige medarbeidere betyr alt, enten de jobber med sag og hammer, sitter bak skapene eller foran datamaskinen. Det som er felles for dem alle, er innstillingen og lagånden. Slikt skaper sterke lag – og gode resultater for alle parter.

Visjonen vår lyder slik: "Vi skal være kjekkest å være sammen med". Det kan høres banalt ut, men for oss er det alvor: Våre kunder skal oppleve at vi er positive, driftige, skikkelige, og tøffe. De skal møte humor, arbeidvillje, ryddighet og ærlighet. Vi skal rett og slett skille oss ut, gi noe mer.

Vi har hovedkontor på Varhaug, men påtar oss oppdrag over hele Jæren. Betongdelen av anbudene utfører vi i egen regi. Resten blir gjort av håndplukkede partnere som vet hvilke krav vi stiller – og som innfrir dem.

Går du med byggeplaner, så husk å notere Jærentreprenør på blokken. Vi er klar til å gjøre planene dine virkelige!

Jærentreprenør

En stødig samarbeidspartner

Det Jærske Kjøkken
DET JÆRSKE KJØKKEN



JÆREN HOTELL



NYBYGG - REHABILITERING - INNREDNINGER - TEGNETJENESTER

www.s-undal.no



Tidligere Hå Regnskap as

jæren
everk



WACO

Forsikringsmegling as



coop

Brusand

4363 Brusand

Åpningstider:

Mandag - Fredag 09.00 - 20.00 (Lager 09.00 - 16.00)

Lørdag 09.00 - 18.00 (09.00 - 13.00) Lager

Telefon 51 43 91 12 - Telefax 51 43 93 81



ExxonMobil

Energy
lives here

www.exxonmobil.no



**Felleskjøpet
Rogaland Agder**

Canon



Jærmuseet – møtestad mellom natur, kultur og teknologi

Regionmuseum for Jæren, skipa i 1985 av kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Frå 2003 regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

JÆRMUSEET

2017

ÅRBOK FOR JÆRMUSEET

Jærmuseet, Postboks 250, 4367 Nærbø

Tlf. 47 77 60 20

E-post: post@jaermuseet.no

Museet har driftsansvaret for følgjande anlegg i dei sju jærkommunane: Vitenfabrikken (Sandnes), Vitengarden, Grødaland og Varden sjøredningsmuseum (Hå), Garborgsenteret, Knudaheio og Garborgheimen (Time), Tungenes fyr og Vistnestunet (Randaberg), Rogaland Krigshistoriske museum og Flyhistorisk museum (Sola), Limagarden (Gjesdal) og Haugabakka (Klepp).

I tillegg oppsøker Jærmuseet sitt «vitensenter på hjul», Science Circus, skular i heile Rogaland.

ISBN 978-82-90929-44-7



9 788290 929447

